

Bygdas beste menn?

Ei studie av bondeeliten i Sogndal prestegjeld
1647-1707

Bodil Marie Nornes
Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Universitetet i Bergen
Våren 2011



Føreord

Arbeidet med denne oppgåva har vore interessant og lærerikt. Eg vil først og fremst takka rettleiaren min, John Ragnar Myking, som gjennom heile prosessen har hatt tru på prosjektet mitt, og komme med fornuftige innspel. Eg vil også takka deltagarane på masterseminaret som har hatt kritiske blikk og komme med gode forslag til manuskripta mine.

Eg vil også takka gamlelæraren min, Anders Timberlid, for støtte og oppmuntring, når eg har stått fast. Ei takk til Johannes og Berit som er slektsekspertar, og Rigmor som har lese mykje korrektur. Ei takk til også til alle andre eg har masa på, både på Statsarkivet og Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteka i Sogndal, både i Fjøra og Kulturhuset.

Ikkje minst vil eg takka Eli og Helge i Bergen som har stilt ”jomfruburet” fritt til disposisjon, der eg har komme og gått som eg vil.

Fardal mai 2011.

Innhold

Føreord	2
Kapittel 1. Innleiing.....	7
1.1 Tidlegare forsking	7
1.2 Problemstilling	9
1.3 Teori	10
1.4 Avgrensing i rom og tid.....	12
1.5 Økonomiske variablar	14
1.5.1 Landskyld	14
1.5.2 Jordegods i bondeeige 1647-1666.....	16
1.5.3 Skog- og sagbruk.....	17
1.5.4 Nettoformue.....	18
1.6. Verv.....	19
1.6.1. Lagrettemenn.....	19
1.6.2 Bondelensmenn	20
1.6.3 Kyrkjeverje.....	21
1.6.4 Kjelder til verv og ombod	21
1.7. Giftarmålsmønster	22
Kapittel 2. Økonomiske variabler.....	26
2.1.1 Landskylda i skattematrikkelen 1647	26
2.1.2. Landskyld 1666	28
2.1.3.Oppsummering	31
2.2.1 Bondegods i Sogndal prestegjeld før 1647.....	31
2.2.2. Bondegods 1647	32
2.2.3 Landkommisjonen 1661	34
2.2.3 Jordeige utafor prestegjeldet.....	35
2.2.4 Oppsummering	37
2.3.1 Skog- og sagbruk.....	37

2.3.2 Sagbruksnæringen første halvdel av 1600-talet.....	38
2.3.3. Sagbruksnæringen fra 1660 fram mot 1680 åra	43
2.3.4 Omveltingar i sagbruksnæringa på slutten av 1680-åra.	44
2.3.5 Korleis var økonomien for gardbrukarane som åtte sager?.....	46
2.3.6 Verdien av sagbruka?	48
2.3.7 Oppsummering	49
2.4. Formue	49
2.4.1 Norum skipreide 1666-1748.....	49
2.4.2 Sogndal skipreide	51
2.4 3 Oppsummering	53
Kapittel 3 Verv	54
3.1 Lagrettemenn.....	54
3.1.1 Lagrettemenn 1648-1654 i Norum skipreide.....	54
3.1.2 Lagrettemenn Sogndal skipreide 1648-1654.....	55
3.1.3 Norum skipreide 1663-1687.....	56
3.1.4 Sogndal skipreide 1663-1687	58
3.1.5. Norum skipreide 1688- 1707.....	60
3.1.6 Sogndal skipreide 1688-1707	62
3.2 Bondelensmenn	65
3.2.1 Sogndal skipreide.	67
3.3 Kyrkjeverje.....	68
3.3.1 Stedje kyrkje.....	69
3.3.2 Kaupanger kyrkje	71
3.3.3 Ølmheim kyrkje.....	71
Kapittel 4. Samanfall mellom økonomisk og sosial elite	73
4.1 Økonomisk elite og verv og ombod	73
4.1.1. Norum skipreide 1647-1707.....	74

4.1.2. Sogndal skipreide.....	79
4.1.3 Skog og sagbruksdrift og offentlege verv.....	82
4.1.4 Oppsummering og konklusjon	83
4.2 Sosial elite og økonomiske variabler	83
4.2.1 Norum skipreide 1647-1654.....	84
4.2.2 Norum skipreide 1663-1707	85
4.2.3 Sogndal skipreide 1647-1654	88
4.2.4 Sogndal skipreide 1663-1707	89
4.2.5 Oppsummering og konklusjon	90
4.3 Dei som peika seg ut med særleg høg økonomisk og sosial kapital.....	91
4.3.1 Norum skipreide 1647-1707	91
4.3.2 Sogndal skipreide 1647-1707	92
4.4 Slektskap	93
4.4.1. Slektskap mellom bondeeliten i Norum skipreide 1647-1707	94
4.4.2. Slektskap mellom bondeeliten i Sogndal skipreide 1647-1707	99
4.4.3 Oppsummering	104
Kapittel 5. Oppsummering og konklusjon	106
Det øvre økonomiske sjiktet.....	106
Det øvre sosiale sjiktet	108
Utrykte kjelder.....	112
Digitalarkivet.....	113
Indre Sogn sorenskriveri.....	114
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	114
Sogndal bibliotek.....	114
Trykte kjelder	115
Riksarkivet	115
Litteraturliste	116

Vedlegg 1: Landskyld Norum skipreide 1647.....	122
Vedlegg 2: Landskyld 1647 Sogndal Skipreide	124
Vedlegg : 3 Landskyld 1666 Norum skipreide.....	126
Vedlegg: 4 Landskyld 1666 Sogndal skipreide	129
Vedlegg 5: Jordeige i prestegjeldet 1647	132
Vedlegg 6: Landkommisjonen 1661 Sogndal prestegjeld.....	133
Vedlegg 7: Jordeige utafor prestegjeldet.....	134
Vedlegg 8 :Bondeskifte med nettoverdi Norum skipreide 1666-1748.....	135
Vedlegg 9: Bondeskifte med nettoverdi Sogndal skipreide 1666-1748	140
Vedlegg 10: Lagrettemenn Norum skipreide 1648-1654	145
Vedlegg 11 : Lagrettemenn Sogndal skipreide 1648-1654	146
Vedlegg 12: Lagrettemenn Norum skipreide 1663-1707	147
Vedlegg:13 Lagrettemenn Sogndal skipreide 1663-1707	149
Vedlegg 14: Kyrkjeverje Stedje kyrkje 1667-1707	151
Vedlegg 15: Kyrkjeverje Kaupanger kyrkje 1667-1707	152
Vedlegg 16: Kyrkjeverje Ølmheim kyrkje 1667-1707	153
Vedlegg 17: Bondelensemenn Sogndal prestegjeld ca.1600- 1800.....	154
English abstract	156

Kapittel 1. Innleiing

På 1600- og 1700 talet var jorda ein viktig ressurs. Konge, kyrje, stat og stormenn bygde opp maktposisjonar ved hjelp av inntektene frå jorda, og slike inntekter var framleis viktige for staten, embetsmennene og ein del borgarlege jordeigarar inn i tidleg moderne tid. I lokalsamfunna dyrka dei aller fleste bønder jorda dei budde på sjølve. Skilnaden mellom desse og dei lokale embetsmennene var stor, både når det gjaldt inntekter og skikkar. Den sterke kontrasten når det gjaldt embetsmenn og borgarane i byane, kan lett føra til at ein ser bort frå ulikskapen innafor bondesamfunnet. Dermed kan lokalsamfunnet synast meir egalitært enn det verkeleg var. Det er først gjennom ein næurstudie av eit bygdesamfunn ein kan finna ut om nokon i dette samfunnet skilde seg ut på ein slik måte at ein kan tale om ei form for elite. Eg vil med dette arbeidet prøve å finne ut om det fanst ein slik elite i Sogndal prestegjeld som omfatta Sogndal- og Norum skipreide på denne tida. Eg har valt desse bygdene fordi det er heimstaden min, og her eg har røtene mine frå. Her er eg lokalkjend, og kan gjere meg nytte av lokalkunnskap.

1.1 Tidlegare forsking

I den seinare tid har fleire historikarar vist at det kunne finnast ulike elitar innafor lokalsamfunna. Dette har dei gjort ut frå ulike kriterium. Eg skal gå gjennom ein del av denne litteraturen på jakt etter faktorar som kan setja oss på sporet etter ein eventuell elite mellom bøndene i norske bygdesamfunn. I arbeidet med boka *Bratsberg på 1600-tallet. Stat og samfunn i symbiose og konflikt*, såg Øystein Rian etter eit mønster med omsyn til elitedanning og sosiale og politiske alliansar og motsetningar. Indikatorar han har brukt for å kartlegge ein eventuell bondeelite er bondelensmenn og bønder i sagbruksnæringen. Han har funne ut at gardane bondelensmennene budde på var store gardar, med nesten unnatak fullgardar. 56 personar eigde sager i Bratsberg, men av dei var berre tre bønder. Resten var embetsmenn og borgarar som dreiv kjøpmannskap med trelast.¹

Hans Hosar har skrive bygdebok for Skjåk, og brukar som døme på elite, familiar med høg økonomisk velstand. Desse familiene i Skjåk dreiv med utlån av pengar ofte mot pant i jord. Hosar nytta lista over sølavlån som vart ytt til Christian IV i 1628, i samband med trettiårskrigen som ein velstandsindikator. Personane på denne lista var i familie med kvarandre. I Skjåk var sjølveigarprosenten i 1661 tre gonger høgare enn landsgjennomsnittet.

¹ Rian 1997: 340

I løpet av dei etterfylgjande åra fekk dei fleste som var leigelendingar kjøpa gardane dei sat på.

John Ragnar Myking har granska bønder som hadde verva som lagrettemenn og bondelensmenn som danna ein bygdeelite i tidsrommet 1650-1750.² Han vekt på rekrutteringa og den reelle funksjonstida til lagrettemennene. I denne artikkelen tok han utgangspunkt i Skjold og Alenfit skipreide i Nordhordland, og sentrerte undersøkinga kring 1687. Når det gjeld slektskap og giftarmål viser han til Skjold skipreide der nesten halvparten av dei lagrettemennene som vart oppnemnde meir enn tre gonger etter 1688, anten ved fødsel eller giftarmål vart knytte til nokre få slekter som rekrutterte lensmennene i perioden 1650-1750. Mange av desse, og av den andre halvparten var søner av, eller var i slekt med lagrettemenn som hadde sete i ei årrekke i lagretten før 1687.³

Per Sandal har skrive allmenn bygdesoge for Sogndal i -tida før 1800. Han har ikkje teke opp spørsmåla om det fanst ein elite mellom bøndene, men hevdar at når vi ser på namna til lagrettemennene kom dei ikkje berre frå dei mest velståande gardane i bygda.⁴ Han hevda at personane i lensmannsombodet skifta påfallande ofte, men gardsbruken dei dreiv var jamnast mellom dei større i bygda.⁵

Timberlid og Selseng gav i 2007 ut Sogndal bygdebok gardar og folk i Stedje sokn i tre band. Dei hevdar at lensmannsombodet gav status og at det var berre folk frå dei beste gardane som fekk dette ombodet.⁶

Tre hovudfagstudentar Terje Sødal, Øystein Aschim og Helge Finne har skrive om dette emnet. Kriteria dei har valt ut for å avdekke ein eventuell bondeelite eller sosiale skilnader er økonomiske variablar, verv og ombod til brukarar av matrikulert jord. Felles økonomiske variablar for desse er landskyld og jordeige, men Aschim har også lagt vekt på bygselretten. Alle tre har sett på nettoformue i dei offentlege skifta, men har naturlegvis hatt problem med dette på grunn av kjeldesituasjonen. Sødal og Aschim har begge brukt skog og sagbruk som økonomisk variablar. I tillegg granska Sødal andre næringar som fiske og handel.

² Myking 1996: 179

³ Myking 1996: 179-188

⁴ Sandal 1986: 782

⁵ Sandal 1986: 561-562

⁶ Timberlid 2007. Band 2: 446

Sosiale kriteria som er felles for alle tre hovudfagstudentane er verv og ombod som lagrettemenn og bondelensmenn. Finne og Aschim har granska kyrkjeverjene, men Sødal utelèt desse på grunn av kjeldetilfang og tidspress. Finne er den einaste som har nytta geografi eller reiseavstand til tingstova som ein variabel, men han la i hovudsak vekt på rekrutteringa til lagretten i si granskning. Han sentrerte granskninga rundt 1687 for han ville ha med endringa som konsekvens av Norske Lov 1687. I tillegg hadde han med hyllingsmenn, supplikantar, prestens hjelpeemann og mennene som var med i matrikkelkommisjonen 1723. Giftarmålsmønster og slektskapsrelasjonar er eit kriterium dei har nemnt, men desse har dei lete vera å gå vidare med på grunn av kjeldetilfanget, omfanget av oppgåva og tidspress. Felles problem for desse studentane var kjeldetilfanget. Sødal såg berre på utnemninga i lagrettemenn før 1687. Årsaka til det var at frå 1687 skulle vervet gå på omgang blant alle bønder i bygda, og dermed skulle ikkje utveljinga etter lovverket bli føreteke på sosialt grunnlag.⁷

Oppsummering av kriteria som eg vil nytta på jakt etter ein bondeelite.

Felles for alle historikarane er økonomisk velstand, der variablane er landskyld og jordeige. I tillegg til desse variablane vil eg granske sagbruk, og eg vil studere nettoformuen ut frå avskrifter av skifteprotokollar etter bondeskifte, så langt det let seg gjera. I tillegg vil eg ha med eit kriterium der eg studerar giftarmålalliansar mellom dei mest framståande slektene. Dette gjer eg, fordi det er hovudinteressa mi, og eg har god kjennskap til folk i bygda på grunn av mi eiga tilknyting til distriktet her.

1.2 Problemstilling

Eg vil i arbeidet med denne oppgåva granska forholda i Norum- og Sogndal skipreide som utgjorde Sogndal prestegjeld. Var bygdesamfunnet egalitært, eller fanst det ei sosial lagdeling? Kan me finna ein bondeelite som merka seg ut og hadde den eventuelle eliten makt?

Korleis kan me så definera omgrepel elite og makt? Elite kan definerast som dei beste eller dyktigaste av ei gruppe. Øystein Aschim definerer elite som ei gruppe som av ein eller annan grunn har høg status i eit samfunn.⁸ Helge Finne brukar omgrepel bygdeelite, og delar det opp og definerar bygd som busetnad innanfor eit bestemt geografisk område. Elite definerar han

⁷ Sødal 1996: 99

⁸ Aschim 1998: 2

som ei gruppe som av ulike årsaker har høg status blant allmugen i bygda.⁹ Sødal relaterar den sosiale ulikskapen til rikdom og makt.¹⁰

Omgrepet makt kan definerast vidt, men eg tenker her på noko ein rår over, eller har herredøme over. Den reelle makta kan splittast opp gjennom ombod som lagrettemenn og lensmenn, og gjennom lån til andre i bygda.

Det er fleire måtar å gå fram på for å identifisera bønder som kan høyre til ein bondeelite. Ein kan sjå på verv (lagrettemann, lensmann, kyrkjeverje, medhjelpar for presten), slektskap, giftarmål, formue og gjeldsrelasjonar. Personar i slekter som er ein del av ein elite kan visast frå to sider. Den eine er korleis individet oppfatta seg sjølv, kven det identifiserar seg med og korleis det opptrer i lokalsamfunnet på grunnlag av slektskapsmessig identifikasjon. Den andre er korleis samfunnet betrakta individet i lys av slektene dei tilhørde. I det gamle bondesamfunnet, før utdanning var aktuelt, sto ofte nokre slekter sterkt når det gjaldt å ivareta offentlege oppgåver. I slekter som dominerte det offentlege livet, hadde medlemane gjerne opparbeidd ferdigheter og kunnskap som kunne bringast vidare til neste generasjon. Sosial læring i familien førde til at barna vart oppseda til å ta på seg større byrder enn andre i den lokale forvaltninga.¹¹

Spørsmålet vert då om ein eventuell bondeelite hadde same bakgrunn og felles interesser, om dei tilhørde utvalde i slekter og om dei prøvde halda giftarmålet innanfor dei mest framståande slektene i bygda. Kven gifte tildømes døtrene til bondelensmennene seg med? Ut frå ressursane som var tilgjengeleg på denne tida, var truleg økonomisk velstand noko som vart samla nettopp gjennom arv og giftarmål i fleire generasjonar. Me bør også sjå om me finn spor etter slekter som dominerte offentlege, ettertrakta verv. Var det naturleg at born tok verv og var naturlege autoritetar etter foreldra?

1.3 Teori

Teoriane til den franske sosiologen Pierre Bourdieu, kan komma til nytte også i analyser av norske bygdesamfunn på 16- og 1700-talet. Eg held meg her til utleiningane av Bourdieu sine teoriar av sosial status slik me finn det hjå Lennart Rosenlund.¹² For å komme fram til sosial status er det i modellen rekna med tre former for kapital: økonomisk, kulturell og sosial

⁹ Finne: 1999: 1.5 sosial status. <http://www.ub.uib.no/elpub/2000/h/506004/> 6.mai.2011

¹⁰ Sødal 1996: 1

¹¹ Mikkelsen Tretvik 1998: 98

¹² Rosenlund 1991: Om smak og behag. I tidvise skrifter.

kapital. Den økonomiske er neppe original for Bourdieu. Den består av tilgang på økonomisk verdi, pengar eller noko som kan omsetjast i pengar, til dømes eigedom og verdigjenstandar, og den kan ha form av inntekt, disponeringsrett eller arv. Den kulturelle kapitalen er Bourdieus eige omgrep. Den viktigaste måten å tilegna seg denne kapitalen er i familien gjennom sosialiseringa. Kulturell kompetanse er eit resultat av familiesosialisering.¹³ Anna kulturell kapital er utdanning, kunnskap som ein kan tilegna seg gjennom lesing og studiar, og å ha eit behagelig sosialt vesen, opptre kultivert.¹⁴ Den tredje forma for kapital er sosial kapital som er sosiale relasjonar som er etablert av foreldregenerasjonen som kan arvast av etterkommarane, gjerne sønene.¹⁵ Summen av desse tre kapitalformene gir sosial status.¹⁶

I ei gransking av norske bondesamfunn på 1600 og 1700-talet, kan økonomisk kapital målast kvantitativt med vurdering av storleiken på gardsbruk, skyld og jordeige, formue og interesser i skog og sagbruksdrift. Ved kartlegging og vurdering av dette, kan den økonomiske situasjonen til ulike individ bli samanlikna for å sjå kven som hadde mest og minst å rutte med.

Vurdering av sosial kapital er verre å måle kvantitativt. Historikarar har brukt ulike verv som indikator på slik kapital. Døme på slike verv er lagrettemenn, bondelensmenn og kyrkjeverje. Desse verva kan målast ved å kartlegge frekvensen av verva. Dei som ofte vart peika ut til slike verv, og sat lenge i desse verva, hadde gjerne høg sosial kapital. Slektsskap er eit anna kriterium. Dei som stamma frå mektige slekter eller andre ressurspersonar i bygda ville venteleg ha god sosial kapital i ryggen. Det er truleg at på denne tida ville borna til ein person med høg sosial kapital ha fortrinn framfor borna til ein med lågare sosial kapital. Kor mykje av dette som kan kartleggast er avhengig av kjeldetilfanget.

Giftarmål kan også vera ein indikasjon på sosial kapital. Her er det vanskeleg å setja grenser for i eit lite bygdesamfunn var ikkje utvalet av kandidatar så stort og med datidas kommunikasjonar var det truleg naturleg å finna ektemake i nærmiljøet eller grannebygdene. Men det er mogeleg å sjå eit mønster i kven som ekta kvarandre. Giftarmålsmønsteret kan assosierast til både ein kulturell og sosial kapital. Ved registrering av kven som ekta kvarandre kan ein få eit innblikk i kva familiar som knytte band for å få makt og posisjon slik

¹³ Rosenlund 1991:15

¹⁴ Rosenlund 1991: 16

¹⁵ Rosenlund 1991: 17

¹⁶ Finne 1999: og 1.5 Sosial status <http://www.ub.uib.no/elpub/2000/h/506004/> 6.mai 2011

både Myking og Hosar har vist i sine granskningar. Slekter med same interesser gifte seg i kvarandre og etablerte band for å oppretthalde sin velstand og posisjon.

Kulturell kapital kan målast med å gå systematisk inn i kjeldene for å registrere eigendalar som til dømes bøker. Ein indikasjon på kulturell kapital kan kanskje vera då ein person gifter seg opp på rangstigen, på tvers av stand. I desse tilfella er det interessant dersom barn av bønder gifte seg med born til embetsmenn. Å leita etter kulturell kapital blir likevel eit omfattande arbeid i min samanheng. Måling av økonomisk og sosial kapital får difor vera tilstrekkeleg til å trekka konklusjonar.

1.4 Avgrensing i rom og tid

Granskingsområdet er avgrensa til Sogndal- og Norum skipreide som til saman utgjorde heile Sogndal prestegjeld. Sogndal Prestegjeld er det vestlegaste prestegjeldet i Indre Sogn sorenskriveri. Prestegjeldet hadde tre sokn, hovudsoknet Stedje og anneksa Norum og Kaupanger. Administrativt bestod prestegjeldet av Norum- og Sogndal skipreide, frå 1600-talet kalla tinglag. Her var ingen fast tingstad så tidleg, og tingbøkene fortel om 40 ulike tingstader i min granskingsperiode. Sogndal skipreide hadde tettast befolkning av tinglaga, medan Norum var størst i areal. Grensa mellom skipreida gjekk etter garden Hillestad, omrent åtte km frå fjorden på austsida av Sogndalsdalen.


Sogndal er og var den beste skogsbygda i Sogn, med det viktigaste området for skogsdrift i Kaupanger.¹⁷ På grunn av spesielle grunnfjellsforhold er skogane på Kaupanger spesielt sakteveksande og det gir svært godt material. Den gode furuskogen på Kaupanger har dei nødvendige kvalitetar som material til båtbygging krev. I eit brev frå Krona om futen Gjøde Pedersen er det referert til ein skogteig der han fekk hogge *mastetrær* og anna godt tømmer.¹⁸ I tillegg til naturressursane på Kaupanger, er det gode hamneforhold. Det gjer at det vart lett å skipa ut tømmer for sal.

Granskingsmi dekkjer tidsrommet 1647-1707. Starten har å gjera med skattematrikkelen 1647 som gjer eit godt oversyn over gardbruksarar og storleiken på bruksa. Året etter byrjar den første tingboka. Den har med opplysningar om verv og ombod som lagrettemenn og bondelensmenn. Sluttpunktet for arbeidet er året 1707, som er det siste året eg har gått gjennom tingbøkene. Innafor tidsrommet 1647-1707 har eg registrert lagrettemenn og

¹⁷ Sandal 1986:335

¹⁸ Knagenhjelm 2004:114

lensmenn i to periodar, 1647-1654 og 1663-1707. Den siste perioden er lengst, for å få med eventuelle endringar som fylgje av Norske Lov 1687. Etter den skulle vervet som lagrettemenn gå på omgang, men lokale studiar har vist at ein ikkje alltid fylgde lova i så måte. Variabelen jordeige har eg berre kunna gått inn på gjennom skattematrikkelen 1647, men landskyld har eg nyttå både skattematrikkelen 1647 og prestemanntalet 1666. Samanhengande lister frå futen før 1700 finst ikkje.¹⁹ Skifteprotokollar som gjev opplysningar om eige finst først frå 1666.²⁰



Kartbok for Vestlandet. Bergens Tidende. 2007 : 15.

¹⁹ Timberlid- Selseng 2007 band 1:14

²⁰ Timberlid- Selseng 2007 band 1:14

1.5 Økonomiske variablar

I kriteria økonomiske variablar vil eg sjå kven som skilde seg positivt ut økonomisk, i forholdet til gjennomsnittet av bøndene i Norum- og Sogndal skipreide. Av økonomiske variablar vil eg ta for meg landskyld, jordeige, skog- og sagbruk og nettoformue i skifta.

1.5.1 Landskyld

Dei fleste vil tru at det var store fordeler å eiga jord framfor å bygsla jord. Nyare forsking visar at leiglendingane eller enkene deira styrde dei fleste brukarsuksjonane, medan jorddrottane rådde over førstebrygsla. Dersom begge ektefellane på leiglendingsbruket var døde, eller hadde flytta derifrå utan å bruka opplatingsretten, eller var lovleg oppsagt, avgjorde jorddrotten åleine suksjonane.²¹ Dette viser at skilnaden mellom odelsbønder og leiglendingar var mindre enn ein tidlegare har rekna med. Bøndene som åtte jorda dei dreiv, måtte løysa ut medarvingane sine når dei overtok, og det kunne vera ei tyngsle dei fekk merka i lang tid.

Så lenge ein leiglending oppfylte krava frå jorddrotten, sat både han og etterkommarane hans like trygt på garden som om dei sat på eiga jord. I hovudsak kunne dei nytta ressursane slik dei sjølv ville. Leiglendingen kunne sjølv peika ut etterfølgjaren, og han kunne selje opplatingsretten. Førstebrygsla var avgifta for å få bygsla jord, og i 1684 vart førstebrygsla sett til 10 rdl pr. laup smør.²²

Leiglendingen svara årlege avgifter av leigd jord, landskylda. Dette var den form med renter han måtte leva med.²³ Landskylda var fast målestokk for jordeigedom ved kjøp, sal, arveskifte og til dels skattelegging. Skylda vart fastsett i forhold til bruksverdien av gardsbruket. Ikkje all jord var skyldsett. Det gjeld til dømes allmenningar, fjellvidder og meir eller mindre øyde og ubrukbar strekningar.²⁴ Alle sjølvstendige gardar var skyldsette, anten oppsitjaren var leiglending eller sjølveigar.²⁵ Hovudregelen var at den som åtte største parten av garden hadde bygselretten åleine. Om to åtte like mykje, skulle den bestemannen rå bygsla

²¹ Myking 2005: 169

²² Myking 2005:127-181

²³ Sandal 1986:618

²⁴ Fladby 1986:118

²⁵ Imsen og Winge 1999:246.

for begge, altso etter rang.²⁶ I praksis var bygselretten oppdelt på fleire måtar. Ein leiglending kunne ha fleire jordeigarar å svara avgifter til, frå eit og same bruket.

Leiglendingen hadde åbotsplikt, som var plikt til å vedlikehalda husa på garden, og halde jorda i hevd. Vart ikkje denne plikta overhalde, vart leiglendingen halden økonomisk ansvarleg. Leiglendingar som budde i nærleiken av setegard, hadde arbeidsplikt der, og var det ikkje aktuelt å yte den, måtte dei betale arbeidspengar. Dette vart ei tung bør for leiglendingar i strøk med mykje adelsgods.²⁷

Landskylda vart brukt som skattegrunnlag, og er eit ufullkomme mål for verdsetjinga av gardsbruk. Skyldnivået for gardsbruk med same bruksverdi kunne variera frå distrikt til distrikt. Årsaka til dette er ulike naturlige vilkår for næringsdrift, ulike ressurstilgangar og skiftande geografiske forhold med strekt varierande avstandar til avsetningsmarknader og andre sentra av betyding. Men tala viser utan tvil skilnaden mellom gardsbruka innanfor mindre geografiske einingar, som til dømes skipreide eller prestegjeld. For å samanlikna økonomien til bøndene, vil eg sjå på storleiken på skylda på brukar dei sat på, og nytta den som ein velstandsindikator til den enkelte brukar.

Kjelder eg vil nytta til å kartlegge landskyld og jordeige, er kontribusjonskatten 1647 som er trykt og publisert som Skattematrikkelen 1647. Den har med eit register over jordeigarar i heile fylket. Eg vil gå gjennom skattematriklane for nabofylka, for å sjå om bønder frå Sogndal prestegjeld eigde jord utanfor fylket også. I skattematrikkelen for 1647 er berre dei skattepliktige gardane registrert i Sogndal Prestegjeld. Lensmannsgardane, eit av brukar på Skjeldestad, og eit på Åberge, samt dei adelege setegardane Stedje og Kaupanger, i tillegg til nokre som låg øyde er ikkje med. Til saman er det komne med 73 namnegardar av 83.²⁸ Typiske trekket var at einbølte gardar i 1647 var delt i to i 1666.²⁹ Bruksdelinga hadde skjedd i eit belte mellom dei mest sentrale gardane ved fjorden, og meir høgtliggjande gardane oppe i dalane, der tilhøva for korndyrking var nokolunde bra.³⁰ I forhold til andre kjelder finn eg at det manglar brukaropplysningar på fleire gardar både på Fimreite, i Fardal på Øyre i

²⁶ Sandal 1986:618

²⁷ Fladby 1986:126

²⁸ Sandal 1986:353

²⁹ Sandal 1985:499

³⁰ Sandal 1986:500

Norum og Haug i Sogndal. Fram mot 1701 stagnerte utviklinga, og folketalet har hatt ein tendens til å ha minka.³¹

For å måle storleiken på landskyld, vel eg både den trykte skattematrikkelen 1647 og avskrift av prestemanntalet 1666, som er lagt ut på digitalarkivet si internettseite. Presten Peder Olsen Hanning satte opp to manntal, eitt i 1664 og eitt i 1666. Det første omfatta ikkje gutar under tolv år. Det siste kunne han signera den 16. juni 1666, og då hadde han vore i embetet sidan 1637 og vore prost sidan 1659. Han hadde då god kunnskap om kven han skulle føra opp og kva rubrikkar dei skulle setjast i.³² I avskrifta av prestemanntalet manglar det skyld til nokre få brukarar. I desse tilfella fører eg på det som er ført i matrikkelen 1665.

1.5.2 Jordegods i bondeeige 1647-1666.

Opplysninga om jordeige er ein god indikator for å syne økonomisk velstand. I det gamle bondesamfunnet var jordegods ein god og sikker måte å ta vare på overskytande kapital på. Med bondegods meinast jordegendomar som bønder eller folk frå bondestanden åtte. Kjenneteikn på bondegods i denne tida er at mesteparten av jorda var bygsla bort til andre bønder. Mange sjølveigande bønder levde sjølve som leiglendingar på ein del av gardsbruken dei dreiv, medan dei åtte resten sjølve.

Bondeeige kunne ta mange former. Ein gardbrukar kunne eiga heile garden åleine eller han kunne eiga ein part med bygselrett i heimgarden. Han kunne også eige ein part laus landskyld i heimgarden, eller ikkje noko i heimgarden. Han betalte bygselavgift av det han ikkje åtte. Sjølveigaren eigde og dreiv den garden han budde på. Etter 30 år som sjølveigar kunne bonden bli odelsbonde ifylgje Christian 4'lov av 1604. Dette vart redusert til 20 år i Christian 5'Lov av 1687.³³ Fordelen med odelslova var at arvingen kunne ta att garden på odel dersom den vart sold ut av slekta. Inntekter for jordegalarar var førstebygsla, landskylda og tredjeårstaka som leiglendingane måtte betale for å bygsle bruket. Den som hadde bygselretten hadde også rett til å driva ut tømmer frå skogen.

³¹ Sandal 1986: 630

³² Sandal 1986: 507

³³ Sogner 1996 : 180

Det var eit fåtal bønder i Sogndal prestegjeld, som åtte jord i denne perioden og fram til siste del av 1700-talet, som vart starten til sjølveige for dei fleste gardbrukarane i Sogndal.³⁴

På grunn av kjeldesituasjonen, har eg valt ut å granske jordeiga i første del av granskingsperioden min. då nyttar eg Skattematrikkelen 1647 som også har med eigarar av jord utafor prestegjeldet. Jordeige i prestegjeldet i siste periode, Matrikkelen frå 1661, også kalla Landskommisjonens jordebok. Erling Reksten hevda i arbeidet med registreringa av krongodssalet at Indre Sogn har bydd på spesielle problem, då eigarforholda sjeldan er oppført i manntalet. Det tidlegaste han har funne over eigarforhold er leiglendingsmanntalet for 1672. Odelskattemanntala har berre summen av skylda dei enkelte eigarane sit med, ikkje gardpartane. Først i 1683 kjem gardpartane med.³⁵

1.5.3 Skog- og sagbruk

Sogndal har vore rekna som den største skogsbygda i Sogn, med Kaupanger som det viktigaste skogsområdet. Sjølv om folket i Sogndal var sjølvberga med trevirke frå mellomalderen, kunne dei ikkje nytta skogen som dei sjølv ville. Leiglendingane kunne berre nytte seg av skogen til eigne behov, ikkje for sal. Desse reglane vart noko modifisert ved Norske lov 1687. Leiglendingane fekk hogge til ved, bygningstømmer til gardens bruk, og så mykje tømmer eller trelast som svara til halve verdien av landskylda. Jorddrotten hadde førsteretten til å kjøpa dette til rimeleg pris. Leiglendingen kunne miste bruket sitt dersom han hogg ulovleg, og hogsten reduserte verdien av bruket, og sorenskrivar og lagrettemenn kjenner til at garden svekkas.³⁶ Det var dermed berre dei bøndene som åtte jordegods med skog som kunne ha store inntekter av skogsdrifta. I 1616 kom det eit kongebrev som sa at berre adels- og embetssagar, og dei som hadde odelsrett, odelsgrunn og sjølv eigde tilstrekkeleg skog kunne bruka sager i Noreg. Dette forbodet vart seinare modifisert slik at ein mot bevilling kunne bruke sager som sto på Krona sin grunn.³⁷ Men kongen rekna seg som eigar til alle elvar, derfor måtte kvar sag svara sagskatt, i 1625, 2 rdl, seinare 3 rdl for flaumleige, elveleige eller bekkeleige.³⁸

³⁴ Timberlid 2007 band 3 :233

³⁵ Reksten Erling 1985 Krongodsalget 1: 80

³⁶ NL 1687: 3-14-34

³⁷ Aschim 1998:57-58 bygd informasjon frå Anders Ropeid 1952:22-27. Hønefoss. Sagbruk og sagarbeidare 1600-1800. Første bind. Oslo.

³⁸ Lie: 1929:14

Ein indikator til å måle økonomisk og sosial kapital i skog- og sagbruksnæringa er å stille spørsmålet om kor mange av bøndene som åtte sager. Til variabelen skog og sag vil eg nytta ein artikkel av Knut Lie i Historiske tidskrift nr.7, 1929, og arbeidet til Per Sandal i Sogndal bygdebok. Dei har begge gjort grundig arbeid med emnet og eg ser ingen grunn til å gå vidare i originalkjeldene.

1.5.4 Nettoformue

For å sjå på økonomisk kapital hjå ein eventuell bondeelite, er skiftemateriale den beste kjelda. For Sogndal prestegjeld har me skifte frå 1666. Problemet er at det var eit fåtal av menneska det vart halde skifte etter og at det er mykje lakunar i skiftematerialet. Det var krav om offentleg skifte dersom avdøde hadde umyndige barn, og enka eller enkemann og skulle gifte seg på ny.³⁹ Skifte vart halde etter at ein person var død, og gjev ikkje oversikt over inntekt, men eiga. Her må ein ta omsyn til alderen på avdøde og tenke på korleis økonomisk aktivitet og formuedanning skjer gjennom livssyklusen. Andre omsyn er dersom avdøde har vore gift tidlegare har buet til dette hushaldet vore registrert og delt tidlegare. Det skal då normalt innehalda mindre enn førre gang. Det er viktig å halda orden på døde og gjenlevande for å skilja første og andregangsskifta.⁴⁰ For å vera heilt rettferdig må ein ta omsyn til produksjon og forbruksdelane i gjenstandsmassen. I bondeskifte er årstidsavhengige moment som avling, forråd og husdyrtal viktige å ta omsyn til.⁴¹

Gjeld og krav i skifta bør ikkje vera negativt. Gjelda kan vera krise eller tilpassingsteikn og krava kan lesast som passiv pengeplassering eller som teikn på ei laupande økonomisk verksemd.⁴² Ein kan rekna med at økonomisk overskot vart plassert i pengeutlån omtrent slik som vi i dag brukar banken.⁴³ Anna Tranberg har gjort ei granskning av økonomiske forhold hjå bønder og husmenn i Laurvigen grevskap på 1700-talet. Ho viser til eksempel der storleiken på nettoformuen ikkje seier noko om dei økonomiske forhold. Men ho konkluderar med at nettoformuen langt på veg kan brukast som ein indikator på økonomiske levekår og dermed kan vera utgangspunkt for ei inndeling i økonomiske grupper.⁴⁴

³⁹ Winge 1996:14

⁴⁰ Dyrvik 1996: 48

⁴¹ Dyrvik 1996: 49

⁴² Dyrvik 1996:50

⁴³ Dyrvik 1996:51

⁴⁴ Tranberg 1979: 33-36

I mi gransking av ein eventuell elite i bondesamfunnet skal eg finne ut kor stor økonomisk kapital den individuelle bonde hadde i forhold til andre bønder. Då nyttar eg nettoformuen som er avskriven og lagt ut på internetsidene til fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, men har alle desse nemnde poenga i bakhovudet når eg registrerer. Eg reknar lett ut storleiken på eit gjennomsnittsskifte når eg har registrert alle skifta. For å vera sikker på at alle skifta er registrert, har eg kopiert registeret frå digitalarkivet, som ligg på internett, og lagt inn nettoformuane som er avskrivne på Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane si internetside. For å vera sikker på å få med alle, har eg brukt register på digitalarkivet si internetside og kopiert det, og sett inn summane frå fylkesarkivet si side. Skifteprotokollane eg har brukta, er og skanna frå mikrofilm, og lagt ut på digitalarkivet si internetside.

Nettoformuen er ein bra indikator for kor velståande ein person er, men der er fleire atterhald. Eg vil nytta nettoformuane for å samanlikna menn som hadde økonomisk og sosial posisjon i bygdene. Eg hadde og plan om å granske gjeldsrelasjonar, men ut frå tida som er disponibel og omfang av oppgåva, fekk eg ikkje tid.

Eg tek med skifte frå skifteprotokollar A1- A5b frå 1666 til 1748. Her er fleire lakunar, men eg vel den perioden med tanke på at folk levde lenge etter mi granskingstid. Skifteprotokollane har og opplysningar om arvingar og er gode kjelder til slektsforhold.

1.6. Verv

For å avdekke potensielle medlemmar av ein eventuell bondeelite ,vil eg undersøka kven av bøndene som hadde offentlege verv som bondelensmenn og lagrettemenn, og kven som var kyrkjeverjer og som skulle føra tilsyn med kyrkjegodset. Krav for å delta i offentlege verv, var at vedkommande var brukar av matrikulert jord. Storleik på bruket, eller om brukaren var leiglending eller sjølveigar hadde inga betyding.⁴⁵

1.6.1. Lagrettemenn.

Etter forordning av 1590 dømde lagrettemennene åleine på bygdetinget. Frå 1634 dømde dei saman med sorenskrivaren. Etter Norske lov 1687 var dei til vanleg berre rettsvitner, men dømde framleis saman med sorenskrivaren i dei viktigaste sakene, dei som gjaldt liv, ære og eigedom. ⁴⁶ I 1638 kom det ei forordning frå Kong Christian IV som slo fast at lagmennene skulle ta i eid bønder som ”*haver et godt Navn og Rykte og er af de forstandigste og villeste*

⁴⁵ Aschim 1996: 90 (Tretvik 2000:291)

⁴⁶ Imsen og Winge 1999: 70 og 242

*under Allmuen.”*⁴⁷ Det må tolkast slik at det var menn med bestemte kvalifikasjonar og eigenskapar, med mykje kunnskap og eit godt namn og rykte som skulle takast i eid. I den forordninga var det inga avgrensing i tenestetida til lagrettemennene, og dei fekk høve til å skaffe seg god røynsle i arbeidet.

15.april 1687 kom Christian 5. Norske Lov som endra reglane for utnemning av lagrettemenn radikalt. Amtmann eller fut og sorenskrivar, skulle kvart år oppnemna åtte nye lagrette menn i kvart tinglag ut frå manntalet. Desse skulle sitje eitt år og skulle ikkje tene igjen før alle hadde vore innom vervet.⁴⁸ Oppnemnde menn var plikta til å avlegga eid og møta ved innkalling. Eit døme på lovleg forfallsgrunn, var å ikkje ha overteke gardsbruk.⁴⁹ Lagrettevervet skulle etter nye lova gå på omgang blant alle bønder. I tillegg var funksjonstida som det tidlegare ikkje var avgrensingar på, no redusert til eitt år om gangen. Eg vil sentrera granskinga i denne del av oppgåva til rundt 1687 for å sjå om retningslinjene i lova vart følgde. Dersom det var ei gruppe blant lagrettemennene som tente mange gonger over lang tid etter 1688, er det grunn til å tru at dette kan dreia seg om ein bondeelite.

1.6.2 Bondelensmenn

Bondelensmannen må ikkje forvekslast med lensmann eller lensherre. Frå 1620-1630 åra vart dei omtala som bondelensmenn for å markera avstanden til embetsstanden. Under Christian IV vart ombodet etablert som det lågaste trinnet i det lokale styringsverket. Bondelensmannen hadde ei dobbeltrolle som statens lokale tenar og som bygdetillitsmann.⁵⁰ Bondelensmannen var i tida frå kring 1600-1746 futens hjelpesmann og fungerte som ein mellommann mellom fut og bygdefolk. Han hadde førstehandskunnskap om menneska og tilhøva dei levde under. I forbindelse med bygdetetinget kalla han inn til ting og hjelpte futen med saksgang, blant anna når skattar og avgifter vart innkravd. Bondelensmennene måtte ta seg av brotsmenn, styrte med takstar og vurderingar og hadde plikt til å etterforska saker som kunne gje inntekter til kongens kasse. Både lensmann og lagrettemenn fungerte som vitne ved ulukkeshendingar som skred og brann. Med så mange plikter og oppdrag skjønnar vi at det har kravd stor arbeidsinnsats. Løna var først og fremst skattefritak, i tillegg til løn frå staten på fire riksalar

⁴⁷ Finne Helge 1999: bygd på forordning 18.juli 1638; NRR VII s.421

⁴⁸ NL 1687: 1-7-2

⁴⁹ Tretvik 2000: 291

⁵⁰ Imsen og Winge 1999:262

i året, og avgifter for arbeid dei utførte i tenesta.⁵¹ Sandal hevda at personane i ombodet i Sogndal skifte ganske ofte, noko som kan vera teikn på at lønna ikkje sto i forhold til arbeidsinnsatsen. I tillegg kunne det vera vanskeleg balansegang å stå mellom øvrighet og bygdefolk. Bondelensmannen har og truleg kjent seg som ein ombodsmann for bondesamfunnet. Praksis viser og at bondelensmennene hadde fungert som lagrettemenn før dei vart lensmenn. Sandal hevda og at å finna namn på personar som hadde ombodet og reel tenestetid er vanskeleg.⁵²

1.6.3 Kyrkjeverje

Eit av verva som er aktuelt å granske er ombodet som kyrkjeverje. Deira oppgåver var av økonomisk karakter, som til dømes å leige ut kyrkjegods og krevje inn leigeinntekter, krevje inn tienda og å føre rekneskap.⁵³ Kyrkjeverja hadde også ansvar for vedlikehaldet av bygningane. Gudmund Sandvik viser i sitt studie at det i følgje Frostatingslova var det dei klokaste i soknet som skulle tene for kyrkjegodset.⁵⁴ Utrykket klokaste vart i ei rettarbot frå 1280 presisert til forstandig og velståande.⁵⁵

Ombodet som kyrkjeverje både kravde og gav sosial status. Det skulle vera på åremål, i Sogn fungerte dei stort sett i treårsperiodar. Det var ein fordel for bøndene om forvaltaren høyrdet til deira eiga sosiale gruppe og det var lettare å forholda seg til ein lekemann enn ein geistleg. Sandvik hevda også at det var ei føremon for bøndene at kyrkjeverjene vart rekruttert blant dei mest velståande i bygda, fordi ein velhalden bonde var betre i stand til å ivareta interessene deira.⁵⁶

1.6.4 Kjelder til verv og ombod

Deltaking i lagretten kan dokumenterast i tingbøkene som er oppbevart på Statsarkivet i Bergen. Eg starta granskingsa med å registrere deltaginga av lagrettemenn og bondelensmenn i 25 tingbøker, frå første tingbok som er frå 1648 til og med 1707, ein periode på 60 år. Tingbøkene nummer 2,6,7 og 24 er transkriberte, og er å finna på internetsida til digitalarkivet. Eg nyttar derfor transkripsjonane som er lagt ut på internett. Eg har registrert alle lagrettemenn som er registrert i tingbøkene, og har ikkje skild mellom kva type

⁵¹ Myking band 2 1990:221 og Sandal 1986:781

⁵² Sandal 1986:782

⁵³ Sandvik 1965:36

⁵⁴ Sandvik 1965:31

⁵⁵ Sandvik 1965:37

⁵⁶ Sandvik 1965:37

tingsamlingar som vart halde, eller rettargang og åstadsaker. I perioden fram mot 1700 manglar det ein del bøker, men eg trur at eg kan sjå mønsteret, men får problem med frekvensvariabelen. Då det er mykje lakunar frå 1655-1672, og rundt hundreårskiftet, får ikkje menn som var aktive dei åra, godskrive sin aktivitet. Den mest interessante perioden rundt 1687, er det mindre lakunar. I registreringane frå tingbøkene får eg problem med enkelte namn. I tingbøkene vart bøndene nemnt med fornamn og gardsnamn, og berre i fåe tilfeller patronymikon, av farens namn. Det verkar ikkje som det har vore noko system på føringa i bøkene. Gardar som er splitta opp i fleire bruk som til dømes Kvåle, Kvam og Åberge i Sogndal og Nornes og Slinde i Norum gir problem då fleire på same gard har same førenamn. Her må eg bruke skjønn. Ved handtering av namn, normaliserar eg dei, og til dømes Oluf/ Olle blir Ola, Laurits blir Lars og Mogens blir Mons.

Problem eg har når eg skal rekna på deltagingsfrekvens er forutan lakunar, at det var ikkje alltid at sorenskrivaren har registrert lagrettemennene, og heller ikkje kven som har vorte utnemnd. Døme er at i året 1689 har ikkje sorenskrivar Gjert Andersen Heiberg registrert lagrettemennene ved fleire høve, den 17. januar på Uglum i Sogndal, 3.juli på Ølnes og 5. juli på Ølmheim. Han har registrert bondelensmannen Lars Åberge og dei tilforordna menn. Det hendte også at bondelensmannen ikkje vart registrert, men han hadde møteplikt. Dette gir problem i første periode då det var fleire som hadde ombodet. Frå 1663 var det forholdsvis stabilt, og i åra 1666- 1694 var det sams bondelensmann for prestegjeldet med lensmenn frå Sogndal tinglag, Mikkel Navarsete /Åberge og Lars Åberge.

Mi oppfatning er at det fleire år vart halde færre ting i Norum- enn i Sogndal tinglag, og derfor blir heller ikkje lagrettemennene frå Norum i desse åra heilt rett kreditert, men samanlikningsgrunnlaget innafor skipreidet er der. Derfor skil eg mellom skipreida og samanliknar innafor skipreidet.

1.7. Giftarmålsmønster

Det er gjort nokre få undersøkingar om giftarmål og giftarmålsmønster i Noreg, dei fleste for tida etter den perioden eg tek føre meg. Eilert Sundt studerte ekteskap mellom ulike klassar frå midt på 1800-talet attende til 1735 og kom til at av 8933 par, gifte mellom 80 og 90 prosent seg innanfor eigen klasse.⁵⁷ Inger Kellmer har sett på kvinnas sosiale stilling på første halvdel av 1800- talet. Ho har skrive ein artikkel om aldersskilnaden mellom

⁵⁷ Sundt 1992:201

ektemakane, der den eine av partane var enke/enkemann. Ho fann ein del gjengifte med jamnaldrande, men av 160 ekteskap gifta 87 enker seg med yngre menn, heilt ned til 26 år.⁵⁸ John Ragnar Myking har i Fana bygdebok sett på ekteskap og elite, der dei velståande fanaættene hadde sitt eige giftarmålsmønster. Ved val av ektemake var personane i desse ættene ikkje ute etter berre eit gardsbruk å leva av, men like mykje etter å styrka posisjonen dei hadde i lokalsamfunnet.⁵⁹ I Fana var der fleire ætter som rekrutterte bondelensmenn og inngifte mellom desse ættene var vanleg. Bak giftarmåla var målsetjinga å sikra og helst auka formuen.⁶⁰

Sølv Sogner hevda at i det tidleg moderne samfunnet var val av ektemake sterkt normert. I lovene etter reformasjonen var det understreka at dei unge ikkje måtte trulova eller gifte seg utan samtykke frå foreldra. Tanken bak var at fornufta skulle råde, ikkje kjenslene.⁶¹ Ein annan grunnleggjande tanke var at to som skulle gifte seg måtte vera jambyrdige i høve til eigedom, rikdom og slekt. Denne tankegangen heng saman med standsdelinga i samfunnet. Alle måtte halde seg til sin plass, og å gifte seg under sin stand var lite heiderleg. Eit upassande giftarmål fekk innverknad på korleis ein vart vurdert av andre, og det skapte band mellom familiar frå ulike stender. Dette var band som verken familiane eller omverda kunne godta.⁶² Eit godt gifte kunne vera strategi for å skape alliansar mellom slekter, og stadfesta og tryggja sosial posisjon, makt og status. Slike alliansar var vanlege i den økonomiske og politiske eliten.⁶³

Ståle Dyrvik har skrive ein artikkel om giftarmålstilhøva i Etne mellom 1715 og 1801. (Kyrkjebøkene i dette prestegjeldet er bevarte frå 1715). Mellom åtte og ni av ti gutar frå Etne gifte seg med ei jente frå bygda, men det var også ei viss utveksling med grannebygdene. Ei stor del av ekteskapsvala var gjort innafor grenda. Han tolka det slik at det var teikn på eit praktisk grendesamarbeid der slektene planla alliansar på lang sikt og såleis kunne regulera forholdet mellom ekteskap og levebrød. Dyrvik fann at dei tital Etne-slekter som rangerte høgast på presteseskalaen når det gjaldt gardstorleik, sjølveige, rikdom eller offentlege verv, hadde ein tendens til å arrangera giftarmål seg imellom. Dei mest framståande kompenserte det snevre utvalet i bygda med å knyta kontaktar til likeverdige

⁵⁸ Kellmer 1981:65

⁵⁹ Myking 1990 band 2: 94-97

⁶⁰ Myking 1990 band 2: 97

⁶¹ Sogner 2003:122

⁶² Sogner 2003:123

⁶³ Sogner 2003:123

slekter i andre bygder. I det siste tilfellet skimta han eit slektskapsnett som likna det dei eksklusive embets- og borgargrupsene hadde.⁶⁴

Aud Mikkelsen Tretvik har skrive artikkelen *Dynastier i bygdesamfunnet* der ho fokuserar på dominerande slekter i bygdesamfunnet. Ho har tidlegare nytta både omgrepene elite og samansetjingar som bygdeelite.⁶⁵ Men i denne artikkelen har ho lånt omgrepet dynasti, og tenker på dei som har råderett over store resursar. Ho reknar med at dei dominerande slektene, sat på dei betre gardane, at dei hadde eit økonomisk fundament, men ho legg mest vekt på at dei dominar i bygdas offentlege verv, i funksjonar ho i si avhandling har kalla tillitsmenn.⁶⁶ Ho fann at det er familie og slektsband mellom mange av dei personane som ho meinar høyrer til den lokale eliten. Derfor kan ein driste seg til å snakka om dynasti i bygdesamfunnet, forstått som dominerande slekter.⁶⁷

For å gjera ein studie av giftarmålmönster i Sogndal, vil eg ta utgangspunkt i framtredande slekter målt ut i frå økonomiske og sosiale kriteria. Kven eller kva familiar gifte folka i desse slektene seg med? I utvalet tek eg utgangspunkt i familiar som hadde høgst verdi på listene over økonomiske variablar, og samstundes medlemmar som hadde ombod som bondelensmann, var lagrettemenn med høg deltagingsfrekvens over lang tid, eller var kyrkjeverje. Når det gjeld avgrensingar til familiar må ein ta omsyn til at granskingsperioden er på fleire generasjonar, i tillegg til direkte slektslinjer er det og derfor naturleg å ta med sysken, onklar og tanter. Eit av kriteria for å avdekke dette er å sjå på giftarmål. Viktige spørsmål i denne granskingsa vil då vera om menn som høyrde til det høgare sosiale og økonomiske sjikt, gifte seg med kvinner eller menn i same sjikt.

Bygdebøker, årbøker og historiske tidskrift er snarvegar for å finna giftarmål og slekt. Per Sandal si bygdebok frå Sogndal er ei allmenn bygdesoge i tida før 1800, men tek ikkje føre seg spørsmåla eg er ute etter. Anders Timberlid og Berit Selseng, gav i 2007 ut Sogndal bygdebok i tre band. Den omhandlar berre Stedje sokn, og er ei busetnadsoge, ikkje ei slektsoge, og omhandla folka som budde på gardane, frå dei får bygselbrev, festesetel eller skøyte, til dei forlét plassen. Arbeidet med bygdebok for Kaupanger er i gang, og eg har fått somme opplysningar frå forfattarane. Årbøkene til Sogndal Sogelag 1921-1948 omhandla

⁶⁴ Dyrvik 1970: Studier i norsk historie 1984 :144

⁶⁵ Mikkelsen Tretvik 1998:82

⁶⁶ Mikkelsen Tretvik 1998:82

⁶⁷ Mikkelsen Tretvik 1998:82

folk i Stedje og Norum sokn, og stiller ikkje vitskapelege krav, men er ein god snarveg til å belysa slektskapsrelasjonar. Problemet her er kjeldesituasjonen som forfattaren Vilhelm Flugheim hadde å rå med i arbeidet. Han vart heller ikkje ferdig med verket sitt før han døydde i 1942. Eg har også nytta bygdebøkene til Bøthun for Leikanger og Laberg, Øyane og Hasle Joranger for Hafslo/Luster for å finna opplysningar om enkelte av dei framståande familiane i nabobygdene.

Kapittel 2. Økonomiske variabler

Verdien av bruka kjem til utrykk gjennom landskylda. I dette delkapittelet gjer eg ikkje skilnad på eigd og leigd (bygsla) jord. Kontribusjonsmanntalet 1647, vanlegvis kalla Skattematrikkelen 1647, og prestemanntalet 1666, vert nytta for å rekna ut skylda. I Manntal 1701 er brukarane oppførd som oppsitjar på bruka, og det er difor mogeleg å fylgja vidare bruksdeling, og kven som var oppsitjar på dei aktuelle bruka. Det viser seg at den store bruksdelinga i perioden frå 1647-1666, stagnerte, og er mest uendra fram mot 1701.⁶⁸

2.1.1 Landskylda i skattematrikkelen 1647

I Indre Sogn var landskyldvarene smør, hud, korn og skinn av bukk, geit eller kalv. For å samanlikna storleiken på bruka, reknar eg varene om til smør ut frå nøkkelen til Fladby og Marthinsen i den trykte skattematrikkelen frå 1647. Forholdet mellom desse varene var på to huder eller tønner korn tilsvara 1 smørlaup. Av skinn gjekk det 4 bukkeskinn, 8 geiteskinn, 16 saueskinn og 24 kalveskinn på 1 smørlaup.⁶⁹ Eg reknar om til smørlaup for å få like verdiar når eg skal samanlikna dei økonomiske variablane mellom bøndene.

For å samanlikna kan ein klassifisera bruka i landskyldklassar, som er forskjellig i ulike bygder og regionar. Rolf Fladby har gruppert bruka etter fem landskyldklassar der den største er på 3 laup eller meir som tilsvrar ein og ein halv fullgard.⁷⁰

Tabell nr. 2.1 Landskyldklassar

Gruppe	Smørlaup
V	3 eller meir
IV	1,5-3
III	0,75-1,5
II	0,25-0,75
I	Mindre enn 0,25

Kjelde: Fladby 1986:150

Storleiken på landskylda var ulik i desse to skipreida i Sogndal prestegjeld. Difor analyserar eg kvart skipreide for seg. For å luka ut ein eventuell bondeelite på grunnlag av landskylda, vil eg først finne gjennomsnittstorleiken på landskylda. Ein økonomisk elite bør sitja på gardsbruk med vesentleg høgare landskyld enn gjennomsnittet. I prestegjeldet var det to

⁶⁸ Sandal 1986: 630

⁶⁹ Fladby og Marthinsen 1995:10 (Skattematrikkelen 1647 nr XII Sogn og Fjordane fylke) og Timberlid 2007 band 3:245

⁷⁰ Fladby og Marthinsen 1995:10

adelege setegardar som var fri for skatt, garden Kaupanger i Norum skipreide og garden Stedje i Sogndal skipreide.

I Norum Skipreide var gjennomsnittstorleiken på 1,8 smørlaup i 1647, som er i gruppe IV. Eg meinar at då er det naturleg å rekna bøndene som sat på bruk i gruppe V som ein mogeleg økonomisk elite. Det var 67 skattlagde bruk, og åtte høyrde til i gruppe V, med meir enn 3 smørlaup.

Tabell 2.2 a Brukarar på gardsbruk 3 laupar smør eller meir i landskyld i Norum skipreide 1647

Gard	Bruk	Landskyld i lauper smør
Fimreite	Hans	6,3
Slinde	Ellend	6
Ølmheim	Svein	5
Slinde	Ola	4,7
Slinde	Ingebrigt	4,5
Nornes	Åmund	3,3
Nornes	Narve	3,3
Nornes	Lars	3

Kjelde : Skattematrikkelen 1647 XII Sogn og Fjordane fylke.

Hans Fimreite på sørsida av Norafjorden, ein arm av Sognefjorden, hadde høgast skyld med 6,3 smørlaup. Alle desse åtte gardane, ligg vest i skipreide nær fjorden, i eit avgrensa område.

I Sogndal skipreide var det i same matrikkel 58 brukarar, med ei gjennomsnitt landskyld på 2,5 smørlaup. Dette var og i landskyldklasse IV, og elite blir her som i Norum, gardbrukskarar med landskyld høgare enn 3 lauper smør. I dette skipreide hadde 20 brukarar ei skyld på meir enn tre lauper smør.

Tabell 2.2.b Brukarar på gardsbruk med 3 lauper smør eller meir i landskyld Sogndal skipreide 1647

Gard	Brukari	Landskyld i lauper smør
Ølnes	Johannes	6,6
Kvam	Nils	5,5
Ølnes	Torgeir	5,2
Åberge	Amund	4,63
Flugheim	Erik	4,5
Åberge	Unge Sjur	3,9
Bjelde	Peder	3,9
Stenehjem	Erik	3,85
Barsnes	Botolv	3,8
Arvål	Markus	3,8
Fosse	Gjest	3,8
Åberge	Ola	3,8
Kvåle	Kristen	3,8
Kvåle	Stein	3,8
Kvåle	Unge Johannes	3,8
Kvåle	Espen	3,8
Kvåle	Gamle Johannes	3,8
Kvåle	Henrik Larsen	3,8
Kvam	Ola	3

Kjelde : Skattematrikkelen 1647 XII Sogn og Fjordane fylke.

Ut frå denne tabellen ligg brukarar på gardane Ølnes og Kvam ved Barsnesfjorden på topp med over fem smørlaup. Storgarden Kvåle, som og er historisk kjend gard, ligg i denne landskyldklassen med seks bruk. Garden Åberge, som har vore kjend som lensmannsgard, har tre bruk i denne klassen.

2.1.2. Landskyld 1666

Eg har nytta avskrifta av prestemanntalet 1666,⁷¹ som hovudkjelde til fordelinga av landskylda i 1660-åra, men på nokre bruk er det ikkje ført skyld. I dei tilfella, supplerar eg med opplysningar i matrikkelen 1665 som finst på mikrofilm.⁷² For nokre småbruk manglar det opplysningar i matrikkelen også, så det har eg ikkje gjort noko med.

⁷¹ <http://digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=SDAL1666&spraak=n&metanr=1820>

⁷² Matrikkel 1665 Bd.41: Indre Sogn 9/1953

I perioden frå 1647 til 1666 hadde talet på namnegardar auka frå 85 til 89 og talet på bruk hadde vaksen frå 136 til 193 i heile prestegjeldet. På tjue år, var det altså komme til 57 nye gardsbruk.⁷³

I prestemanntalet er det førd opp ei samla skyld i varer som eg har omrekna til smørlaup, til saman 344,09 laup. Fordelt på 206 bønder, som utgjer ein gjennomsnittslaup på 1,7 laup for heile prestegjeldet. Skylda er i Prestemanntalet ikkje oppført på 22 bønder. Blant dei er både ein rådsmann på Rutlin, ein ombodsmann på Kaupanger, ein borgar, ein paktar, lensmann og nokre vanlege bønder. Dei brukarar som er ført i matrikkelen 1665, har eg ført dei på, og merkt med *.

Det var stor skilnad på gjennomsnittskylda innafor Norum skipreide. Den var dobbelt så stor i Norum sokn som Kaupanger sokn. Kaupanger hadde adelege setegarden som var skattefri og mange små bruk. Gjennomsnittskylda i Kaupanger var på 0,9 laup, medan den i Norum sokn var på 1,8 laup. Gjennomsnitt for Norum skipreide var 1,6 lauper smør. I dette manntalet får eg ti brukarar med meir enn tre lauper smør i Norum skipreide, og i Sogndal skipreide er det redusert til sju.

Dei fleste som hadde høg skyld i 1666, var etterkommarar av brukarar med høg landskyld i 1647. Den som tronar på topp i Norum skipreide var Jens Torbjørnsen Ylvisåker, ein av sønene til Torbjørn og Karen Fardal. I 1647 var halvparten av denne garden ført på mora til Jens, enka på Ylvisåker. Mikkel Fardal ein annan av sønene til Torbjørn Fardal, var heller ikkje kumen med i 1647, og det kan ha tilknyting til dødsfallet til faren kring 1646. Jens Pedersen Fimreite var bror til Hans Fimreite, og mora delte garden på tre söner.⁷⁴

Lars Øyres mor, var enka etter Erling Øyre. Lars var registrert i 1647, men faren kan ha vore innom ombodet som lensmann det året. Erling Skjeldestad kan ikkje knytast til nokon som var med i denne landskyldsklassen i 1647. Det kan ha samanheng med at Skjeldestad var lensmannsgard i 1647.

⁷³ Sandal 1986:499

⁷⁴ Flugheim:1938. Årbok VII: 168

Tabell 2.3 a Brukarar på gardsbruk med meir enn 3 lauper smør i Norum skipreide 1666.

Gard	Brukari	Landskyld i lauper smør
Ylvisåker	Jens Torbjørnsen	7,2
Slinde	Ellend	6,9
Fimreite	Hans Pedersen	6,3
Fimreite	Jens Pedersen	6,05
Slinde	Lars Olsen	4,7
Fardal	Mikkel Torbjørnsen	4,15
Slinde	Ola Olsen	4,05
Øyre	Lars mor	3,7
Skjeldestad	Erling	3,3
Nornes	Narve	3,3

Kjelde : Prestemanntalet 1666

I Sogndal skipreide var stoda vesentleg endra frå 1647. Garden Kvåle, som i 1647 hadde 6 brukarar, var no splitta opp i heile 11 matrikulerte bruk. Den einaste av bøndene på Kvåle som sat att med same skylda som i 1647, var Lars, med 3,8 lauper smør i skyld. I Sogndal skipreide var det i 1666, om lag 80 brukarar med ei gjennomsnittskyld på 1,9 laup. Sju bønder sat på gardsbruk med meir enn 3 laup smør i skyld. På topp ligg Torgeir Ølnes med ei skyld på nærmere seks smørlaup. Nummer to var Ellend Foss, son til Gjest Foss, med ei skyld på fire laup.

Tabell 2.3.b Brukarar på gardsbruk med meir enn 3 lauper smør i landskyld i Sogndal skipreide 1666

Gard	Brukari	Landskyld i lauper smør
Ølnes	Torgeir	5,88
Foss og Bahus	Ellend	4
Åberge	Unge Sjur	3,9
Stenehjem	Arne	3,85
Kvåle	Lars	3,8
Barsnes	Johannes Botolvsen	3,8
Eggum	Ola	3

Kjelde: Prestemanntalet 1666

2.1.3.Oppsummering

For å avdekke ein eventuell bondeelite med stor økonomisk velstand, har eg i dette delkapitlet sett på landskylda som den enkelte gardbrukar rådde over. Frå 1647 til 1666 fann det stad ei viss bruksdeling, og det var ny matrikulering i denne perioden. I 1647 var det registrert åtte brukarar med meir enn tre laup smør i Norum skipreide. I 1666 var talet auka til ti. Dette kan delvis skuldast feil i skattematrikkelen, og at det i 1647 var Skjeldestad som var lensmannsgard.

I Sogndal var stoda vesentleg endra frå 1647-1666. Storgarden Kvåle hadde gjennomgått ei omfatteleg bruksdeling, og sat att med berre eitt bruk på meir enn tre lauper smør. Garden Åberge hadde og vorte splitta. Som ei følgje av dette, og andre bruksdelingar, var talet på gardsbruk med meir enn tre lauper smørskyld redusert frå 20 i 1647, til 7 i 1666.

2.2.1 Bondegods i Sogndal prestegjeld før 1647

På grunn av at det berre er registrert to eigalarar av jordegods i Sogndal skipreide analyserar eg alt jordeige under Sogndal prestegjeld.

Jordegods var ein sikker måte å investera overskytande kapital på. Sandal nemner tre lokale rikmenn på midten av 1500-talet som åtte mykje jord. Torbjørn Gauteson Dal på Fimreite høyrde til ei grein av den norske adelslekta Dal, men må reknast som bonde. Han skatta av ei eige på minst ti-tolv gjennomsnitts gardsbruk i Sogndal prestegjeld på denne tida. Ein annan storbonde var Oluf Gunderson Slinde frå adelslekta Oxefot på Ytre Slinde. Denne ætta sank ned i bondestanden på 1500-talet. Han åtte halvparten så mykje som Torbjørn på Fimreite. Neste på rangstigen var Per Jonson på Stedje som også hadde mykje jordegods.⁷⁵

Skifte etter Torbjørn Gauteson Dal, fødd kr. 1520, død før 1590, gift med Gyrvild Olufsdotter Venjum på Hafslo, vart halde i Bergen 6.april 1590.⁷⁶ I dette skiftet, vart arven delt mellom sju sysken.⁷⁷ Jordegods til ein verdi av omlag 15 lauper smør vart spreidd til fleire bygder i Sogn og Sunnfjord. Gaute og Endre fekk jord på Fimreite og i Øvstedal. Mykje av dette vart

⁷⁵ Sandal 1986:478-479

⁷⁶ Ugulen1997-1998: 248

⁷⁷ Norsk Slektshistorisk tidsskrift Ugulen Jo Rune 1997-98: 249

panta vekk til futen Gjøde Pedersen.⁷⁸ To av borna, Svein og Gudrun, var døde etter faren, men før mora så dei tok arv berre etter faren. Gudrun fekk ein part i Ølnes, som gjekk vidare til dotteri Mette Jensdotter, som ho hadde saman med futen Jens Pedersøn Holst. I 1647 var denne parten ført på Morten Amle, svigerson til Mette Jensdotter. Torbjørn Jensen Fardal, som var son til futen Jens Holst og Gudrun Torbjørndotter, fekk truleg ikkje noko jordegods frå dette.⁷⁹

Torbjørn Jenson Fardal er i landskatten 1613 ført med jordegods til ein verdi av 11,5 laup i smørskyld. Ugulen hevdar at i 1624 er det opplysningar som tyder på at Torbjørn har arva gods, som truleg er komme gjennom ekteskapet han med Karen Nilsdotter eller Mikkelsdotter.⁸⁰ Vi har ikkje klart å spora røtene hennar.

Ei anna velståande slekt i Norum var Skakkslekta, seinare kalla Lystrupætta. Namnet Lystrup er dansk, men stamfar til den yngre slekta i Sogn med dette namnet, var Skakk Christensen som budde på Kaupanger i 1603.⁸¹ I 1611 var han busett på Vestreim, men i 1617 åtte han jordegods til ein verdi av vel sju laup smør i Sogn, Oppland, og Hedmark. I Norum åtte han til saman vel 2,8 laup på Kaupanger, Vestreim, Hovland, Olstad og Ospesæter. Tidlegare hadde han panta vekk 3 laup til Gjøde Pedersen og resten gjekk snart same vegen.⁸²

2.2.2. Bondegods 1647

Den beste måten å finna ut kven som åtte bondegods i Sogndal er å gå til matrikkelutkastet 1647 og landkommisjonen 1661. Eldre skattemanntal enn skattematrikkelen 1647 hadde berre opplysningar om skattebeløp, brukar- og gardsnamn. Matrikkelutkastet 1647 finst i trykt utgåve og har i tillegg register med namn på eigarar av jord i heile fylket.

I 1647 høyrde dei lokale bøndene som er oppført med mest jord i 1647 til i Norum Skipreide. I Sogndal skipreide var det berre to jordeigande bønder. Trond Husum var sjølveigar på eine bruket på Husum med 2,25 smørlaup.⁸³ Det andre bruket på 1 smørlaup, bygsla han bort til Johannes Husum.⁸⁴ Den andre som åtte jord i Sogndal skipreide var Jakob

⁷⁸ Ugulen 1997: 250

⁷⁹ Ugulen 1997: 249

⁸⁰ Ugulen 1997:252

⁸¹ Sollied 1928? :193

⁸² Sollied 1928? :196

⁸³ Fladby og Marthinsen 1995:38

⁸⁴ Fladby og Marthinsen 1995: 42

Kvam, truleg frå Kvam ved Barsnesfjorden, som er oppført med 1 mele korn på bruket som Torgeir Ølnes dreiv.⁸⁵

Tabell 2.4 Bondeeige i Sogndal Prestegjeld 1647 sortert etter storleik landskyld i lauper smør.

Eigar	Gard	Landskyld i lauper smør
Morten Amle	Mange gardpartar	9,08
Torbjørn og Karen Fardal	Mange gardpartar	9,02
Trond Husum	Husum	3,25
Botolv Nornes	Slinde	2,65
Enka på Vestreim	Vestreim	1,9
Peder Madsen	Øvstedal	1,82
Elling Slinde	Øvstedal	1,5
Elling Øyre	Øyre	1
Peder Engesæter	Engesæter	0,58
Lars Hovland	Hovland	0,5
Amund Lerum	Gunnvordal	0,16
Jakob Kvam	Ølnes	0,05

Kjelde : Skattematrikkelen 1647 XII Sogn og Fjordane fylke.

Storbøndene Morten Amle og Torbjørn Fardal utmerka seg med vel ni smørlaup kvar i begge skipreida. Desse jordeigande bøndene eigde også mykje jord utanfor prestegjeldet, og etter giftarmål var dei komne i same slekt. Slektar var etterkommarar etter Torbjørn Gauteson Dal på Fimreite. Mesteparten av jordegodset er truleg arv frå tidlegare generasjonar. Men ut frå skiftet etter Torbjørn Gauteson dal og kona Gyrvild Olufsdotter Wenjum, som nemnd ovanfor, var minimalt komme frå dei. Morten Amle var gift med ei prestedotter og Torbjørn Fardal var son til futen Jens Pederson Holst. Historikaren Jo Rune Ugulen trur at Torbjørn kan ha fått ein del gods gjennom ekteskapet med Karen Fardal.⁸⁶ Peder Madsen var gift med barnebarnet til Torbjørn Gauteson Dal. Lars Hovland var son til enka Vestreim, og høyrd til den før nemnde Lystrupætti.

⁸⁵ Fladby og Marthinsen 1995: 37

⁸⁶ Ugulen, Jo Rune. 1997-1998. Bidrag til slekts- og personhistoriske utgreiingar i Sogn. i. kring Amla-godset i Sogndal . Artikkkel i norsk slektshistorisk tidskrift utgitt av Norsk slekthistorisk foreining. Bind XXXVI (s. 235-266.) A.s Reistad Offset, Oslo.

2.2.3 Landkommisjonen 1661

Det kan av og til vera vanskeleg å skilja skarpt mellom jordeigarar frå borgarstanden som dreiv næring og bønder som dreiv næring. Den største jordeigaren i Sogndal prestegjeld i 1660-åra var adelsmannen riksråd Ivar Wind, som hadde fått overdrege skøyte frå Gjøde Pedersen, og åtte 18,6% av all jord i bygda.⁸⁷ Den største jordeigande bonden var Peder Jensen Amle, som åtte til saman vel 13 smørlaup som tilsvarar 3,5 % av all jord i bygda. Sjølveigande bønder åtte til saman vel 29 smørlaup, som tilsvarar 7,9 %. Bortbygsla bondegods til jordeigande bønder frå Sogndal, var ikkje meir enn nærare seks smørlaup som tilsvarar 1,6 % av jorda i bygda.⁸⁸ Til saman var det ca 318 smørlaup i bygda.

Når ein tek føre seg utviklinga frå 1647 til 1661 for å sjå om dei jordeigande bøndene framleis eigde jord i Sogndal, viser det seg at fleire av dei største jordeigarane var døde i 1661. Torbjørn Fardal døydde kring 1646, og etter hans død vart det halde skifte. Både på Ylvisåker og Vestreim var jordeiga ført på enkene i 1647. Morten Amle, sto og som eigar av mykje jordegods i Sogn i 1647, var truleg død før 1657, og i 1661 var jordegodset ført på svigersonen Peder Amle.

På Nornes sat enka etter Botolv Nornes og sonen Mons med over sju smørlaup i 1661. Enka på Fimreite åtte i underkant av 1 laup i Øvstedal.

I 1647 hadde enka på Vestreim med 1,9 laup, medan sønene Kristen og Ola hadde 2 laup i 1661. Bror deira Lars Hovland si eige var uendra. På Engesæter stod Peder Engesæter⁸⁹ framleis ført som eigar av jordegodset i 1661, men no med heile garden på 1 laup. Torbjørn Fardal var død, så det er sannsynleg at Peder har fått kjøpt parten hans på Engesæter. I Sogndal var det berre Trond Husum som var jordeigar i 1647. I 1661 var garden einbølt med eigar og brukar Johannes Husum.

⁸⁷ Sandal 1986: 605

⁸⁸ Sandal 1986:604 bygd på Landskommisjonen 1661, pk24 og 26.

⁸⁹ Peder Engesæter gifte seg med Ølgård Mortensdotter Amle, og flytte dit kring 1650. Han er nemnd både som Peder Jensen Amle og Peder Engesæter

Tabell 2.5. Bondeeige i Sogndal Prestegjeld 1661 sortert etter storlek landskyld i lauper smør.

Eigar	Skyld i lauper smør
Peder Jensen Alme	13,08
Enka og Mons Nornes	7,4
Enka Fimreite	6,1
Johannes Husum	2,8
Enka Øyre m arvingar	2,7
Lars Slinde	2,42
Anders Feddersen	2,4
Ola og Kristen Vestreim	2
Enka Nornes	1,97
P og A Skjeldestad	1,9
Jens Ylvisåker	1,5
Elling og Johs Slinde	1,08
Peder Engesæter	1
Mikkel Fardal	0,85
Peder Madsens arvingar	0,83
Ellend Slinde	0,5
Lars Hovland	0,5

Kjelde: Landkommisjonen 1661 Bergen lagdøme. Nr.191

Bøndene i Sogndal åtte til saman 9,6 % av jorda, eller i underkant av 36 laup i 1661, når ein ikkje reknar med Peder Jensen Amle, som åleine eigde vel 13 laup, som tilsvarar 3,5 % av all jord i bygda. Jordeigande bønder frå andre bygder eigde vel 6 laup, som tilsvarar 1,7 % av jord i bygda.⁹⁰

2.2.3 Jordeige utafor prestegjeldet

For å få svar på spørsmål om jordeige utafor prestegjeldet, nytta eg den trykte skattematrikkelen frå 1647, som inneheld register med jordeigarar i heile Sogn og Fjordane. Eg har også gått gjennom registera til skattematrikkelen 1647 for *fylka* Oppland, Buskerud, Hedmark, Møre og Romsdal og Hordaland for å sjekke om bønder frå Sogndal åtte jord i desse områda. Eg har ikkje fått tak i trykt utgåve av matrikkelen for Hedmark fylke, derfor nytta eg utgåva som ligg på internettssida til digitalarkivet.

⁹⁰ Sandal 1986: 604 og Landkommisjone 1661

Kristen Skakkson åtte 3 huder med bygsel på Bjerke i Biri Prestegjeld i Oppland.⁹¹ På Ulven i Ringsaker på Hedemarken åtte han også 3 huder.⁹² Dette hevdar Sollied at Kristen og Laurits Skakksøner selde til oppsitjarane i 1685, i tillegg til seks kalvskinn.⁹³

Dei største jordeigarane i Sogndal prestegjeld høynde til i Norum skipreide og var enka etter Torbjørn, Karen Fardal, med vel 12 laup. Ho vart enke kring 1646, men alle opplysningane har ikkje vorte oppdatert i matrikkelen. Torbjørn Jenson Fardal står oppført med 0,82 laup som han åtte på Heggestad og Skjerven i Solvorn skipreide. I tillegg til Torbjørn, åtte Klemet Vatlestad, frå Norum også jord på Heggestad i Solvorn skipreide. Heggestad ligg på Veitastrond i noverande Luster herad.

Forutan Karen Fardal, var Morten Amle også ein stor jordeigar, både i og utanfor prestegjeldet. I 1647 er Morten Amle oppført som jordeigar både i Tjugum, Systrand, Årdal, Marifjøra og Solvorn skipreide.

Dette viser at dei som var store jordeigarar i Sogndal, også kunne ha jordegods utanfor prestegjeldet.

Nedanfor viser eg ein tabell med oversikt over kven av bøndene som åtte jord, og kor mykje utanfor prestegjeldet i 1647.

Tabell 2.6 Bønder frå Sogndal prestegjeld si jordeige i landskyld utanfor Sogndal prestegjeld 1647.

Eigar	Skyld i laupar smør	Område
Karen Fardal	12,18	Fleire
Morten Amle	8,28	Fleire
Elling Slinde	3	Kvamsøy
Peder Bjelde	1,4	Tjugum
Torbjørn Fardal	0,82	Solvorn
Klemet Vatlestad	0,5	Solvorn
Ola Hillestad	0,125	Borgund
Ola Vangestad	0,09	Utland
Kristen Skakkson	1,5	Bjerke i Oppland

⁹¹ Fladby og Try 1992:49

⁹² <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=skatthedmark1647&sideid=9&storleik=3.mai.2011>.

⁹³ Sollied 1928: 196

2.2.4 Oppsummering

Under delkapitlet bondeeige viser granskinga at det er forholdsvis lite jord i bondeeige i prestegjeldet. Det er fleire grunnar til dette, men det som kan vera spesielt i Indre Sogn er at futen Gjøde Pedersen som budde på garden Kaupanger, var flink til å tilegna seg jord i pant frå bøndene i distriktet. Dette godset gjekk vidare til riksråd Ivar Wind. Dei største eigarane av jordegods i prestegjeldet åtte også mykje jord utanfor prestegjeldet. Dette var ei form for investering på ei tid før bankane. Eg har ikkje sett på kven som var bygselrådig på jordpartane. Den som rådde bygsli hadde og inntektene, så ein skulle tru dei var interessert i å investera der dei kunne rå bygsla. Andre fordelar var at ein måtte eige jord for å setja opp sagbruk.

2.3.1 Skog- og sagbruk

Då vassagene vart tekne i bruk tidleg på 1500-talet vart det meir lønnsamt å drive skogbruk. På 1600-talet vart det meir strid om grenser, og maktkamp om egedomsforholda.⁹⁴ Truleg var det då skogen fekk kapitalverdi. Gjert Heiberg meinar såleis at før den tid låg skog og utmark i Amla i felleseige.⁹⁵ Furuskogane var grunnlaget for godsa i Kaupanger. Eigarane av garden Kaupanger var frå tidleg på 1600-talet danskar som hadde med seg startkapital frå utlandet. Dei bytte til seg eiedom mot gardar i Danmark,⁹⁶ og grunnen var neppe for å driva jordbruk. Jordbruk kunne dei drive i Danmark, men motiv her har vore interesser i skog og trelastnæringa. I 1636 fekk Danmarks riksråd Ivar Wind skøyte på storgardane Kaupanger og Stedje med underliggjande gods. Same år fekk han etablert dei som adelege setegardar med kongeleg privilegium.⁹⁷ Slike privilegium gav blant anna rett til å eksportera trelast direkte til utlandet. Med desse særrettane vart dei og fritekne for ei rekke skattar og avgifter, og fekk ei friare utnytting av skogen. Det er klart at skogen og produkta derifrå vart ei klar og sikker inntektskjelde.⁹⁸ Dette omskiftet må ha gjort at sagbruksproduksjonen på Kaupangergodset har akselerert, men også andre enn eigarane av desse godsa hadde gode inntekter av skog og sagbruk.

⁹⁴ Heiberg 1989: 43

⁹⁵ Heiberg 1990: 48

⁹⁶ Timberlid 1979...

⁹⁷ Sandal 1986: 541 / NRR VII s. 211, 1636

⁹⁸ Sandal 1986: 541-542

2.3.2 Sagbruksnæringen første halvdel av 1600-talet

Dei fleste historikarar meinar at det var den vass -drivne oppgangssaga som revolusjonerte skogbruket, og gjorde drifta av skogen lønnsam i Noreg på midten av 1500-talet. Stein Tveite peikar på den store etterspurnaden etter rundlast og hoggelast frå utlandet, og hevdar at ekspansjonen hadde komme utan ei einaste sag i landet. Tveite hevdar og at vassaga var kjend frå 1503, før den store ekspansjonen i skogbruket, og at det var auken i eksport som var årsaka til ekspansjonen.⁹⁹ Oppgangssaga gav likevel vilkår for masseproduksjon av bord, med lågare produksjonskostnader. Den var arbeidssparande og førde til lågare leveringsprisar på borda.

Namnet oppgangssag kom av det lange, store og grove sagbladet som gjekk opp og ned, drive av vasskraft. Det vart nytta same teknikken som tidlegare vart gjort for hand, så dette var ein revolusjon som gjorde saginga mykje meir effektiv. Ein stokk som tidlegare gav to bord, fekk ein no fem til åtte bord av.¹⁰⁰ Ein mann med dreng kunne no skjera tre tylvter bord i døgeret, mot tidlegare knapt ei tylvt hoggenbord.¹⁰¹ Teknikken med oppgangssagene var den same frå dei vart oppfunne på 1400-talet, til dei gjekk over til dampssager på 1800-talet.¹⁰² Drifti av skogen vart meir lønnsam for den kunne utnyttast på ein heilt anna måte enn tidlegare, og låg skogen nær elvar og vatn fekk den større verdi.¹⁰³

Fortenesta var avhengig av tilgang på tømmer, stabil vasskraft og gode utskipingstilhøve. I byrjinga var sagbruka drivne av adel og storbønder, men etter kvart vart det ei viktig attåtnæring for vanlege bønder som åtte jordegods med skog. Det vart satt opp små bekkesager fleire plassar rundt Sognefjorden.¹⁰⁴

Dei første opplysninga om vass-sager i Sogn er frå eit skattemanntal for sagskatt i 1603. I Indre Sogn var då seks flaumsager skattlagde. Tre av dei var i Sogndal prestegjeld og soknepresten Mikkel Due skatta for 20 tylfter. Bonden Torbjørn Jensen Fardal skatta for 40 tylfter bord og leiglendingen David Amble for 25 tylvter. Ved å samanlikna storleiken på sagbruka så hadde saga i Fardal den tredje største skurd i Sogn, og var størst på nordsida av fjorden. På sørsida skar saga til Lars Sagmeister i Kinsedal ved Lusterfjorden 60 tylfter, og

⁹⁹ Tveite Stein 1961:26-27.

¹⁰⁰ Norsk økonomisk historie band 1 1500-1850. 1992: 42


¹⁰¹ Selseng 1984 :15

¹⁰² Rian band 5 1995: 95

¹⁰³ Heiberg 1990: 48

¹⁰⁴ Årbok for sogn nr.33, 1987. forfattar Rune Tangstad. Side 27

saga til Magne Laugmannsåsen på Frønningan 45 tylvter. Eg kan og nemne at Oluf Sagmeister i Fresvik skar 30 tylvter.¹⁰⁵ I 1612 var det kommen i drift ei ny sag på Kaupanger, der eigaren var Anders Smed.¹⁰⁶



**Kart over indre del av Sognefjorden med skog- og sabruksbygda Frønningan på sørsva
av fjorden vest for Vindedalen i Lærdal. Tingastad som ligg på nordsida av fjorden,
rett mot Frønningan, har eg merkt på kartet. Kaupanger og Amla er midt på biletet og
Fimreite til venstre. Kjelde Bergens Tidende. Ringane markerar stader der me har
opplysningar om sager på 1600- og byrjinga av 1700-talet. Kjelde: Sandal 1986 og
kartbok for Vestlandet (2007).**

Eit kongebrev frå 1616 sa at bortsett frå adels- og embedssager kunne berre dei som åtte odelsrett og odelsgrunn og som sjølv eigde tilstrekkeleg skog bruke sager. Forbodet blei

¹⁰⁵ Lie 1929:14

¹⁰⁶ Sandal 1986: 536-539

seinare modifisert slik at ein mot bevilling kunne bruka sager på kronas grunn.¹⁰⁷ For 1618 viser tabellen nedanfor at ni sager var skattlagde, og at tre av eigarane, Anders Smed, Kolbein og Jon på Haukåsen var leiglendingar. Vi ser av tabellen at nokre av sagbrukseigarane var leiglendingar. Ståle Dyrvik hevda at lovreglane som kontrollerte hogsten for leiglendingane, og det praktiske oppsynet frå dei store jordeigarane var så slapt at også leiglendingane dreiv skogen temmeleg fritt.¹⁰⁸ Skogsarbeid om vinteren konkurrerte ikkje med anna gardsarbeid, så bøndene var med i foredlingsarbeid og i sagbruksdrifta. Bøndene var fattige på kapital, men dei største utgiftene til vassaga var sagbladet. Trematerial og arbeid skaffa dei sjølv.¹⁰⁹

Tabell 2.7 Oppgåve over sagbrukseigarar, årsskurd – tylvter og stand1618

Eigar	Årsskurd -tylfter	Stand
David Tommassen Amle	100	Gardbrukar som åtte jord
Johannes Larsen	100	Ukjent
Torbjørn Jensen Fardal	100	Gardbrukar som åtte jord
Anders Smed Amle	80	Leiglending
Skak Kristensen Vesterheim	60	Gardbrukar åtte jord
Kolbein Haukås	40	Leiglending
Sokneprest Peder Schytte	30	Embetsmann
Jon Haukås	30	Leiglending
Lars Vangestad	30	Gardbrukar som åtte jord
Samanlagt	570	

Kjelde: Sandal 1986: 539. Bygd på Lensrekneskap 28.2 Lanskatt 1618

Det er variasjon mellom talet på sager i drift kvar gong sagskatten var innkravd. I perioden frå 1612 og fram mot 1632 var det stor auke i både i produksjon og i talet på sager. På denne tida var det komme sag på Engesæter.¹¹⁰ I 1620 åra hadde Anders Smed to sager. Etter Anders Smed kom Kolbein i Amla, og i 1632 er Kolbein oppført med ein årskurd på 60 tylvter. Det kom fleire nye sager på Kaupangerskogen og Haukåsen. I 1626 var det komme sag hjå Anders Hauståker, som i jordeboka er omtala som : *nyligen kommen til brug, hvortil findes nogen ringe skouff.*¹¹¹ Ein annan merknad i same jordebok var at i Stedje sokn var

¹⁰⁷ Aschim 1998:57. Bygd på A. Ropeid, Hønefoss, Første bind. Sagbruk og sagarbeidere 1600-1800. Oslo 1952:20

¹⁰⁸ Dyrvik 1992:43. (Artikkel i Norsk økonomisk historie 1500-1970. Band 1 1500-1850.)

¹⁰⁹ Norsk Økonomisk historie. Band 1 1500-1850. 1992:43

¹¹⁰ Sandal 1986:539

¹¹¹ Sandal 1986: 539

en ringetømmerskouff og mesteparten udhugget . I motsetnad til Kaupanger sokn der kommentaren er *Til de tvende jordr Amble findes tvende flombsouager hvortil er god skov at bekomme----*¹¹² Dette kan ha samanheng med at skogen i Sogndal var uthoggen.

Torbjørn Fardal auka årsskurden til 110 tylvter i 1629 og til 120 i 1632, før det gjekk noko ned att. To av prestane på Stedje var sagbrukseigarar tidleg på 1600-talet. Sagbruket var plassert innafor Barsnes ved Sagelvi eller på grunnen til Ølnes. I 1639 åtte ingen av prestane sag, men saga var oppført som Ølnes sag. Ho har stått ubrukt det året ho ikkje svara bordskatt, men tre år seinare skar ho 20 tylvter.¹¹³

I kva grad var så bøndene involverte i skog- og sagbruksdrift fram mot 1660-talet? Morten Larsen i Amla, var stor jordeigar både i og utanfor prestegjeldet. Han var ført som vekedagsbonde under Kaupanger setegard i 1647, men var gift med Guri Mikkelsdotter Due, dotter til soknepresten Mikkel Due d.y. og futedottera Mette Jensdotter Holst.¹¹⁴ Karen Fardal var enka etter Torbjørn Fardal, som døde kring 1646. I Fardal hadde dei liten skog, og måtte kjøpa tømmer. Begge desse bøndene åtte mykje jordegods og flaumsager. Brørne på Vestreim var sjølveigarar og åtte i saman tre bekkesager. Sagbruka på Vangestad, Engesæter og Haukåsen, var no så små og var berre periodevis i drift og at dei truleg knapt saga til eigebruk.¹¹⁵ Desse sagbrukseigarane var leiglendingar, så det er mest sannsynleg at dei berre brukte sagene.

¹¹² Sandal 1986:537

¹¹³ Sandal 1986: 539

¹¹⁴ Heiberg 1990: 124

¹¹⁵ Sandal1986: 544:

Tabell 2.8 Sager i drift i tida kring 1643-1660. Eigar, type sag, årsskurd, skog, skatt og stand.

Eigar	Flaum-sag	Bekke-sag	Årskurd Tylfter	Skog	Sag-skatt	Sag-meistarskatt	Stand
Kaupanger setegard	3		Skattefri	Skattefri			Embetsmann
Morten Lauritsen Amle	1		100-150	God	14 rdl	3 rdl	Gardbrukar som åtte jord
Samuel Loss, Amle	1		100-150	God	14rdl	3 rdl	Embetsmann
Karen Fardal	1		100-150	Liten	12rdl	3 rdl	Gardbrukar som åtte jord
S.prest P.O Hanning på Ølnes		1	80-100	God	6 rdl	2 rdl	Embetsmann
Lars, Kristen og Ola Vestrheim		3	40-60-100 på kvar sag	God	6 rdl	2 rdl	Gardbrukar som åtte jord

Kjelde: Sandal 1986: 544 , bygd på skattemanntal i 1640 åra.

I skattematrikkelen frå 1647 er det registrert 3 rdl i sagmeistarskatt hjå dei tre som åtte flaumsager, og 2 rdl hjå dei som åtte bekkesager. Kristen og Ola Vestreim hadde ikkje sagmeistrar, men skar sjølv.¹¹⁶ (Lars må ha betalt sagskatten). I tillegg til denne skattelista frå Sogndal prestegjeld er det opplysningar i Peder Madsen Fimreite si rekneskapsbok frå 1630-53, og skifteprotokoll at arvingar etter Torbjørn Gauteson Dal og Peder Madsen om sagbruk på Frønningan og Tingastad.¹¹⁷ Hans Fimreite skal ha ått 1/10 i Indre Frønningan sag og tilhøyrande skog.¹¹⁸ Gjertrud Torbjørnsdotter på Ty sin lott vart ført på ektemannen Petter Andersen Skott.¹¹⁹ Peder Andersen Skott sette i 1658 opp Indre Tingastad sag på Tingastad. Fire år seinare sette Nils Anderson Tingastad opp Ytre Tingastad sag.¹²⁰ Tingastad var allmenning som bøndene i Vik, Balestrand og Leikanger kjøpt hjå ein mann av den norske adelsætten Benkestok.¹²¹

¹¹⁶ Fladby og Marthinsen 1995: 66-67

¹¹⁷ Madsen Peder 163-? : 85.

¹¹⁸ Digitalarkivet. Skanna skifteprotokollar av mikrofilm. Protokoll nr. 1 : 9-11. 28 .jan 1667.

¹¹⁹ Ugulen 1997-98: 249

¹²⁰ Bøthun 1979: 442

¹²¹ Hopperstad 1956:292

2.3.3. Sagbruksnæringen frå 1660 fram mot 1680 åra

I 1661 viser Landskommisjonen at talet på sager i drift var auka frå 10 til 17 sager. På Barsnes var det ei sag brukt av Øystein. På Ylvisåker en *ringe saug brukt ab salig Torbjørn Jensens born*. Den er registrert som ei sag.¹²² Ved Ylvisåker er der ikkje elv, så den saga må ha vore plassert i Fardal der det er stor elv, og har vore sagbruk heilt til dei siste år. I Amla var det komne fire sager i forhold til to frå førre teljing. Elias Loss har fått to, medan Anders Feddersen har fått ei, Peder Amle har ei etter svigerfaren Morten Larsen. Kaupanger setegard hadde framleis tre sager. På Kaupangskogen hadde Torbjørn Valeberg ei sag, Peder Amle hadde to sager på Engesæter, Kristen og Ola Vestereim to sager. Bror deira Lars, var no kommen på nabogarden Hovland og er oppført med ei bekkesag. Leiglendingen Nils Hauståker som bygsla hjå borgermeistar Vilchen i Bergen og Mathis og Torbjørn på Haukåsen registrert med ei bekkesag kvar. Dette er bygsla hjå Torbjørn Fardal. Valeberg var ått av enka etter borgaren Nils Pedersen.

Tabell 2.9 Sager i drift i Sogndal prestegjeld 1661 og stand til eigaren

Eigar	Tal sager	Bekkesager	Stand
Kaupanger setegard	3		Emebetsmann
Elias Loss og Ola Sørensen	2		Emebetsmann
Peder Engesæter	2		Gardbrukar som åtte jord
Kristen og Ola Vestrheim	2		Gardbrukar som åtte jord
Anders Feddersen	1		Emebetsmann/gardbrukar
Peder Amle	1		Gardbrukar som åtte jord
Torbjørn Valeberg	1		Leiglending ¹²³
Barsnes sag, brukt av Øystein	1		Emebetsmann
Salig Torbjørn Fardals born	1		Gardbrukar som åtte jord
Lars Hovland		1	Gardbrukar som åtte jord
Nils Hauståker		1	Leiglending ¹²⁴
Torbjørn og Mathias Haukås		1	Leiglending ¹²⁵
Samanlagt	14	3	

Kjelde Sandal 1986: 545. Bygd på landskommisjonen jordebok 1661 pk. 24 og pk. 26

¹²² Sandal 1986: 545

¹²³ Fladby og Marthinsen 1995:46

¹²⁴ Fladby og Marthinsen 1995:46

¹²⁵ Fladby og Marthinsen 1995: 47

2.3.4 Omveltingar i sagbruksnæringa på slutten av 1680-åra.

Gjennom heile hundreåret hadde kongen prøvd å redusert uthogginga av skogen med restriksjonar og lokale hogstforbod. Det vart hogge skog med grove dimensjonar, for ungskogen var for liten og gav for smale bord. Transporten var for lite utvikla og derfor vart skogen nærmast sagbruka uthoggen.¹²⁶ I 1686 forbaud kongen embetsmennene å driva trelasthandel i deira distrikt, men lova vart ikkje handheva.¹²⁷ Same år vart det skipa sagbrukskommisjonar som bestod av høge rangspersonar i styringsverket og lokale lensmenn og lagrettemenn.¹²⁸ Dei skulle halda synsforretningar over sagene, og i 1688 sette dei i verk eit nytt sagbruksreglement.

Kommisjonen i 1688 kom til at det var 1200 sager i Noreg som skar vel 6 mill bord, men at skuropptilsetningane var for små. 536 sagbruk med ein skur på vel 1 mill vart avskaffa, medan 664 bruk med ein skur på vel 5 mill bord vart ståande. Skurden var så stor at det framleis var fare for uthogging. Derfor vart det vedteke at alle sagbruk som fekk stå måtte redusera årsskurden med 1/3. Blant anna skulle uprilegerte bygdesager ha rett til å saga for lokalt behov, men berre dersom dei hadde vore i drift i minst 30 år. Gjennom denne reguleringa vart mange sager nedlagde. Dei som fekk stå fekk no eit nytt tillegg i verdi ved privilegium og kvantum.¹²⁹ Konklusjonen er at dei største sagbruka som vart bygde tidleg, fekk gode forhold, medan dei små bekkesagbruka som vart bygde etter 1658 måtte nedleggast. Dette reglementet var til fordel for dei store sagbrukseigarane. Alle måtte redusera med same prosentdel, men fylgjene vart større for dei små enn dei store.¹³⁰

¹²⁶ Ropeid 1952 el 1983: 313

¹²⁷ Rian 1997:340-341, bygd på RA. Danske Kanselli.Skap 8,pk.103b

¹²⁸ Sandal 1986: 548

¹²⁹ Tveite 1961:23

¹³⁰ Ropeid 1952 el 1983: 321-322

Tabell 2.10 Oversikt over sagbrukskommisjonens 1687 si registrering i Sogndal prestegjeld.

Eigar, brukar	Sag	Årskurd tylvter	Tømmer	Merknad	Stand
Ivar von Ahnen	Kaupanger 2 stk og Vangestad sag	1600	Alt sjølv	Eigen adeleg hovudgards grunn. Eldgamle.	Embetsmann
Enka etter Peder Jensen, Ølgård	Amla 2 stk	600	Alt sjølv.	Eldgamle.	Gardbrukar som åtte jord
Anders Feddersen	Amla	300	Alt	Gamal. Eigen odelskog. Kjøpt av Ivar Wind.	Embetsmann
Anne Fardal, Ola Ylvisåker og Peder Skjeldestad	Ylvisåker sag i Fardal	300	Lite eige og kjøpt.	Frå før 1617, gamal, men dyktig. Flaumsag.	Gardbrukar som åtte jord
Hans Jonasson. Arving til presten	Barsnes	200	Meir skog enn det trongst til saga.	Eigen grunn. Ca 60 år. Bekkesag, nytta kort tid på året.	Embetsmann
Anders og Jens Hauståker	Hauståker	120	Alt sjølv	Odelsgrunn. Eldgamal.	Leiglending
Jens Pedersen og Nils Kristenesen	Eide sag	100	Litt eige, resten av allmugens allmenning.	Gamal sag på eigen odelsgrunn.	Gardbrukar som åtte jord
E:Skak Ormsøn og B: Torgeir Kolbeinsen	Valeberg sag	100	Problem med drift og presten.	Eigen grunn. Overteken av Presten sine arvingar.	Gardbrukar som åtte jord
Kristen Skaksen Vestreim	Vestreim	100	Problem med presten	Farens odelsgrunn.	Gardbrukar som åtte jord
Oluf Skaksen Vesterheim	Vesterheim	100		Eigen grunn. Gamal.	Gardbrukar som åtte jord
Laurits Skaksen	Hovland	100		Eigen odelsgrunn.	Gardbrukar som åtte jord
Kommisarius Walter Risbrech	Kvåle	100	Til garden og bøndene.	Eigen grunn. Til fjells. Truleg ikkje gamal.	Embetsmann
Peder Pederson Hanning	Sikken Bekkesag	50	Kjøpt av almuen.	Bygd 1679 på bondegodsets odelsgrunn. Ubrukeleg. Avslag.	Embetsmann

Kjelde: Sandal 1986: 547-550, bygd på Danske Kanseli, Skåpsaker, Skåp 8, pk 104.

Kor mange av desse fekk halda fram, og kor mange vart nedlagde? Av sagene som fekk halda fram etter kommisjonen var ferdig med arbeidet kjem eg til 14 sager. Presten Hanning fekk avslag på Sikken bekkesag, den var ubrukeleg. Eg vil og tru at Kvåle sag vart nedlagt etter dette. Den har truleg vore av yngre dato, og det er ikkje fleire spor etter saga i kjeldene. I oktober 1743 opplyste presten C. Heiberg i eit skriv om Sogndal at når det gjaldt sager i prestegjeldet at det var fem på Kaupanger, tre i Amla, to på Vestreim. Barsnes og Kjørnes hadde ei kvar, det var det i Fardal og, men den var utan tilhøyrande skog.¹³¹ Saga på Kjørnes meinast truleg den som var i Eidet.

2.3.5 Korleis var økonomien for gardbrukarane som åtte sager?

Det er ikkje så mange kjelder som fortel om lønnsemda i skog- og sagbruksnæringa i Sogn på denne tida. Lokalt er det Peder Madsen si rekneskapsbok frå kring 1630-1653.¹³² Skifte frå 1670 fortel oss at halve saga i Eidet var taksert til 10 riksdalar, det same var halve saga i Tingastad verd. Det låg 59 tylvter kjøpmannsbord ved saga, taksert til 22 riksdalar.¹³³ Stein Tveite har arbeidd med trelasthandel mellom Noreg og England og har utarbeida ein tabell med prisa på bord i Engelsk- Norsk trelasthandel 1640-1710.¹³⁴ Han hevda at det finst lite eller inkje prent om bordprisane, sjølv om sagborda var den viktigaste eksportartikkelen frå Noreg i det 17. og 18.hundreåret. Han har funne prisar frå bord frå Kristiansand til England.¹³⁵ På bakgrunn av det, vel eg å nytta den tabellen for å få eit bilet av kva gardbrukarane kunne få ut av sagene.

Prisane på varer er interessant for å få eit bilet av kva bøndene som åtte sager fekk ut av dette. Ut frå tabellen til Tveite kan vi sjå at det er store variasjonar i fortanesta frå år til år. Høgst pris var i 1637 med 10,03 rdl pr. storhundre for gode bord, lågast pris på 5 rdl var i 1667, medan i 1699 var prisen kome opp att i 10 rdl. I 1688 var prisen på 5,95 rdl pr. storhundre. Vidare ser det ut til at sagbruksreglementet ikkje berre hindra omfanget av skurden, men også prisane på varene. Frå 1687 til 1688 seig prisane med nesten 3 riksdalar.

¹³¹ Flugheim Årbok II 1923.

¹³² Kopi av avskrifta av rekneskapsbok ført frå 20.03.1630 til 1653 av Peder Madsøn på Fimreite. Innlånt 3/11 1965 frå Heiberske Samlinger.

¹³³ Sandal 1986: 541.

¹³⁴ Tveite 1961:544-545

¹³⁵ Tveite 1961: 544

Ikkje før i 1693 nådde dei 8-talet igjen.¹³⁶ Eg antek at dei skar maks av det som vart oppgjeve, og ein må rekna med kring ein tredjedel til produksjonsutgifter. Eg har heller ikkje teke omsyn til at familien i Fardal måtte kjøpe tømmer.

Oversikta over forteneste for bøndene som åtte sager blir då som i tabellen under. Der reknar eg at årskurd tylvter var ferdige bord, og prisane er på gode bord frå Kristiansand til eksport i England. Eg reknar med at material av därlegare kvalitet vart nytta i lokalt, og ein må og ha i tankane avfallsprodukta av tømmeret.

Tabell 2.11 Brutto -inntekter bønder som åtte sager 1643-1687.

1643-1660				
Sagbrukseigar	Årskurd tylvter	Gj.snitt pris storhundre i rdl		Brutto rdl
Morten Amle	150	8,37	125,55	
Brødrene Vestreim	200	8,37	167,4	
Karen Fardal	150	8,37	125,55	
1664				
Engesæter	100	5,5	55	
Peder Amle	200	5,5	110	
Brødrene Vestreim	300	5,5	165	
Fardal	280	5,5	154	
Valeberg	110	5,5	50,5	
Hauståker	80	5,5	44	
1687				
Ølgård Amle	600	8,75	525	
Eide Sag	100	8,75	87,5	
Vestreim	300	8,75	262,5	
Fardal	300	8,75	262,5	
Valeberg	100	8,75	87,5	
Hauståker	120	8,75	105	

Kjelde 1643-60: Sandal 1986: 544 , bygd på skattemanntal i 1640 åra.

Kjelde 1664: Sandal 1986: 546, bygd på Amtsrekneskap 12.3, 1664

Kjelde 1687: Kjelde: Sandal 1986: 547-550. Danske Kanseli, Skåpsaker, Skåp 8, pk 104.

Tveite 1961: 544-545. Prisane er i rdl for storhundre som er 10 tylvter. 1 tylvt er 12 stk. Bygd på Tveite sin tabell over prisar på bord frå Kristiansand til England.

Tabellen viser bruttoinntekter på sagbruka. Her må ein ha i mente at ein må trekke frå sannsynlegvis ein tredjedel til produksjonskostnader og skatt. Uansett viser oversikta at her er

¹³⁶ Tveite 1961: 544-545.

enorme inntekter i forhold til kva som var vanleg verdi i eit skifte etter ein gardbrukar i Sogndal prestegjeld. Gjennomsnitt nettoverdi i eit bondeskifte i prestegjeldet låg i underkant av 80 riksdalar. I tillegg må me rekna med at dei som hadde skog og sag også kunne levera bjelkar og tønneband til dei skotske og hollandske skipa som vitja Vestlandet på 1600-talet. Slik var det i alle tilfelle i Ryfylke.¹³⁷

Inntektene frå sagene var avhengig av storleiken på tømmerdrifta. Var ein eigar av både skog og sag, var det fordelaktig. Då var ein ikkje avhengig av skogeigarar for å skaffe råvarer. Mesteparten av arbeidet på sagene var skurden. Avfallsproduktet frå skurden, hunen, vart utnytta både til husbygging og ved og var nok verdifullt. Vedlikehald av sager, reparasjonar av renner og hjul og oppreinsking av elvar og ettersyn av sagdammar gav arbeid utafor sesongen.¹³⁸

2.3.6 Verdien av sagbruka?

Sagbruка representerte store kapitalverdiar. Det var store renner, bruer, vasshjul og dam. Oppgangsaga var eineståande, her kunne ein saga kva slags dimensjonar som helst. Dei fleste sagene var små og vart sette i gang ved dei små elvane. Største utgifta var sagbladet. I eit skifte på Hauståker i 1666 er sagbladet verdsett til 1,5 riksdalar, det halve av verdien av ei ku. Ei sagfil var verd 1/8 riksdalar. Elles vart det nytta trematerial og arbeidet gjorde dei sjølve. Eit skifte frå 1681 viser verdi av heile sager der Jørgen i Eidet åtte halvparten av ei gammal sag med tilhøyrande og brukande reiskap var verd 8 rdl, der Peder Mogensen på Frønningan kravde 2 rdl i buet for sagblad han hadde levert.¹³⁹

Forutan verdien av sagbruка hadde sjølvsagt vassrettane store verdiar. I 1690 vart brørne Hans, Jens, Gaute Fimreite og Mads Nornes stemna av Hans Klausen på Frønningan fordi dei nytta 4de vatnet ved Frønningsagene til halvparten av ei sag dei åtte på Frønningan. Fimreite-brørne la fram skriftleg innlegg i saki i tillegg til kjøpebrev dagsett 8.mai 1635 og lagmannsdom frå 7.august 1650. Ein av vitna deira var Torbjørn Valeberg, som hadde tent ved saga for 40 år sidan, altso kring 1650. Retten sa om vitna at desse var tenrarar som hadde

¹³⁷ Lillehammer Arvid: The timber trade and the Ryfylke farmers c.1500-1700. In Timber and trade, lokalhistorisk Stiftelse 1999,:14-18

¹³⁸ Timberlid 1978 :127

¹³⁹ Sandal 1986: 540

skore etter forpaktarane sin vilje. Domen sa at Fimreite brørne ikkje hadde rett til meir vass - laup enn det som renn naturleg til saga.¹⁴⁰ Problemet med vassrettane var ved turke og frost.

2.3.7 Oppsummering

Spørsmålet i dette kapittelet var i kva grad bøndene i Sogndal Prestegjeld var involverte i sagbruksdrift. Kaupanger er rekna som den største skogsbygda i Sogn. Oversikta over sagbruk frå skattemanntalet i 1603 viser at saga i Fardal skar den tredje største skur i Sogn, og var den største saga i Sogn på nordsida av Sognefjorden. Saga i Kinserdal og Frønningan skar meir. I 1636 endra dette seg med at Kaupanger gard vart adeleg setegard med dei privilegia det førte med seg. Kaupanger og Amla vart gods, og i ein klasse for seg sjølv. Men uansett greidde dei best etablerte sagbrukseigarane, brørne på Vestreim og i Fardal seg jamt og greitt, med i perioden 1643-1660 ein årskurd på 40-60-100 tylvter på kvar sag på Vestreim. I Fardal og Amla, skar dei i same periode 100-150 tylvter. Etter sagbrukskommisjonen i 1688 sitt arbeid var ferdig, var det Sikken bekkesag som presten åtte, som fekk avslag. Dei andre både i Eidet og Engesæter tilhørde familiane til Vestreim og Peder Amle. Hauståker var leiglending, men det var truleg eigaren som fekk halda fram med saga.

2.4. Formue

Skifta er den beste kjelda til å visa økonomiske forhold i eit hushald. Det er for tidkrevjande å gå gjennom alle skifteprotokollar, men for å få eit bilet av den økonomiske situasjonen nyttar eg avskriftene til fylkesarkivet. Her er gjelta trekt frå eiga, og eg nyttar nettoverdien som er oppgitt i pengar, og rundar av til nærmeste heile riksdalar, etter at alt er taksert. Eg byggjer på dei eldste protokollane som tek til i 1666, og går fram til 1748. Eg reknar med at dei siste bøndene i undersøkinga kan ha levd til då. I denne perioden er det store lakunar for åra 1685-1689, 1695-1708, 1722-1736. Fleira av skifta tilhører personar i same familie, og det er skifte etter fleire generasjonar. Det er bevart 377 bondeskifte med verdi i prestegjeldet for denne perioden. Gjennomsnittet for eit bondeskifte i prestegjeldet var på i underkant av 78 riksdalar i nettoverdi, med stor skilnad mellom skipreida. I Norum skipreide var gjennomsnittverdien det dobla av det den var i Sogndal. Grunnen til det er at i Norum skipreide var nokre familiar som skilde seg sterkt ut, med ein svært stor formue.

2.4.1 Norum skipreide 1666-1748

I Norum skipreide er det registrert 181 skifte etter gardbrukarar eller ektefellane deira med verdi i perioden frå 1666-1748. Det var eitt bu som utmerka seg spesielt med ekstra store

¹⁴⁰ Bøthun1965 Gardsoga 1:197-199

verdiar. Dei var etter ei kvinne, Guri Pedersdotter i Eidet med ein nettoverdi på 2363 riksdalar i år 1720. Ho var dotter til Peder Jensen og Ølgård Mortensdotter i Amla. I dette skipreidet var det åtte skifte med meir enn 400 riksdalar, og 19 mellom 200 og 400 riksdalar. Desse skifta har drege opp gjennomsnittsverdien i skipreide til vel 100 riksdalar. Ut frå dette viser eg nedanfor ein tabell med oversikt over bondeskifte med ein nettoverdi på 200 riksdalar eller meir. Resultatet blir 27 personar, både kvinner og menn.

Tabell nr. 2.12.a. Nettoverdi i skifte Norum Skipreide 1666-1748. Namn, år og nettoverdi.

Namn	Årstal skifte	Riksdalar
Guri Pedersdotter Eidet	1720	2363
Lars Slinde	1712	852
Jens Pedersen Amle	1693	804
Jens Torbjørnsen Ylvisåker	1683	770
Kari Nilsdotter Øyre	1743	559
Erik Pedersen Klingenberg Amle	1736	530
Ola Hansen Ølmheim	1744	432
Skak Kristensen Vestreim	1721	428
Kristi Nilsdotter Ølmheim	1737	368
Johannes Øyre	1721	351
Kari Narvesdotter Slinde	1713	308
Bodil Johannesdotter Lerheim	1737	289
Jens Kvam	1720	282
Atle Olsen Øvretun Øvstedal	1738	265
Johannes Ellingsen Slinde	1721	241
Hans Pedersen Fimreite	1693	240
Johannes Ølmheim	1718	227
Knut Jakobsen Kvam	1745	227
Jon Anfindsen Gunnvordal	1735	225
Torbjørn Mikkelsen Fardal	1709	224
Nils Mikkelsen Fardal (Eskestrand)	1711	223
Synnøve Larsdotter Fardal	1737	222
Hans Madsen Nornes	1747	217
Peder Skjeldestads's enke	1689	213
Magdeli Jonsdotter Hollekve	1746	213
Mons Ellingsen Slinde	1714	210
Mikkel Hansen Ospesæter	1744	200

Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sine databasar, lagt ut på internett, register og skanna skiftemateriale på digitalarkivet sine internettssider.

Tre av borna til Peder Jensen og Ølgård Mortensdotter i Amla, hadde meir enn 500 riksdalar i nettoverdi. Guri Pedersdotter som var gift med Nils Kristensen som kom frå Vestreim hadde mest. To storbønder, Lars Slinde med 870 riksdalar, og Jens Torbjørnson Ylvisåker med 770 riksdalar, skilde seg og sterkt ut. Som vi ser av tabellen ovanfor er det fleire namnegardar som går att og slektskapen mellom desse kjem eg attende til i kapittel fire.

Skiftet med høgast nettoverdi i Norum skipreide, var som nemnt etter Guri Pedersdotter i Eidet, som var yngste dotter til Peder Amle. To av brødrane hennar, Jens Pedersen Amle og Erik Pedersen Klingenberg Amle, etterlet seg formuar på høvesvis 804 og 530 riksdalar. Guri Pedersdotter var gift med Nils Kristensen, gjestgjevar i Eidet under Engesæter.¹⁴¹ Nils Kristensen var son til Kristen Skakkson på Hovland.¹⁴² Dette er døme på velståande bønder som har klart å etablert seg og helst styrka sin posisjon. Skakk Kristensen Vesterheim som etterlet seg ein nettoformue på 428 riksdalar i 1721, var gift med Anne Pederdotter, syster til Guri, Jens og Eirik.

Ei gruppe med ein verdi frå 100 til 199, som er over gjennomsnittet, er det registrert 26 skifte. Av desse var ni, meir enn ein tredjedel frå Sogndalsdalen. Agate Olsdatter var gift med Jon i Gunnvordalen, og i det skiftet er det nemnt mange debitorar.¹⁴³ Dette har eg dverre ikkje tid til å undersøke.

Gruppa under 100 riksdalar, utgjorde 128 skifte . Ut frå opplysningar i skifteprotokollen er det stort sprik mellom høgaste og lågaste verdi i skifta. Heile 20 skifte viste verdi fem riksdalar eller lågare. Dette indikerar at det var stort økonomisk skilje i dette Norum skipreide.

2.4.2 Sogndal skipreide

I Sogndal skipreide er det registrert 196 bondeskifte skifte med nettoverdi i perioden frå 1666-1748. Verdien av eit gjennomsnittskifte i Sogndal skipreide var i underkant av 50 riksdalar,

¹⁴¹ Heiberg 1990:129

¹⁴² Selseng 1984: 19

¹⁴³ fylkesarkiv.no protokoll 5b side285 dato: 17.11.1741.

<http://www.fylkesarkiv.no/side/s%C3%B8k-i-basar/?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?lang=nor>
10.mai 2011.

men gjennomsnitt for heile prestegjeldet var i underkant av 80 riksdalar. Nedanfor viser eg ein tabell med meir enn 100 riksdalar i nettoverdi.

Tabell nr. 2.12.b Skifte med nettoverdi over 100 riksdalar og årstal for skifte i Sogndal skipreide 1666-1748

Namn	Årstal skifte	Riksdalar
Anne Nilsdotter Bahus	1717	312
Ingeborg Eriksdotter Årøy	1709	246
Synnøve Sjursdotter Dvergedal	1739	236
Johannes Husum	1690	206
Lasse Amundsen Vikheim	1745	191
Solveig Samsonsdotter Hove	1741	171
Gjest Ellingsen Kvåle	1745	168
Torstein Olsen Haug	1745	153
Ane Nilsdotter Åberge	1721	148
Aamund Årøy	1690	141
Kristi Jonsdotter Kvåle	1721	141
Mikkel Åberge	1673	138
Synnøve Pedersdotter Husum	1745	135
Lars Åberge	1712	125
Ola Johansen Kvåle	1745	116
Marita Nilsdotter Kvam	1721	110

Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sine databasar, lagt ut på internett, og register og skanna skiftemateriale på digitalarkivet sine internetsider.

Tabellen viser 16 skifte med nettoverdi over 100 riksdalar. Dei tre mest verdifulle skifta var etter kvinner. Men verdien i desse skifta er av heilt andre dimensjonar enn i Norum skipreide. Når vi ser på namna i skiftet, viser det at den økonomiske velstanden er spreidd rundt heile skipreidet. Enkelte namnegardar går att. Eit døme er Johannes Husum som var skift etter i 1690, og Synnøve Pedersdotter Husum i 1745. Det var 55 år mellom desse skifta, og ved nøyare etterrøking finn eg at Johannes var oldefar til Synnøve.¹⁴⁴ Ho var 23 år då ho døde, men dette eksempelet viser at dei greidde å bevare formuen gjennom generasjonar.

Høgaste nettoverdi i skifta i bondeskifta var etter Anna Nilsdotter Carls på Bahus, med ein nettoverdi på 312 riksdalar. Ho etterlet seg enkemann Morten Pedersen, son til Peder Amle, og bror til dei mest velståande i Norum skipreide. På dette tidspunktet vart gardane Hofslund

¹⁴⁴ Timberlid-Selseng 2007, band 2:456

og Bahus drivne ilag. Hofslund vart gjestgivarstad, og etter kvart fast tingstad i skipreidet. Morten, har som syster Guri i Eidet, funne på å驱va med gjestgjevar som ein leveveg.¹⁴⁵ Det er registrert fire skifte i Sogndal i denne perioden, med meir enn 200 riksdalar. Av dei som utmerka seg med over 200 riksdalar var to kvinner: Ingeborg Eriksdatter Årøy og Synnøve Sjursdotter Dvergedal. Gardane desse kvinnene døde på, er nabogardar, som ligg ved grensa mot Hafslo.

Ingeborg Eriksdotter Årøy, kom frå ei framståande slekt på Hafslo. Ho var først gift med Amund Årøy, seinare Elling Årøy, som var son til Johannes Husum.¹⁴⁶ Synnøve Sjurdotter Dvergedal, som det var skift etter i 1739, var dotter og femte barn til Sjur Dvergedal, ho var brukar etter broren Johannes og gift med Ola Sølfestson.¹⁴⁷ I Sogndal skipreide var det 14 skifte med nettoverdi mellom 100 og 200 riksdalar. I gruppa med verdi mellom 50 og 100 riksdalar var det registrert 47 skifte. Skifte med låg verdi, under fem riksdalar var 20 skifte.

2.4.3 Oppsummering

Ved å undersøke nettoformuen i skifta i perioden frå 1666 til 1748, får eg med fleire generasjonar. Det er bevart om lag 380 bondeskifte med verdi i prestegjeldet for denne perioden. Det var stor skilnad i verdi i skifta mellom desse skipreida, og gjennomsnittet var nesten det doble i Norum i forhold til Sogndal. Gjennomsnitt for prestegjeldet var i underkant av 80 riksdalar. Eg sit att med inntrykket at det var eit enormt sprik frå dei som hadde mest å rutte med i denne bygda, og dei som hadde nesten ingenting.

I Norum skipreide viser tabellen at enkelte namnegardar var representert med høge verdiar. Dei mest velståande var og i same nære familie, tre var sysken og fleire andre var gifte inn i familiar med kvarandre. Ho som var på topp i Sogndal skipreide, var gift med bror til dei tre mest velstående i Norum skipreide. I Sogndal var det mykje mindre verdi i skifta enn i Norum. Her var verdiane jamnare fordelt, mellom dei det var skift etter, og det høgaste skiftet låg på 312 riksdalar, medan i Norum hadde 10 bønder meir enn 350 riksdalar.

¹⁴⁵ Timberlid-Selseng 2007 band 1: 428

¹⁴⁶ Timberlid-Selseng 2007 band 1:45

¹⁴⁷ Timberlid-Selseng 2007 band 1: 165

Kapittel 3 Verv

3.1 Lagrettemenn

I det gamle bondesamfunnet fanst det mange ombod som bøndene sjølv fylte. Det gjaldt omboda som lagrettemenn, bondelensmenn og kyrkjeverje. Fanst det så ein elite som tok på seg desse oppgåvene eller var dei fordele på ei stor gruppe bønder? Eg vil i arbeidet med denne oppgåva granska forholda i Norum- og Sogndal skipreide i perioden 1647-1707. I dette delkapitlet vil eg byrja med dei som deltok som lagrettemenn i lagretten. Som kjelde nytta eg tingbøkene frå Indre Sogn. Den første som er bevart er frå juni 1648, og det er komplett til 1655, men Sogndal er ikkje registrert i 1655. Vidare er det store lakunar fram mot 1670-åra, men serien er nærast komplett i 1680-åra.

Eg har delt granskninga av lagrettemennene i to periodar, den første frå 1647 til og med 1654, den andre frå 1663 til og med 1707. Den siste perioden for å få med eventuelle endringar som fylgje av norske lov 1687. Før 1687 var det menn med bestemte kvalifikasjonar og referansar som skulle ha omboda, men etter 1687 skulle alle *boefaste Mænd*¹⁴⁸ ha vervet eit år om gangen. For å få svar på om det var ulikskap i bondesamfunnet, kan det vera interessant å finne ut om denne lova vart følgd. Ved å granske rekrutteringa kan ein finne svar på om det var ein elite som møtte oftare og over lengre periodar.

3.1.1 Lagrettemenn 1648-1654 i Norum skipreide

Første tingboka er frå juni 1648, og det er naturleg å identifisera desse menn ut frå gardbrukarar registrert i Skattematrikkelen 1647.

I Norum skipreide er det i skattematrikkelen 1647 registrert i underkant av 70 gardbrukarar. Søren Skjeldestad er registrert som lensmann, men er med i teljinga frammøte i lagretten, då det ikkje alltid kjem klårt fram kven som var bondelensmann.¹⁴⁹ 32 menn er registrert som lagrettemenn i perioden 1648-1654.¹⁵⁰ I underkant av halvparten av alle som er registrert som bønder i Norum skipreide, deltok som lagrettemenn denne perioden. Til saman har eg registrert 152 deltakingar, i gjennomsnitt blir det i underkant av fem deltakingar kvar, men nokre deltok langt fleire gonger enn andre. Mannen som møtte flest gonger var Ola Øvstedal, som deltok på 13 tingmøte, frå 1649 til og med 1654. Nummer to var Ingebrigts Slinde som

¹⁴⁸ Norske Lov 1687: 1-7-2

¹⁴⁹ Martinsen og Fladby 1995:43-48

¹⁵⁰ Indre Sogns Tingbog nr. 1, 1648-1652, Indre Sogns Tingbog nr. 2, 1652-1653, Indre Sogns Tingbog nr. 3, 1654-1655.

deltok 12 gonger i same periode. Søren Ospeseter kom ikkje inn før i 1650, og han er registrert 11 gonger, og sat ut 1654. To menn sat som lagrettemenn heile perioden, Svein Ølmheim deltok fem gonger og Ørjan Amle fire gonger, begge under gjennomsnitt. Både Søren Skjeldestad, Erik Eskestrand og Peder Engesæter var bondelensmenn i denne perioden. Nesten alle lagrettemennene hadde nær maksimal funksjonstid i den perioden eg har undersøkt.

Tabell nr. 3.1. Deltaking over gjennomsnitt som lagrettemenn i Norum skipreide 1648-1654. (Gjennomsnitt = 5 frammøte)

Namn	Tal frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Ola Øvstedal	13	1649	1654	6
Ingebrigt Slinde	12	1649	1654	6
Søren Ospeseter	11	1650	1654	5
Narve Nornes	8	1649	1653	5
Unge Hans Ølmheim	8	1649	1652	4
Erik Eskestrand	8	1649	1654	6
Åmund Lerum	7	1649	1654	6
Klemet Vatlestad	7	1649	1654	6
Endre Lomelde	7	1649	1652	4
Unge Hans Fimreite	6	1648	1653	6
Søren Skjeldestad	6	1649	1651	3

Kjelde: Indre Sogn tingbok nr.1,2,3

3.1.2 Lagrettemenn Sogndal skipreide 1648-1654

I Sogndal skipreide var det i skattematrikkelen 1647 registrert i underkant av 60 gardbrukarar. Av desse er 31 bønder registrert som lagrettemenn. Om lag halvparten av bøndene i dette Sogndal skipreide har delteke som lagrettemenn denne perioden. Eg har registrert til saman 127 frammøte av lagrettemenn, noko som gir eit gjennomsnitt på godt fire deltakingar for kvar gardbrukar. Til saman elleve menn deltok meir enn fem gonger.

Som lagrettemann tronar Erik Flugheim på topp, med 13 frammøte i ei funksjonstid på sju år, over heile perioden. Unge Jakob Kvam, Trond Ormalseng og lensmannen i 1647, Sjur Åberge, tente i seks av åra, og møtte ni gonger kvar. Kristen Kvåle møtte på tinget åtte gonger i same periode. Stein Kvåle deltok ein gang i 1649, og Jon Bjelde ein gong i 1654. Om lag ein tredjedel av lagrettemennene hadde nær maksimal funksjonstid i denne perioden eg har undersøkt.

Tabellnr.3.2 Deltaking over gjennomsnitt som lagrettemenn i Sogndal skipreide 1648-1654. (Gjennomsnitt = 4 frammøte)

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Erik Flugheim	13	1648	1654	7
U. Jakob Kvam	9	1648	1653	6
Trond Ormalseng	9	1648	1653	6
Lensmann Sjur Åberge	9	1648	1653	6
Kristen Kvåle	8	1648	1654	7
Peder Bjelde	7	1648	1652	5
Markus Arvol	7	1650	1654	5
Johannes Pedersen				
Kvåle	6	1648	1653	6
Espen Kvåle	6	1648	1653	6
Torkell Næss	5	1649	1653	5
Anders Haug	5	1649	1653	5

Kjelde: Tingbøker Indre Sogn nr. 1,2,3

3.1.3 Norum skipreide 1663-1687

Skilnaden i talet på gardar og einskil bruk frå 1666 til 1701 viser at talet på gardsbruk stagnerte i denne perioden. Faktisk har det vore nedgang på tre gardar, men ein oppgang på seks bruk. Gjennomsnittstalet for bruk frå pr. gard, auka berre frå 2,2 til 2,3 for heile prestegjeldet.¹⁵¹ Eg vel å gå ut frå prestemanntalet 1666. Der er 128 personar førte som gardbrukarar. Det deltok menn i lagretten frå litt under halvparten av gardsbruken. 54 menn møtte på tinget som lagrettemenn i perioden 1663 til og med 1687. Grunnen til det er at det var fleire lagrettemenn enn namnegardar, og at det kom fleire lagrettemenn frå same gard. Eg har registrert 301 deltakingar i tingbøkene som er bevarte. I gjennomsnitt blir det i underkant av seks frammøte på kvar mann. For å plukka ut ein eventuell bondeelite tek eg med dei som deltok meir enn gjennomsnittet, det vil sei sju gonger. Eg får då 16 menn. På topp var Mads Nornes som deltok 18 gonger som lagrettemann. Han var bondelensmann i 1663, men er også registrert som lagrettemann dette året. På andre plass finn me Eirik Ølmheim, som deltok 17 gonger i same periode. I underkant av halvparten av bøndene deltok som lagrettemenn og tredjeparten over gjennomsnitt.

¹⁵¹ Sandal 1986: 630

Tabell nr.3.3 Norum skipreide sortert etter deltaking over gjennomsnitt 1663-1687.
(Gjennomsnitt = 6 frammøte)

	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Mads Nornes	18	1663	1687	25
Erik Ølmheim	17	1663	1687	25
Ola Nornes	16	1663	1687	25
Elling Skjeldestad	16	1674	1687	14
Lars Slinde	14	1663	1684	22
Elling Nornes	12	1667	1687	18
Kristen Melås	11	1663	1683	21
Ellend Stavateig	11	1674	1687	14
Elling Johs Slinde	10	1663	1687	25
Mons Nornes	10	1663	1687	25
Bård Torstad	9	1663	1685	23
Erik Eskestrand	9	1663	1672	10
Gaute Fimreite	8	1663	1683	21
Ola Øvstedal	7	1663	1669	7
Henrik Lomelde	7	1663	1687	25
Knut Ospesete	7	1681	1687	7

Kjelde: Indre Sogns tingbøker frå nr. 4 til og med nr.16

Over eit så langt tidsrom som 1663-1687, er det også er interessant å sjå på funksjonstida til lagrettemennene med over gjennomsnittleg frammøte på tinget. Fordelen med lang funksjonstid, er at dei fekk god erfaring i oppgåver i tilknyting til vervet. I perioden på 25 år, sat seks menn heile perioden. Gjennomsnitt funksjonstid var 9 år. 14 menn sat mellom 10 og 23 år. På topp i begge kategoriene tronar Mads Nornes som deltok som lagrettemann 18 gonger over ein periode på 25 år. Seks menn tente i 25 år. Meir enn halvparten av dei over gjennomsnitt tente meir enn 20 år.

**Tabell nr 3.4 Norum skipreide sortert etter funksjonstid over gjennomsnitt 1663-1687.
(Gjennomsnitt = 9 år funksjonstid)**

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Mads Nornes	18	1663	1687	25
Erik Ølmheim	17	1663	1687	25
Ola Nornes	16	1663	1687	25
Elling Johs Slinde	10	1663	1687	25
Mons Nornes	10	1663	1687	25
Henrik Lomelde	7	1663	1687	25
Bård Torstad	9	1663	1685	23
Hans Fimreite	3	1663	1685	23
Lars Slinde	14	1663	1684	22
Kristen Melås	11	1663	1683	21
Gaute Fimreite	8	1663	1683	21
Elling Nornes	12	1667	1687	18
Ola Ølmheim	5	1667	1682	16
Mikkel Hundere	6	1672	1686	15
Elling Skjeldestad	16	1674	1687	14
Ellend Stavateig	11	1674	1687	14
Ola Ingebriggs. Nornes	5	1674	1687	14
Torbjørn Valeberg	4	1674	1687	14
Elling Slinde	6	1663	1673	11
Erik Eskestrand	9	1663	1672	10

Kjelde: Indre Sogns tingbøker frå nr. 4 til og med nr.16

3.1.4 Sogndal skipreide 1663-1687

Etter opplysninga prestemanntalet 1666, var det i Sogndal skipreide 77 bønder i tillegg til presten og to rådsmenn på Rutlin futegard. I denne perioden deltok 60 bønder som lagrettemenn. Eg har registrert 528 frammøte, noko som gir eit gjennomsnitt deltaking på i underkant av ni deltakingar for kvar lagrettemann. Her vel eg ut ein elite av dei som møtte ti gonger eller meir, og får 21 menn. Nils Gurvin trona på topp med heile 38 frammøte, over heile perioden på 25 år. Steget er langt ned til andre og tredje plass, med Johannes Botolvsen Barsnes og Amund Årøy som deltok 28 og 25 gonger kvar. Torgeir Ølnes kunne sikkert ha deleteke meir, men døde, og det vart skift etter han i 1683. Andre eg vil nemne i gruppa med 20 eller fleire frammøte, er Jakob Kvam, som møtte siste gong i 1677. Han er truleg same person som er registrert som Unge Jakob Kvam i første periode, der han fungerte heile perioden. Tre menn frå garden Kvam er blant lagrettemennene i den tabellen. Ingebrigt hadde lågast deltaking av desse med 17 frammøte frå 1681-1686. Dei fleste av lagrettemennene som deltok mellom 10 og 20 gonger i denne tabellen starta seint. Berre Lars Kvåle og Johannes

Husum var med frå 1663. Tre menn frå Kvåle deltok mellom 10 og 13 gonger. Barsnes er og representert med tre menn. Denne tabellen viser i tillegg at Jørgen Loftesnes, frå nabogarden til Barsnes, deltok 10 gonger frå 1669 til og med 1682. Om lag ein tredjepart av lagrettemennene i denne perioden deltok oftare enn gjennomsnittet.

Tabell nr.3.5 Sogndal Skipreide sortert etter deltaking over gjennomsnitt 1663-1687

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år
Nils Gurvin	38	1663	1687
Johannes Botolvsen Barsnes	28	1666	1687
Amund Årøy	25	1666	1685
Torgeir Ølnes	24	1663	1682
Ingebrigts Kvåle	24	1674	1687
Johannes Åberge	23	1674	1686
Mons Kvam	21	1672	1685
Jakob Kvam	20	1663	1677
Ola Åberge	20	1672	1687
Peder Hove	20	1672	1687
Johannes Ølnes	20	1677	1686
Anders Navarsete	17	1677	1686
Ingebrigts Kvam	17	1681	1686
Nils Nes	16	1673	1682
Johannes Berntsen Barsnes	16	1672	1687
Johannes Kvåle	13	1667	1677
Lars Kvåle	12	1663	1682
Johes Husum	11	1663	1686
Sjur Kvåle	10	1669	1674
Jørgen Loftesnes	10	1669	1682
Torleif Barsnes	10	1681	1686

Kjelde: Indre Sogns tingbøker frå nr. 4 til og med nr.16

Når ein skal granske funksjonstida til desse lagrettemennene, må ein ha i tankane store lakunar, og må rekne med at desse personane har delteke mykje meir enn ein får inntrykk av i denne tabellen. Gjennomsnitt funksjonstid er i underkant av 8 år. Sidan ingen av desse hadde funksjonstid 9 år, reknar eg bondeelite med funksjonstid i 10 år eller fleire, og får då ei gruppa på 23 menn, nær ein tredjedel av bøndene. Nils Gurvin var den einaste som tenestegjorde heile perioden på 25 år. Johannes Husum tente 24 år, siste gong i 1686. Johannes Botolvsen Barsnes fungerte 22 år, men han var første gong registrert 1666. Av 23 lagrettemenn, tente 6 menn 20 år eller meir. Det var ikkje så lang funksjonstid her som i Norum.

**Tabell nr.3.6 Sogndal skipreide sortert etter funksjonstid over gjennomsnitt 1663-1687.
(Gjennomsnitt = 8 år funksjonstid)**

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Nils Gurvin	38	1663	1687	25
Johs Husum	11	1663	1686	24
Johs Bot. Barsnes	28	1666	1687	22
Åmund Årøy	25	1666	1685	20
Torgeir Ølnes	24	1663	1682	20
Lars Kvåle	12	1663	1682	20
U Johs Barsnes	3	1666	1682	17
Ola Aaberge	20	1672	1687	16
Peder Hove	20	1672	1687	16
Johs. Bernts. Barsnes	16	1672	1687	16
Jakob Kvam	20	1663	1677	15
Anders Loftesnes	6	1663	1677	15
Ingebright Kvåle	24	1674	1687	14
Mons Kvam	21	1672	1685	14
Jørgen Loftesnes	10	1669	1682	14
Johs . Aaberge	23	1674	1686	13
Johannes Kvåle	13	1667	1677	11
Botolv Aaberge	6	1663	1673	11
Unge Sjur Aaberge	4	1663	1673	11
Johannes Ølnes	20	1677	1686	10
Anders Navarsete	17	1677	1686	10
Nils Nes	16	1673	1682	10
Kristen Kvåle	6	1663	1672	10

Kjelde: Indre Sogns tingbøker frå nr. 4 til og med nr.16

3.1.5. Norum skipreide 1688- 1707

Det som vert interessant i granskinga gjennom denne tidsperioden, er kor vidt Norske Lov 1687 var fylgt på punktet om at utnemning skulle gå etter matrikkelen, og at funksjonstida var eit år i gangen. Ein kan rekna med at kvar lagrettemann sjeldan møtte i lagretten meir enn to til tre gonger på eit år, dersom det ikkje var spesielle saker på gang. I denne perioden møtte 46 menn frå Norum skipreide som lagrettemenn, og det er registrert 271 frammøte i lagretten. Dette gir i underkant av seks frammøte for kvar mann. Eg definerar bondeelite med over gjennomsnitt, noko som tilsvrar fleire enn sju frammøte, og i den gruppa får eg 18 menn. Brødrane Jens Fimreite og Mads Nornes var mest aktive, med høvesvis 17 og 16

frammøte kvar. Ti av lagrettemennene deltok ti gonger eller meir. Lova vart ikkje fylgd på dette punktet.

Tabell nr.3.7 Norum Skipreide sortert etter deltaking over gjennomsnitt 1688-1707.(Gjennomsnitt = 6 frammøte)

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år	Funksjonstid som lagrettemann (År)
Jens Fimreite	17	1689	1707	19
Mads Nornes	16	1689	1697	9
Erik Slinde	14	1689	1707	19
Nils Eskestrånd	13	1688	1696	9
Ola Fimreite	13	1689	1704	16
Botolv Haug	11	1689	1694	6
Elling Sjur. Slinde	11	1688	1696	9
Gaute Fimreite	11	1689	1702	14
Ivar Ølmheim	10	1689	1696	8
Elling Skjeldestad	10	1689	1697	9
Mons Nornes	9	1689	1693	5
Ola Slinde	9	1688	1696	9
Peder Vatlestad	9	1692	1706	15
Johannes A Øyre/ Skjeldestad	8	1693	1705	7
Nils Fimreite	7	1690	1696	7
Anders Skjeldestad	7	1689	1697	9
Elling Johs. Slinde	7	1689	1694	6
Johannes Larsen Øyre	7	1690	1696	7

Kjelde: Indre Sogns tingbok nr. 16-25 .

I tingbøkene for 1688 er det bevart opplysning om berre eit ting, i Norum den 14. februar.

Nils Eskestrånd, Elling Sjursen Slinde og Ola Slinde var blant dei lagrettemennene som møtte på dette tinget.

Nedanfor kjem eit oversyn over funksjonstida til lagrettemennene, som også kan stadfeste om Norske Lov av 1687 vart fylgd på dette punktet. Granskingsperioden frå 1688 til og med 1707 var på 20 år, og som sagt tente 46 menn frå Norum med ei gjennomsnitt funksjonstid på 6 år. 15 lagrettemenn tenestegjorde fleire enn sju år, som var over gjennomsnittet.

Jens Fimreite og Erik Slinde hadde lengst tenestetid av desse, på 19 år, frå 1689 og ut heile perioden. Ola Fimreite tente 16 år, Peder Vatlestad 15 år og Gaute Fimreite 14 år. Fem

lagrettemenn er registrert med ei funksjonstid på meir enn ti år. Ein tredjepart av lagrettemennene er registrert med ein funksjonstid over gjennomsnitt i tal år. Ut frå denne tabellen ser vi at retningslinjene i den nye lova ikkje er fylgde.

**Tabell nr 3.8 Norum skipreide sortert etter funksjonstid over gjennomsnitt 1688-1707.
(Gjennomsnitt = 6 år funksjonstid)**

Namn	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år
Jens Fimreite	19	17	1689	1707
Erik Slinde	19	14	1689	1707
Ola Fimreite	16	13	1689	1704
Peder Vatlestad	15	9	1692	1706
Gaute Fimreite	14	11	1689	1702
Mads Nornes	9	16	1689	1697
Nils Eskestrand	9	13	1688	1696
Elling Sjur. Slinde	9	11	1688	1696
Elling Skjeldestad	9	10	1689	1697
Ola Slinde	9	9	1688	1696
Anders Skjeldestad	9	7	1689	1697
Ivar Ølmheim	8	10	1689	1696
Johs A Øyre/ Skjeldestad	7	8	1693	1705
Nils Fimreite	7	7	1690	1696
Johannes Øyre L	7	7	1690	1696

Kjelde: Indre Sogns tingbok nr. 16-25 .

3.1.6 Sogndal skipreide 1688-1707

I Sogndal skipreide var det i denne perioden var det om lag 83 gardbrukarar. Av desse er det registrert 39 menn som lagrettemenn i tingbøker som er bevarte.

**Tabell nr: 3.9 Sogndal skipreide sortert etter deltaking over gjennomsnitt 1688-1707.
(Gjennomsnitt = 6 frammøte)**

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år
Endre Arvål	20	1689	1703
Ingebrikt Kvam	18	1689	1694
Mons Kvam	15	1689	1696
Toreif Barsnes	13	1690	1707
Elling Eggum	12	1689	1706
Nils Kvam (Mikkelsen)	12	1703	1707
Johannes Ølnes	11	1689	1696
Ola Johs. Kvåle	11	1689	1696
Peder Hove (Skomaker)	10	1689	1693
Trond Kvåle	10	1693	1705
Johannes Kvåle	9	1692	1696
Gjest Åberge	8	1689	1703
Sjur Dvergedal	8	1689	1707
Elling Kvåle	8	1702	1707
Sjur Kvam	7	1706	1707

Kjelde: Indre Sogns tingbøker nr. 17-25

I denne perioden har eg registrert 252 deltakingar i lagretten fordelt 39 gardbrukarar. Litt mindre enn halvparten av bøndene deltok som lagrettemenn i ny epoke då alle skulle ha vervet. I gjennomsnitt deltok kvar av desse lagrettemennene i overkant av 6 gonger kvar. Ut frå denne statistikken reknar eg at sju eller fleire frammøte blir definert som bondelite, og får då ei liste på 15 mann. Endre Arvol toppa denne lista med 20 frammøte, i tillegg til at han tente lang tid. Ingebrikt Kvam var ein god nummer to med heile 18 møte fram til 1694. Ei gruppe på seks menn møtte mellom 11 og 15 gonger. Blant dei var Mons Kvam og Torleif Barsnes, som toppar listene tidlegare og. Nils Mikkelsen Kvam deltok første gong i 1703, og rakk å møte 12 gonger resten av granskingsperioden min. Saman med Elling Kvåle og Sjur Kvam, var dette truleg ein ny generasjon, med første frammøte frå 1702 og utover.

Då alle bønder skulle ha vervet som lagrettemann, hadde mindre enn halvparten det, Gjennomsnittet var langt høgare enn det ein kunne vente på eit år. I dette skipreidet var heller ikkje lova følgd.

Gjennomsnitt funksjonstid var i overkant av seks år, og fleire har tent både tidlegare og seinare enn tabellen viser. Nedanfor er viser tabellen over kven som tente meir enn sju år i denne perioden.

Tabell nr: 3.10 Sogndal skipreide sortert etter funksjonstid over gjennomsnitt 1688-1707. (Gjennomsnitt = 6 år funksjonstid)

Namn	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Tal på frammøte i lagretten	Første år	Siste år
Sjur Dvergedal	19	8	1689	1707
Torleif Barsnes	18	13	1690	1707
Elling Eggum	18	12	1689	1706
Endre Arvål	15	20	1689	1703
Gjest Åberge	15	8	1689	1703
Nils Elvagjeng	14	6	1690	1703
Anders Uglum	14	5	1690	1703
Trond Kvåle	13	10	1693	1705
Ingebrikt Aaberge	11	6	1696	1707
Ola Ormalseng	11	6	1696	1707
Mons Kvam	8	15	1689	1696
Johannes Ølnes	8	11	1689	1696
Ola Johs. Kvåle	8	11	1689	1696
Ola Kvåle	8	5	1689	1696
Henrik Navarsete	7	3	1690	1696

Kjelde: Indre Sogns tingbøker nr. 17-25

Det er ikkje bevarte registreringar av tingsamlingar i Sogndal skipreide i 1688. Første møte var i 1689, og funksjonstida her blir 19 år, og Sjur Dvergedal tente heile perioden. Torleif Barsnes har tent aktivt tidlegare, over lang tid, men er ikkje registrert i 1689, og tente i 18 år. Vidare ser me at dei fem menn som møtte færrest gonger, møtte siste gong i 1696.

Tingboka frå 1697 er skada, på hausttinget i Sogndal har ikkje skrivaren ført namna på dei åtte svorne menn. Vårtinget i februar, og eit ting i mai, vart halde saman med Norum skipreide, med berre lagrettemenn frå Norum er registrert. Frå 1698 til og med 1701 er tingbøkene borte. Funksjonstida som lagrettemenn var lang i dette skipreidet også. 10 menn tente 10 år eller fleire. Påboda i Norske Lov var ikkje fylgd.

Delkonklusjon : I første perioden frå 1648-1654 hadde nesten halvparten av bøndene i begge skipreida vervet som lagrettemenn, og funksjonstida var nær maksimal for mange.

Første del av andre periode, før 1687, deltok under halvparten av bøndene i Norum, men tredjeparten av desse deltok over gjennomsnitt. Elleve menn tente fleire enn 20 år, seks av desse maksimaltid på 25 år. I Sogndal skipreide var meir enn halvparten av bøndene lagrettemenn, og ein tredjedel av desse, tente over gjennomsnitt, men tenestetida var kortare enn i Norum. Berre ein tente maksimal tid, til saman seks menn tente 20 år eller fleire.

Etter 1687 då alle bønder skulle ha vervet, minka det i utnemningar. Mindre enn halvparten av bøndene deltok no i begge skipreida. Funksjonstida som berre skulle vera eit år av gangen, var oppe i 19 år for begge skipreida. Eg kan slå fast at Christian'5 Norske Lov 1687, ikkje vart fylgd på punkta om deltaking og funksjonstid for begge skipreida i Sogndal prestegjeld.

3.2 Bondelensmenn

Norum- og Sogndal skipreide hadde kvar sin bondelensmann, heretter omtalt som lensmann. Men i perioden frå 1665 til 1694, hadde dei sams lensmann. Etter reglar og praksis kan lensmannen reknast blant dei mest kunnige, rettvise, solide og mest vørdne mellom bøndene. Skriftkunnige var dei enno ikkje, men tydde til segla sine.¹⁵² Gardsbruka dei dreiv var jamnast mellom dei større i bygda. Futen nemnde opp lensmannen med godkjenning frå bygdefolket.¹⁵³ Sandal hevda at personane i ombodet skifta ofte, fleire var berre ein kort tidfolk innom ombodet, noko som truleg kan vera den vanskelege rolla å vera tenar for fut og skrivar på den eine sida, og på den andre å vera ombodsmann for standsbrør i bondesamfunnet, i alle fall dei noko lunde velhaldne.¹⁵⁴

Sandal hevdar og at det er vanskeleg å setja opp ei fullstendig liste over alle namna på lensmenn fordi det manglar kjelder til å skaffa opplysning om kva årstal ei ny bonde tok over. Han slår fast at ombodet skifte ofte i forhold til praksis i nyare tid.¹⁵⁵

Nedanfor viser eg ein tabell som syner namna til dei lensmenn frå mi granskningstid. Namna til desse lensmenn fortel at dei er frå gode gardar.

¹⁵² Sandal 1986:560

¹⁵³ Sandal 1986:560-561

¹⁵⁴ Sandal 1986: 562

¹⁵⁵ Sandal 1985: 562

Tabell nr 3.11 Oversikt over bondelensmenn i Norum skipreide i perioden 1646-1772

Namn	År nemnd
Torbjørn Jenson Fardal	1645-1646
Søren Skjeldestad	1647
Erling Øyre	1624 og 1647
Erik Eskestrand	1649
Peder Engesæter	1654
Mads Pederson Nornes	1663
Ola Larson Ylvisåker	1694--1703
Johs. Anderson Øyre Skjeldestad	1705-1713
Ivar Knutson Kvam Lerheim	1726

Kjelder: Skattelister og tingbøker.

I denne granskinga var Torbjørn Jensen Fardal i skattematrikkelen 1647, ført som eigar av mykje jordegods . Han døde truleg året før, og matrikkelen var ikkje heilt oppdatert. Torbjørn var son til futen Jens Pederson Holst, og gift med Karen Fardal. Dei var foreldre til fleire personar i denne avhandlinga, Mikkel Fardal, Jens Ylvisåker og Peder Skjeldestad.¹⁵⁶ Om Søren Skjeldestad fortel kjeldene berre at han var skattefri 1647. Erling Øyre var lensmann og skattefri i 1624, men Flugheim hevda han har fungert i 1647 også. Erling Øyre døde i 1657. Erik Eskestrand var lensmann i 1653, far hans 20 år tidlegare.¹⁵⁷ Erik Eskestrand vart vald til å reise til lagmannen å svore eid den 21.april 1651. På vår tinget i mars 1654, er siste gang eg har registrert Erik Eskestrand som lensmann. Neste ting, den 26. september samme år, får vi opplyst i tingboka at Peder Engesæter var bondelensmann.

Peder Engesæter vart i matrikkelen 1647 registrert som brukar av Engesæter der han åtte 0,58 smørlaup med bygsel, medan Torbjørn Fardal åtte 0,25 smørlaup. Peder flytte til Amla om lag år 1650, då han gifte seg med Ølgård Mortensdatter, truleg einaste barnet til Guri Due og Morten Larsen. Guri var dotter til soknepresten Mikkel Due og dotter-dotter til futen Jens Pedersen Holst. Det er usikkert om kvar Peder kom frå, men Heiberg meinar han kom frå Askvoll i Sunnfjord, og var son av sokneprest Jens Mauritsen og hans andre kone Anne Kristensdatter. Heiberg bygger dette frå referat etter ei av sakene mellom Anders Feddersen og Peder Amle. Eg støttar teorien til Heiberg då fleire av borna til Peder, og hans halvbror i

¹⁵⁶ Sandal 1986: 546 bygd på Amtsrekneskap 12.3.1664

¹⁵⁷ Tingbok nr. 2

Askvoll tok Klingenberg til slektsnamn. (Denne halvbroren Christen Jensen samla material og fekk i 1646 utgitt Den Norske Dictionarium eller glosebog i København.) Peder Jensen eigde også jord i Førde som han i 1664 overdrog til Anders Feddersen.¹⁵⁸

På våtinget i Norum den 7.mars 1654, vart Mads Fimreite, seinare Mads Nornes, vald til å reisa til lagtinget å svore sin eid. Ein kan estimera Mads Nornes med deltaking som lagrettemann frå i alle fall 1655. I Landskommisjonen 1661 er han oppført som lensmann og skattefri.¹⁵⁹ Mads var lensmann i 1663, då det var viktige avhøyr etter eit opprør ved soldatutskrivinga i Solvorn i 1659. Tremenningen hans Mikkel Torbjørnsen Fardal var mistenkt for å vera hovudmannen og sto i fare for å mista både liv og bu. Frå 1665 det sams lensmann for heile prestegjeldet i nærare 30 år. Mange bønder frå begge skipreida var stemna i retten, så det kan ha minka på viktige menn å velja frå til lensmannsombodet.

Felles lensmenn for prestegjeldet var frå kring 1665 til 1673, Mikkel Navarsete, seinare Åberge. Då Mikkel døde, vart Lars Hermundsen Åberge frå Alme i Hafslo lensmann. Han var åleine i ombodet til Ola Larson Ylvisåker tok over for Norum i 1694.

Ola Larson Ylvisåker sitt opphav er ukjent. Han var gift med enka etter Jens Torbjørnsen, Anne Lemvik Fuhr som var lenmannsdotter, og systera hennar var gift med ein lensmann. Olav Ylvisåker er siste gang registrert som lensmann 12. oktober 1703. Kyrkjeboka viser dødsdato den 5.mai 1704 med ein alder av 44 år.¹⁶⁰

Johannes Skjeldestad var same person som paktaren Johannes Anderson på Øyre. Det er ikkje funne spor etter opphavet hans. Han gifte seg med enka Siri Tommasdatter på Skjeldestad. Han er første gang nemnd som lensmann den 3.juli 1705. Men han vart tilspurt å væra lensmann etter avdøde Olav Ylvisåker, på hausttinget den 24. oktober same år.

3.2.1 Sogndal skipreide.

Oversikta over bondelensmenn i Sogndal skipreide viser at Åberge har vore lensmannsgard gjennom store delar av 1600-talet og fram til 1711, med unnatak frå 1650 til 1669. Før 1650 var Aslak, Anders og Sjur Åberge bondelensmenn i Sogndal Skipreide. I perioden frå 1669

¹⁵⁸ Heiberg 1990: 124-125

¹⁵⁹ Landskommisjonens jordebøker 1661 folio 303

¹⁶⁰ sffarkiv.no

til og med 1711 var Mikkel og Lars Åberge bondelensmenn, og frå kring 1666 til Olav Ylvisåker vart oppnemnd for Norum i 1694, fungerte dei for heile prestegjeldet.

Tabell nr. 3.12. Oversikt over bondelensmenn i Sogndal skipreide 1645-1711

Namn	År nemnd
Sjur Åberge	1645-49
Gjest Foss	1650
Kristen Kvåle	1652-54
Erik Flugheim	1661-1663
Mikkel Navarsete/Åberge	1666-1673
Lars Hermundsen Alme Åberge	1673- 1711

Kjelde: Koppskatt 1645, skattematrikkelen 1647 og tingbøker nr.1-27.

Kjeldetilfanget er labert når det gjeld opplysninga om fleire av desse menn. Garden Åberge var eit av dei største gardsområda i Stedje sokn og ligg på eit platå ovanfor sentrum 230 meter over havet. I 1522 var det fire brukarar på garden, (berre Kvåle som hadde fleire.) I 1603 og 1647, var det fem brukarar, og i 1666 og 1701 var der seks brukarar på garden.¹⁶¹ I 1647 var fem brukarar med Sjur som lensmann og skattefri. Det var fleire forskjellige eigarar av dei fire andre brukka. Kongen åtte nær fem smørlaup av bruket til Amund, og Stedje kyrkje åtte 1,8 smørlaup. Ivar Wind åtte nær fire smørlaup, og skulle overta etter Torstein Venjum og Birgit Eriksdatter. Hafslø Prestebol, Stedje kyrkje og ein doktor Jon i Bergen, åtte ein liten part kvar.

Delkonklusjon: Eg har kome til den same konklusjonen som andre historikarar, at bondelensmennene kom frå gode gardar. I første periode av granskinga av lagrettemenn, fann eg ut at lensmannsomboda skifte ofte. Det vil sei tre lensmenn i kvart av skipreidene i denne korte bolken på sju år. I 1663 hadde menn frå gode gardar ombodet i begge skipreidene. Det har truleg vorte problematisk for styresmaktene å velja ut lensmann etter opprøret i 1659, der nærmere 30 menn i prestegjeldet vart stemna. Frå 1666 hadde Mikkel Navarsete ombodet for heile prestegjeldet. Etter at han døde i 1673, overtok Lars Åberge ombodet og hadde det for prestegjeldet til Olav Larson Ylvisåker kom inn for Norum i 1694.

3.3 Kyrkjeverje

I stiftamtmannsarkivet er det kyrkjerekneskap for Sogndal prestegjeld frå 1667 til 1723, med unnatak av året 1674, som mangla for heile prestegjeldet. Sogndal prestegjeld besto av tre sokn og tre kyrkjer. Stedje kyrkje var hovudkyrkja, medan i soknet Kaupanger ligg

¹⁶¹ Timberlid, Selseng 2007 band 1: 377-382

Kaupanger kyrkje, og i soknet Norum ligg Ølmheim kyrkje, som hadde fått namn etter kyrkjestaden. I utgangspunktet hadde eg tenkt å granske både kven som var kyrkjeverje og kven som var medhjelpar for presten. På grunn av arbeids- og tidspress må eg utelate medhjelparane sidan det ikkje er systematiske kjelder om dei. I kyrkjebøkene skal det stå om dei var medhjelpar når dei døde.¹⁶² Soknepresten i Sogndal har ikkje ført døde i kyrkjebøkene før nærmere år 1700, så blir det uaktuelt å prøve å finne dei. Medhjelparen skulle veljast blant dei gudfryktige og gode menn og avlegge formell eid. Oppgåve deira var å hjelpe presten med råd og formaning om moralske og religiøse forhold.¹⁶³ Kyrkjeverjene, også kalla kyrkeombodsmenn, skulle føre tilsyn med kyrkja og kyrkjegods, og krevje inn inntektene, i hovudsak kyrkjetiend og landskyld, og dei var rekneskapspliktige ovanfor stiftskrivarane som skulle revidere rekneskapen. I siste instans skulle rekneskapen kontrollerast av lensherre og biskop. Det var ofte to personar som hadde vernet samstundes, og dei var utnemnde for to-tre år om gangen. På bygda var vanlegvis kyrkjeverja utnemnd av prosten, og skulle før 1672 godkjennast av stiftslensherren og seinare av stiftsdireksjonen. Ombodet skal ha gått på omgang blant dei beste bøndene i bygda.¹⁶⁴

3.3.1 Stedje kyrkje

Peder Olufsen Hanning var sokneprest i Sogndal prestegjeld frå 1637¹⁶⁵ og prost frå 1659.¹⁶⁶ Han døydde i 1668, og etterfølgjaren var sonen Peder Pedersen. Første året det finns kyrkjerekneskap i Sogndal prestegjeld, var i 1667. Dette år var Nils Pedersen og Torgeir Ølnes kyrkjeverje i Stedje kyrkje. Eg har ikkje funne nokon son til presten med namnet Nils, men derimot ein futefullmekting med namnet Nils Pedersen Schøtt.

Nedanfor viser eg ein tabell over kyrkjeverja i Stedje kyrkje sortert etter funksjonstid.

Presten var sjølv ombodsmann i sju år. Skakk Kristensen og Johannes Ølnes hadde vernet i seks år. Dei andre kyrkjeverjene sat frå eitt til fire år i ombodet.

¹⁶² Dette har eg fått opplyst av Yngve Nedrebø på Statsarkivet i Bergen på e-post 6. november 2010.

¹⁶³ Imsen og Winge1988: 284

¹⁶⁴ Imsen og Winge1988: 200-201

¹⁶⁵ Timberlid, Selseng 2007 band 2 : 178

¹⁶⁶ Sandal 1986: 507

Tabell nr. 3.13 Kyrkjeverje Stedje kyrkje 1667-1707, sortert etter funksjonstid (År)

Namn	Første år	Siste år	Funksjonstid som kyrkjeverje (År)
Soknepresten Peder Pedersen	1675	1683	7
Skakk Kr.istensen Ormalseng	1684	1689	6
Johannes Ølnes	1693	1698	6
Nils Pedersen	1667	1670	4
Torgeir Ølnes	1667	1669	3
Endre Kjørnes	1693	1695	3
Johs Ingebrigtsen Kvåle	1696	1698	3
Hans Tufte	1699	1701	3
Elling Årøy	1699	1701	3
Nils Kvam	1702	1704	3
Gjest Åberge	1702	1704	3
Ola Ormalseng	1705	1707	3
Ingebrigt Åberge	1705	1707	3
Lars Øyre	1672	1673	2
Elling Stavateig	1672	1673	2
Johannes Husum	1680	1681	2
Kristen Lerum	1680	1681	2
Peder Skjeldestad	1670	1670	1
Ivar Selseng	1671	1671	1
Amund Årøy	1671	1671	1

Kjelde:Stiftamtmannen i Bergen. Kyrkjerekneskap Sogn prosti 1667-1707

Nils Pedersen var kyrkjeverje til og med 1670, tre første åra saman med Torgeir Ølnes, det fjerde året med Peder Skjeldestad, som hadde ombodet berre eit år. Det same var Ivar Selseng og Amund Årøy i 1671. Neste to år hadde Lars Øyre som sokna til Ølmheim kyrkje, og Elling Stavateig, ein aktiv lagrettemann vervet. Så kom fem år frå 1675 til og med 1679 og 1682 og 1683 der soknepresten Peder Pedersen Hanning sjølv var ombodsmann i Stedje kyrkje. Difor hadde det vore interessant og undersøke kven som var medhjelpar i denne perioden, men det lar seg diverre ikkje gjerast. I 1680 og 1681, hadde Johannes Husum og Kristen Lerheim vervet. Skakk Kristensen Ormalseng (Vestreim) hadde vervet åleine i seks år, frå 1684 til og med 1689. Dei neste seks åra var Johannes Ølnes ombodsmann nr 1, medan Endre Kjørnes, var nummer to dei tre første åra, frå 1693-1695, og Johannes Ingebrigtsen Kvåle, var nr.2 dei tre siste åra, frå 1696-1698. Hans Tufte og Elling Årøy var

ombodsmenn frå 1699 til og med 1701. Frå 1702 til og med 1704 var Nils Kvam og Gjest Åberge kyrkjeverje, og dei siste tre åra av granskinga mi hadde Ola Ormalseng og Ingebrigts Åberge verva.

Det som er felles for alle desse menn som hadde vervet som kyrkjeverje, var at dei kom frå gode gardar, og dei alle fleste av dei kjenner eg att som aktive lagrettemenn.

3.3.2 Kaupanger kyrkje

I Kaupanger kyrkje i Kaupanger sokn var det berre ein ombodsmann i gangen. Nedanfor viser eg ein tabell over kven som var kyrkjeverje, og funksjonstida i Kaupanger kyrkje frå 1667-1707.

Tabell nr 3.14 Kyrkjeverje Kaupanger kyrkje 1667-1707, sortert etter funksjonstid (År)

Namn	Første år	Siste år	Funksjonstid som kyrkjeverje (År)
Anders Feddersen	1667	1686	20
Jens Amle	1687	1689	3
Anders Hauståker	1693	1695	3
Johs vangestad	1696	1698	3
Hans Olstad	1699	1701	3
Ola Johs Bjørk	1702	1704	3
Anders A Hauståker	1705	1707	3

Kjelde: Stiftamtmannen i Bergen. Kyrkjerekneskap Sogn prosti 1667-1707

For Kaupanger kyrkje fungerte dansken Anders Feddersen, som i prestemanntalet er registrert som bonde på Amla, som ombodsmann i 20 år, frå 1667-1686. Frå 1687 var det lokale bønder som hadde ombodet, Jens Amle frå 1687-1689 og Anders Hauståker frå 1693-1695. Denne Anders var truleg Anders Anfindsen, som var 60 år i 1701. Anders Andersen Hauståker var ombodsmann frå 1705 til og med 1707. Han var 24 år i 1701. Mellom desse to Anders Hauståker, hadde Johannes Vangestad, Hans Olstad og Ola Johannesen Bjørk vervet kvar sin treårsperiode. På Kaupanger ser det ut til at vervet som kyrkjeverje har gått på omgang bland gardane.

3.3.3 Ølmheim kyrkje

Tabellen nedanfor visar kven som var kyrkjeverje i Ølmheim kyrkje i perioden 1667-1707, og funksjonstida deira.

Tabell nr. 3.15 Kyrkjeverje Ølmheim kyrkje 1667-1707, sortert etter funksjonstid (År)

Namn	Første år	Siste år	Funksjonstid som kyrkjeverje (År)
Anders Feddersen	1667	1682	16
Nils Eskestrand	1684	1686	3
Soknepresten Peder Pedersen	1687	1689	3
Enride Jektebygger	1693	1695	3
Atle Øvstedal	1694	1695	3
Johannes Øyre	1696	1698	3
Jens Fimreite	1699	1701	3
Ola Fimreite	1699	1701	3
Johannes Ølmheim	1702	1704	3
Ingebrigts Ølmheim	1702	1704	3
Ola Ølmheim	1705	1707	3
Hans Nornes	1705	1707	3

Kjelde: Stiftamtmannen i Bergen. Kyrkjerekneskap Sogn prosti 1667-1707

Som ombodsmann for Ølmheim kyrkje møter me den same Anders Feddersen som var kyrkjeverje i Kaupanger. I Ølmheim fungerte han i ombodet frå 1667 til og med 1682. Vidare hadde Nils Eskestrand ombodet i tre år, før presten Pedersen sjølv hadde det i tre år. Nils Mikkelsen Fardal skreiv seg for Eskestrand den perioden han var bonde på garden Eskestrand, etter lensmannen Erik Eskestrand. Nils var aktiv som lagrettemann den tida han var bonde på Eskestrand. Han flytte ut att i Fardal, og overtok garden, då broren Torbjørn døde kring 1709.

Kyrkjeverjeombodet kan ha vore eit arbeidskrevjande verv, for frå 1693 vart det to menn som hadde ombodet samstundes. Atle Olsen Øvstedal og ein jektebyggjar, hadde ombodet dei neste tre åra, før Johannes Øyre hadde det åleine i tre år. Seinare vart det to menn som sat med ombodet på same tid. Jens og Ola Fimreite hadde det frå 1699 til og med 1701. Denne kyrkja brann i år 1700. Johannes og Ingebrigts Ølmheim hadde vervet dei neste tre åra. Ola Ølmheim og Hans Nornes hadde vervet dei tre siste åra av granskingsperioden min. Ut frå namna på desse personane ser det ut til at dei kom frå velståande gardar, i tillegg har dei fleste vore aktive som lagrettemenn.

Delkonklusjon: Kjeldene som er bevart er frå 1667, og i byrjinga hadde presten sjølv og ein ukjend mann, vervet i Stedje. I Kaupanger og Ølmheim kyrkjer hadde dansken Anders Feddersen ombodet for begge kyrkjene i nærare 20 år. Seinare hadde bønder frå gode gardar ombodet. Det viser seg og at nesten alle hadde vore aktive lagrettemenn.

Kapittel 4. Samanfall mellom økonomisk og sosial elite

I kapittel 2 kom eg fram til at det fanst ein elite av bondehushald i Sogndal der ektefellene let etter seg ein monaleg større nettoformue enn gjennomsnittet, når dei var avlidne. Mange av desse, men ikkje alle, sat på dei største gardsbruks i bygda, målt i skyld. Dei store gardsbruks var ein del av grunnlaget for at dei sat godt i det økonomisk, men i tillegg hadde fleire av dei også gode inntekter av skog og sager.

Granskinga i kapittel 3 viste at det også fanst eit sjikt av bønder i bygda som oftare enn andre bønder sat i viktige verv og ombod, anten som lensmenn, lagrettemenn eller kyrkjeverje. Eg har altså komme fram til at det fanst både ein økonomisk og ein sosial elite i Sogndal.

Spørsmål i dette kapittelet blir då om det er samanfall mellom desse elitane. Er det dei same folka som både har høg økonomisk og sosial kapital i lokalsamfunnet?

Kapitlet er ordna slik at eg først tek utgangspunkt i dei økonomiske variablane (nettoformue, storleiken på landskylda, jordeige og skog og sagbruk) for å sjå kven, og kor mange, av desse som også hadde ombod og verv. Deretter vil eg ta utgangspunkt i dei som hadde verv og ombod for å sjå om dei som tente oftast som lagrettemenn eller dei som hadde dei viktigaste omboda som lensmenn eller kyrkjeverjer kan finnast att i det øvste økonomiske sjiktet i bygda.

Når desse spørsmåla er avklarte, vil eg til slutt undersøkja om det kan påvisast giftarmålstrategiar mellom framståande slekter for å halda på eller jamvel auka den sosiale og/eller økonomiske kapitalen dei har arbeidd seg fram til.

4.1 Økonomisk elite og verv og ombod

Kven og kor mange personar av den økonomiske eliten finn eg så att mellom dei som sat i viktige verv og ombod? Eg byrja med nettoverdien i skifta. Når det gjeld kvinnene er det verva og omboda til husbonden som vert registrert. Dersom ho har vore gift fleire gonger, har eg teke med omboda til alle ektemennene. Omboda og ombodstida til dei ulike ektemakane er då sett opp i rekjkjefølgje etter ekteskapa og skilt frå kvarandre med bindestrek.

4.1.1. Norum skipreide 1647-1707

Nedanfor viser eg ein tabell over nettoverdi i skifte, og verv og ombod til desse personane, eller ektemaken til kvinnene.

Tabell nr. 4. 1 Nettoverdi skifte 1666-1748, sortert etter storleik og verv og ombod 1648-1707, Norum skipreide.

Namn	År skifte	Riks-dalar	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Lens- mann	Kyrkje- verje (År)
Guri Pedersdtr Eidet	1720	2363	-	-	-	
Lars Slinde	1712	852	14	22		
Jens Pedersen Amle	1693	804	1	1		3
Jens Torbjørnsen Ylvisåker	1683	770	4	4		
Kari Nilsdotter Øyre	1743	559	-	-	-	2-
Erik Pedersen Klingenbergs Amle	1736	530	-	-	-	
Ola Hansen Ølmheim	1744	432	5	16		3
Skak Kristensen Vestreim	1721	428	7	7		6
Kristi Nilsdotter Ølmheim	1737	368	5	16		3
Johannes Øyre	1721	351	7	7		3
Kari Narvesdtr Slinde	1713	308	6	4		
Bodil Johannesdtr Lerheim	1737	289			x	
Jens Kvam	1720	282	-	-	-	
Atle Olsen Øvretun Øvstedal	1738	265	3	3		3
Johannes Ellingsen Slinde	1721	241	6	4		
Hans Pedersen Fimreite	1693	240	10	46		
Johannes Ølmheim	1718	227	-	-	-	3
Knut Jakobsen Kvam	1745	227	2	1		
Jon Anfindsen Gunnvordal	1735	225	-	-	-	
Torbjørn Mikkelsen Fardal	1709	224	1	1		

Nils Mikkelsen Fardal (Eskestrond)	1711	223	14	16		3
Synnøve (Larsdtr) Fardal	1737	222	14	16		3
Hans Madsen Nornes	1747	217	4	3		3
Peder Skjeldestads's enke	1689	213				1
Magdeli Jonsdtr Hollekve	1746	213				
Mons Ellingsen Slinde	1714	210				
Mikkel Hansen Ospesæter	1744	200				

Kjelde: Skifteprotokollar, tingbøker og kyrkjerekneskap.

Tabellen ovanfor viser 27 skifte med nettoverdi 200 riksdalar eller meir. Sju av desse skifta var etter kvinner. Guri Pedersdotter Eidet var gift med Nils Kristensen, fødd på Vestreim. Kari Nilsdotter Øyre var gift med Lars Johannesen Øyre og Hans Olsen Slinde. Systera hennar Kristi Nilsdotter Ølmheim, var gift med Ola Hansen Ølmheim. Foreldra var Synnøve Larsdotter Fardal var gift med Nils Mikkelsen Fardal (Eskestrond). Kari Narvedotter Slinde, døde frå enkemannen Johannes Slinde, og fleire opplysningar om dei mangla. Bodil Johannesdotter Lerheim fekk bruket etter faren på Lerheim, og ektemannen vart lensmann Ivar Knutson Lerheim, nemnd i 1726. Magdeli Jonsdotter Hollekve var gift med Ivar Nilson fødd i Gunnvordalen. Av desse damene finn eg ut at berre Kari Nilsdotter Øyre har vore gift meir enn ein gong. 14 av desse mennene med høg nettoverdi i skifte, deltok som lagrettemenn eller kyrkjeverje.

Registreringa av nettoverdien i skifteprotokollane viser at tre av borna til Peder Jensen i Amla, Guri, Jens og Erik var blant dei seks med høgast formue i Norum. Guri var gift med Nils Kristensen frå Vestreim og i enkelte kjelder vert han omtala som *Nils Gjestgiver* fordi dei dreiv som gjestgjevarar i Eidet? Skakk Kristensen som hadde åttande høgaste nettoformue, var bror til Nils Gjestgjevar, og var gift med Anna Pedersdotter, syster til Guri. Jens Pedersen amle var gift med syster til Skakk og Nils. Denne familien rangerte i eit sjikt høgt over gjennomsnittet når det gjeld nettoformue i skipreidet, og årsaka til denne familiens økonomiske velstand er jordeige, skog- og sagbruksdrift. Denne familien kan vi ikkje sei

utmerka seg sosialt i skipreidet. Eg har verken funne Nils Kristensen eller Erik Pedersen registrert med noko offentleg verv eller ombod. Derimot er Skakk Kristensen Registrert som lagrettemann, men det var då han budde på Ormalseng i Sogndal skipreide. Han har nok vore ein dyktig mann i det han er registrert som kyrkjeverje i heile seks år i Stedje kyrkje.

Storbonden Lars Slinde var den mannen i skipreida som hadde høgast nettoformue, han er registrert som lagrettemann 14 gonger i ein periode på 22 år og var svigerfar til Nils Eskestrand. Jens Torbjørnson Ylvisåker var son til bondelensmannen Torbjørn Fardal og barnebarnet til futen Jens Holst. Buet hans var taksert til 770 riksdalar, då han døydde i 1683, etter å ha vore gift tre gonger. Han er registrert som lagrettemann fram til 1654, men kan ha delteke mykje meir, då tingbøkene mangla fram til 1663. Nils Eskestrand var aktiv som lagrettemann registrert 14 gonger på tinget over ein periode på 16 år. I tillegg var han kyrkjeverje i tre år. Ola Hansen Ølmheim er truleg den Ola som var kyrkjeverje frå 1705-1707, saman med fetteren Hans Nornes. Ola Hansen er registrert som lagrettemann fem gonger i løpet av ein bokl på 16 år, var gift med Kristi Nilsdotter ,fødd i Fardal. Johannes Øyre møtte på bygdetinget sju gonger på sju år, og var i tillegg kyrkjeverje i tre år. Atle Olsen Øvretun Øvstedal møtte på tinget tre gonger på tre år. Han var og kyrkjeverje i tre år. Johannes Ellingsen Slinde var litt flittigare enn Atle, og deltok seks gonger på fire år. Hans Fimreite er registrert berre 10 gonger som lagrettemann, men då over ein periode på heile 46 år. Han møtte første gong som Unge Hans Fimreite den 24. oktober 1648, den første registrering for Norum Skipreide. I 1649 deltok han to gonger. Faren, Peder Madsen Fimreite, deltok på eit ting det året, så dette har truleg vore eit generasjonsskifte. Peder Madsen døde kring 1650. I og med at det manglar tingbøker for fleire år, kan ein rekne med at Hans har vore mykje meir aktiv i det offentlege styret enn kjeldene viser.

Torbjørn Mikkelsen Fardal møtte som lagrettemann i 1697, dette var ein periode då det er store skadar i dei tingbøkene som er bevart, så han kan ha delteke meir.

Hans Madsen Nornes deltok som lagrettemann på tinget første gong i 1705. På dei tre åra som var att av mi granskningstid møtte han fire gonger på tinget. Den siste med formue over 200 riksdalar og verv var Peder Skjeldestad's enke. Peder Skjeldestad hadde god økonomi, men er registrert berre fire gonger på åtte år som tingmann. Han var kyrkjeverje eit år. han var og deleigar i Fardal sag.

Delkonklusjon: Nesten alle med høg nettoverdi i skifte har også delteke som lagrettemenn, og dei fleste også som kyrkjeverje. Interessant nok, så har nokre få av dei med aller høgast formue har ikkje delteke i offentlege verv og ombod. Det er berre ei av desse som har hatt ombodet som bondelensmann. Ektemannen til Bodil Lerheim, Ivar Knutson Lerheim, var bondelensmann nemnd år 1726.

Tabell 4.2 Landskyld sortert etter storleik og verv og ombod 1647-1707. Norum skipreide.

Namn	Smørlaup	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Lensmann	Kyrkjeverje (År)
Jens Torbjørnsen Ylvisåker	7,2	4	4		
Ellend Slinde	6,9	3	4		
Hans Pedersen Fimreite	6,3	10	46		
Jens Pedersen Fimreite	6,05	21	27		3
Lars Olsen Slinde	4,7	14	22		
Mikkel Torbjørnsen Fardal	4,15	1	1		
Ola Olsen Slinde	4,05	3	6		
Lars Øyre si mor	3,7			Enke	Lars 2
Erling Skjeldestad	3,3	26	24		
Narve Nornes	3,3	11	21	Svigerson	

Kjelde: Indre Sogn tingbøker nr.1-25. Prestemanntalet 1666. Stiftsamtmannen i Bergen kyrkjerekneskap Sogn prosti. 1667-1707.

Ut frå tabellen over gardbrukarar med meir enn 3 smørlaup i landskyld, ser vi at fleire av desse var på topp i tabellen over dei med høgast nettoformue. Desse personane sitt offentlege virke har eg alt kommentert når me gjekk gjennom personane med høgast nettoformue i skiftet. Nokre av dei andre har eg ikkje funne skifte etter. Dersom det vart halde skifte etter desse, har registreringane forsvunne saman med skifteprotokollane. Ellend Slinde var lagrettemann tre gonger på fire år. Jens Pedersen Fimreite hadde eit langt liv som lagrettemann. I ein periode på 27 år skal han ha møtt minst 21 gonger som tingmann. Jens var også kyrkjeverje saman med Ola Fimreite frå 1699 til 1701. (kyrkja på Ølmheim brann ned i 1700, så han har sikkert hatt mykje arbeid som konsekvensen av det.)

Ola Olsen på Slinde hadde tre frammøte på seks år, medan Erling Skjeldestad møtte 26 gonger over ein periode på 24 år. Lars Øyres mor, var enka etter lensmann Erling Øyre, og Lars var kyrkjeverje i Stedje kyrkje i Sogndal skipreide i to år.

Narve Nornes er blant dei første som er registrert som lagrettemenn. Frekvensen hans er truleg mykje større enn kjeldene gir uttrykk for. Det viser seg at han var aktiv under viktige saker i 1663. Som konsekvens av eit opprør under soldatutskriving i Solvorn skipreide i 1659 der løytnantane Petter Kromer og løytnant Paul Wilhjem vart skada og Wilhjem så hardt at han truleg kan ha døydd av skadane seinare. Etter ein lang rettsprosess frå bygdeting til høgare domstolar, kan nemnast at i 1661 vart det sendt ein supplikk der bøndene prøvde å legge skuld og ansvar over på *ryggesløse drenger og husmenn*.¹⁶⁷ Eit kongebrev den 28.april 1663 vart sendt til Ove Bjelke på Bergenhus, der åtte menn frå Sogndal skipreide vart dømd til livsvarig tvangsarbeid på Bremerholm i København.¹⁶⁸ Den 13 juni same år, vart sju bønder i tillegg til Mikkel Fardal stemna etter opprøret på soldatutskrivinga i Solvorn. På dette tinget på Nornes var det lensmann Erik Flugheim og lagrettemenn frå Sogndal skipreide var domsmenn. I Norum skipreide var åtte menn stemna og Mikkel Fardal saman med svigersonen¹⁶⁹ (som sløsa vekk arven sin og vart drepen av Kurt Heggestad i 1672¹⁷⁰) Erik Venjum på Hafslo, var sterkt mistenkt for å vera hovudmenn. I retten var Mikkel i fare for å missa livet, og at buet hans skulle gå til kongens kasse. Men Mikkel og medaktørane skal ha komme nokolunde heilskinna frå dei harde forhøyra.

Fylgjande ting som vart halde den 31.juli 1663, var tingmenn denne dagen lagrettemenn frå Lærdal skipreide og bondelensmannen i Norum skipreide, Mads Nornes, med broren Gaute Fimreite, svigerfaren Narve Nornes og tidlegare lensmann i Norum, Erik Eskestrand . Mikkel Torbjørnsen Fardal vart også kalla ”Futamikkel” truleg fordi han ei stund bygsla Stedje, der bestefaren hans Jens Pedersen Holst skal ha budd. Faren var bondelensmann Torbjørn Jensen Fardal. Etter striden med styresmaktene skal Mikkel ha vore uaktuell som bondelensmann.¹⁷¹

¹⁶⁷ Eriksen og Fladby 1990. Norske supplikker 1660-1662. nr. 482:16.mars 1661. (orig. Med 6 papirsegler i RA. Danske Kanselli Skapsaker. Skap 9 pk. 156, merket 17.)

¹⁶⁸ Sandal 1986:585 bygd på Norske Kongebrev,b.I,s.89(1663)

¹⁶⁹ Sffarkiv.no avskrift av skifteprotokoll nr.A1 folio 209 dato 14.10.1673 Solvorn skipreide

¹⁷⁰ Laberg 1926:252

¹⁷¹ Sandal 1986 :587.

Delkonklusjon: I dette oversynet ser me at det er forholdsvis stort samsvar mellom store gardsbruk og høg deltaking som lagrettemenn. Unnataket her er Mikkel Fardal og årsaka til det har eg forklart. Lars Øyre har ikkje møtt som tingmann i dei kjeldene eg har hatt tilgang til, men han var ein av to som var kyrkjeverje, og faren har vore lensmann.

4.1.2. Sogndal skipreide

Nedanfor viser eg ein tabell over forholdet mellom nettoverdi i skifte og verv.

Tabell nr. 4.3 Nettoverdi i skifte 1666-1748 og verv og ombod 1647-1707. Sogndal skipreide.

Namn	År skifte	Rdl	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Lensmann	Kyrkjeverje(År)
Anne Nilsdotter Bahus	1717	312				
Ingeborg Eriksdotter Årøy	1709	246	27-5	24-6		1-0
Synnøve Sjursdotter Dvergedal	1739	236	-	-	-	
Johannes Husum	1690	206	11	24		3
Lasse Amundsen Vikheim	1745	191	-	-	-	
Solveig Samsonsdotter Hove	1741	171	-	-	-	
Gjest Ellingsen Kvåle	1745	168	-	-	-	-
Torstein Olsen Haug	1745	153				
Ane Nilsdotter Åberge						
	1721	148	28	20		
Aamund Årøy	1690	141	27	24		1
Kristi Jonsdotter Kvåle	1721	141	8	6		
Mikkel Åberge	1673	138	3	1	1666- 1673	
Synnøve Pedersdotter Husum	1745	135	-	-	-	
Lars Åberge						
	1712	125	3	6	1673- 1711	
Ola Johansen Kvåle	1745	116	16	8		
Marita Nilsdotter Kvam	1721	110	12	5		

Kjelde: Skifteprotokollar, tingbøker og kyrkjerekneskap.

Av 16 personar med ei nettoformue taksert til over 100 riksdaalar var halvparten kvinner. Anna Nilsdotter Bahus var gift med Morten Pedersen frå Amla, bror til dei mest velståande i Norum. Ingeborg Eriksdatter Årøy var gift med Amund Årøy og Elling Johanneson Husum,

begge aktive lagrettemenn. Elling Årøy var registrert som lagrettemann til og med 1707, så han har truleg delteke seinare utan at det kjem med i mi gransking. Synnøve Sjursdotter Dvergedal var dotter til Sjur Dvergedal, aktiv lagrettemann, men ektemannen Ola Sølfestson har eg ikkje funne andre opplysningane om enn giftarmål og dødsdato. Solveig Samsondotter Hove etterlet seg enkemannen Kolbein Nilson fødd på Kjørnes. I skiftet er Mikkel Ospesæter og Ivar Lerum oppført som debitorar. Ane Nilsdotter Åberge, enkemannen var Johannes Åberge som deltok 28 gonger på 20 år.

Kristi Jonsdotter Kvåle døde frå enkemannen Elling Ellingsen Kvåle. Elling var lagrettemann i same periode som Elling Årøy frå 1702 til 1707 og truleg seinare og. Elling deltok åtte gonger i denne perioden. Synnøve Pedersdotter Husum (1722- 1745) var oldebarnet til Johannes Husum, og barnebarnet til lensmann Sjur Husum. Synnøve var gift med Einar Eriksen Tørvi (f 1720 på Venjo død 1785 på Tørvi (Luster kommune) Synnøve var fødd etter mi granskingstid var slutt, derfor har eg ingen opplysningar om mannen hadde verv eller ombod. Ho er likevel eit døme på at denne familien på garden Husum har halde formuen på topp i bygda. Marita Nilsdotter Kvam var gift med Nils Mikkelsen Kvam. Han var aktiv som tingmann og møtte 12 gonger frå 1703 til 1707. Vi må rekna med at han fortsatte i vervet. Han var kyrkjeverje 3 år.

Av mennene med høg nettoformue i skiftet var og Johannes Husum og Amund Årøyen aktive som lagrettemenn i 24 år, og begge var kyrkjeverjer. Ola Johannesen Kvåle som det var skift etter i 1745 var lagrettemann 16 gonger på åtte år. På denne lista over nettoformue kombinert med verv, er to lensmenn, Mikkel og Lars Åberge.

Det er ei grupper som ikkje er registrert med verv og ombod, men dei kan ha delteke etter mi granskingstid.

Delkonklusjon: I dette oversynet er det ikkje like godt samsvar mellom høg formue og deltaking som det var i Norum skipreide. To av mennene var bondelensmenn og tre hadde vervet som kyrkjeverje.

Nedanfor vser vi korleis dei med høgast landskyld deltok i verv og ombod.

**Tabell 4.4. Landskyld til dei 10 største brukna, sortert etter storleik og verv og ombod
1663-1707 Sogndal skipreide**

Namn	Smørlaup	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Lensmann	Kyrkjeverje (År)
Torgeir Ølnes	5,88	24	20		3
Ellend Foss	4	3	7		
Unge Sjur Åberge	3,9	4	11		
Arne Stenehjem	3,85	1	1		
Lars Kvåle	3,8	12	20		
Johs Botolvsen Barsnes	3,8	28	20		
Ola Eggum	3	13	18		
Erik Flugheim	2,9	18	22	1663	
Jørgen Pedersen Loftesnes	2,85	10	14		
Botolv Åberge	2,83	6	11		

Kjelde: Tingbøker og kyrkjerekneskap

I dette delkapitlet vil eg sjå på om personar med høg landskyld var aktive med representasjon i offentlege verv og ombod. Lista er over ti personar, der sju har meir enn tre lauper smør i skyld.

Torgier Ølnes hadde gardsbruket med høgast skyld i 1666. På tinget deltok han som lagrettemann 24 gonger over ein periode på 20 år. Første gang han møtte som tingmann var i 1663, så det er stort sannsyn for at han har delteke meir. Siste gang Torgeir møtte som lagrettemann, var på hausstinget som var halde på Åberge den 15 nov 1681. Han var og kyrkjeverje i Stedje kyrkje tre år. Det var halde skifte etter Torgeir den 28.september 1682. På garden Foss og Bahus var Ellend gardbrukar og var lagrettemann tre gonger over ein periode på sju år. Når det gjeld Unge Sjur på Åberge er den faktiske deltakinga litt usikker på grunn av at det var fleire personar med namnet Sjur Åberge på same tid. Det som er sikkert er at i perioden rundt 1647 var Sjur Åberge bondelensmann i Sogndal skipreide. Arne Stenehjem hadde eit av dei større gardsbruka , men han er registrert berre ein gong som lagrettemann. Lars Kvåle som sat med eit av brukna på Kvåle som sat med det bruket på Kvåle som ikkje var splitta etter 1647, var skyldsett til 3,8 smørlaup, var meir aktiv på bygdetinget, og er i ein periode på 20 år registrert heile 12 gonger. Johannes Botolvsen Barsnes er den

gardbrukaren i denne oversikta som har høgast deltaking. Han deltok 28 gonger på 22 år. Dei fire andre bøndene med ein bruksstorleik på tre smørlaupar eller mindre var Ola Eggum, som møtte 13 gonger på 18 år, Jørgen Pedersen Loftesnes, 10 gonger på 14 år og Botolv Åberge deltok seks gonger på elleve år. Erik Flugheim var svært aktiv med 18 møter som lagrettemann over 22 år, han er også registrert som bondelensmann i 1663, ein periode der fleire tingbøker er borte.

Delkonklusjonen: Også i dette skipreidet er det stort samsvar mellom større gardsbruk og høg deltaking som lagrettemann. Berre Torgeir Ølnes som hadde det største gardsbruket var kyrkjeverje. Erik Flugheim var lensmann, registrert i 1663.

4.1.3 Skog og sagbruksdrift og offentlege verv

Bøndene som hadde skog og sagbruk heldt til i Norum skipreide, så eg tek heile prestegjeldet under eitt.

Tabell nr. 4.5 Brukarar og eigalar av Sag 1661 og 1664 og verv og ombod i Sogndal prestegjeld 1647-1707

Namn	Flaumsag	Bekkesag	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Lensmann	Kyrkjeverje (År)
Peder Engesæter Amle	3		3		x	
Kristen og Ola Vestreim	2					
Anders Feddersen	1					x
Torbjørn Valeberg	1		6			
Torbjørn Fardals born*	1		9		x	
Lars Hovland			1			
Nils Hauståker**			1	6		x
Torbjørn og Mathias Haukås			1			

Kjelde: Landkommisjonen 1661 pk. 24 og 26. Amtsrekneskap 12.3, 1664. Tingbøker og kyrkjerekneskap

*Verva fordelt på tre søner: Mikkel Torbjørnsen, Jens Ylvisåker og Peder skjeldestad

** Verva hadde Anders Hauståker.

Tabellen viser oversikt over sagbruk i 1661 og 1664. Anders Feddersen var dansk og hjelpesmann for futen Gjøde Pedersen. Anders Feddersen fekk eit av Amlabruka som takk for

god innsats.¹⁷² Han var kyrkjeverje både i Ølmheim og Kaupanger kyrkjer i mange år.

Anders Hauståker var kyrkjeverje i Kaupanger fleire år.

Torbjørn Fardal var lensmann i Norum skipreide 1645 til han døde. Peder Engesæter/Amle var lensmann i Norum skipreide i 1654.

Summen av lagrettemenn for Torbjørn Fardals born gjaldt alle tre sönene. Den flittigaste av lagrettemennene var Torbjørn Valeberg. Eg har funne han registrert seks gonge med møte på tinget.

Halvparten av sagbrukseigarane merkjer seg likevel ut med å ha ombod som lensmann eller kyrkjeverje.

Delkonklusjon. Halvparten av dei åtte som eigde sager i 1661 og 1664 var lagrettemenn. To av dei hadde hatt lensmannsombodet. Anders Hauståker hadde vervet som kyrkjeverje og Anders Feddersen var kyrkjeverje både i Ølmheim og Norum kyrkje.

4.1.4 Oppsummering og konklusjon

Samanfall mellom god økonomi og offentlege verv var stor i begge skipreida over heile granskingsperioden. Dei som hadde dei høgaste nettoformuane, var og svært aktive som lagrettemenn, spesielt i Norum skipreide. I Sogndal skipreide er ikkje samanhengen mellom formue og deltaking like klår som i Norum. I Norum skipreide var dei som hadde størst formue også aktive som kyrkjeverje. I Sogndal skipreide var dei ikke så aktive som kyrkjeverje som i Norum, men to av personane i nettoformuetoppen var lensmenn i lengre tid. I Norum var det berre eit tilfelle av kombinasjonen god gard og lensmannsombodet i denne perioden. Halvparten av Skog- og sagbrukseigarane deltok som lagrettemenn, to hadde lensmannsombodet og to var kyrkjeverje.

4.2 Sosial elite og økonomiske variablar

Ved kartlegging av ein eventuell bondeelite på såg eg på tre ulike offentlege verv. Kven og kor mange av den sosiale eliten fann eg att i den økonomiske eliten?

¹⁷² Rasch og Moe

4.2.1 Norum skipreide 1647-1654

Tabell nr. 4.6 Lagrettemenn og lensmenn 1647-1654, landskyld, jordeige og formue. Norum skipreide

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Funks-jons- tid som lagrettemann (År)	Lensmann	Smørskyld	Jordeige	Formue rdl	År skifte
Ola Øvstedal	13	6		0,66		28	1691
Ingebrigt Slinde	12	6		4,5			
Søren Ospeseter	11	5		2,15		18	1678
Narve Nornes	8	5		3,3			
Unge Hans Ølmheim	8	4		1,7			
Erik Eskestrand	8	6	x	2,9			
Åmund Lerum	7	6		2,7	0,16		
Klemet Vatlestad	7	6		1,2	0,5		
Endre Lomelde	7	4		2,9			
Unge Hans Fimreite	6	6		6,3		240	1693
Søren Skjeldestad	6	3	x				

Kjelde: Tingbøker Indre Sogn nr.1-3, skattematrikkel 1647 skifteprotokoll

I tabellen ovanfor sit eg med ei gruppe på elleve menn som eg har definert som bondeelite ut frå deltaking som lagrettemenn i ein periode på sju år frå 1648 til og med 1654 (sjå kap. 3). Ein må rekne med at dei som er registrert tidleg og seint denne perioden, kan ha delteke mykje meir enn dei er kreditert for. Kjelde over kyrkjeverje for denne perioden finst ikkje for Sogndal prestegjeld. Derfor nytta eg verv og omboda lagrettemann og bondelensmann som kriterium. To av personane i denne tabellen, Søren Skjeldestad og Erik Eskestrand var bondelensmann i denne perioden.

Det er registrert skifte med verdi etter berre tre av personane i denne gruppa. Unge Hans Fimreite hadde ein nettoformue over gjennomsnitt med ein verdi på 240 riksdalar, i tillegg til særleg høg landskyld på garden han bygsla, og han deltok som lagrettemann i periodar heilt fram til sin død i 1693.

Ola Øvstedal hadde høgast deltingsfrekvens og funksjonstid med heile 13 møte i heile registreringsperioden på bygdetingenet. Ola hadde ein nettoformue på 28 riksdalar i 1691. Ingebrig Slinde har eg lite opplysningar om, men gardsnamnet viser at han budde lagleg til for å reisa på ting, og med ei smørskyld på 4,5 laup var han ingen småbonde. Søren Ospesæter deltok på tinget elleve gonger i løpet av fem år. Buet etter han var i 1678 taksert til 18 riksdalar. Narve Nornes hadde eit gardsbruk på 3,3 lauper smør. Unge Hans Ølmheim sitt gardsbruk er ikkje registrert i kjeldene. Endre Lomelde hadde hyppig deltaking med sju gonger på fire år og budde på eit bruk på 2,7 smørlaup vakkert plassert ved fjorden på motsett side av Fimreite.

Klemet Vatlestad åtte jord til ein verdi av 0,5 smørlaup i Solvorn skipreide. Dette er truleg arv. Amund Leheim bygsla det største bruket på Lerheim, og åtte jord i Gunnvordalen. Han er seinare registrert som brukar der framme og har truleg flytt fram der. Ingen av bøndene i denne gruppa er registrert med skog eller sagbruk.

Delkonklusjon: Dei fleste av dei mest aktive lagrettemenn sat på gode gardsbruk, somme av dei svært gode. To åtte jord og to av dei var bondelensmenn i perioden. Det er skifte etter få av desse, difor kan ein ikkje leggja vekt på nettoformuen.

4.2.2 Norum skipreide 1663-1707

Perioden fra 1663 til 1707 er på heile 45 år og det er 79 menn som er registrert med deltaking i perioden. No er det ein del lakunar i tingbøkene, så i denne granskinga er det etterhald om at folk kan ha mykje høgare deltaking enn det som er kartlagt. Her må ein og ta omsyn til at det er fleire generasjonar på same bruk som kan ha hatt vervet. I tabellen nedanfor går det på den enkelte person. Dei som peikar seg ut med lang funksjonstid i denne granskinga er ein betre målestokk enn dei med høg deltaking. Funksjonstida viser røynsla og tiltrua dei har fått. Med så store lakunar kan deltakinga vera mykje høgare enn det dei er kreditert for her.

**Tabell nr. 4.7 Lagrettemenn og kyrkjeverje 1663-1707, landskyld, jordeige og formue.
Norum skipreide**

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Funksjonstid som lagrettemann (År)	Kyrkjeverje (År)	Smørskyld	Formue i rdl	Skifte/død år
Mads Nornes	34	32		1,65		1700
Elling Skjeldestad	26	24		3,3		1701
Jens Fimreite	21	27	3	6,05	14	1718
Erik Ølmheim	19	27		4,14		1706
Mons Nornes	19	31		2,1		
Gaute Fimreite	19	40		1,45		1704
Elling Johs Slinde	17	32		1,97		1702
Ola Nornes	16	25		2,65		
Erik Slinde	16	22		6,9		
Ivar Ølmheim	15	15		mangla		
Elling Sjursen Slinde	15	15		2,4		
Lars Slinde	14	22		4,7	852	1712
Elling Nornes	14	23		2,65		
Nils Eskestrand	14	16	3	2,9		223
Ola Fimreite	14	21	3	mangla	1	1738
Anders Skjeldestad	13	14		0,5		
Kristen Melås	11	21		0,5		58*
Ellend Stavateig	11	14		2,2		
Henrik Lomelde	11	28		2,9	3	1693

Kjelde: Indre Sogns tingbøker nr: 4-25

I tabellen ovanfor har eg utelate kolonne for bondelensmann sidan det er berre Mads Nornes av desse menn som hadde ombodet, og han er registrert frå 1661-1663. Eg har og utelate kolonne for jordeige då ingen i tabellen åtte jord.

Tabellen består av ei gruppe på 19 menn av 79 som møtte på bygdetinget. Dette tilsvrar om lag ein fjerdedel av dei som deltok som lagrettemenn. Dei deltok elleve gonger eller meir, og funksjonstida varierte frå 14 til 40 år. Mads Nornes peika seg ut med høg deltaking i forhold til dei andre. To av brødrane hans Jens og Gaute Fimreite er blant dei seks øvste på tabellen.

Jens Fimreite og Erik Slinde hadde høg deltakingsfrekvens og gardsbrukstørre enn 6 lauper smør. Lars Slinde sitt gardsbruk var skyldsett til 4,7 lauper, han var i formuetoppen med ei nettoformue på 852 riksdalar. Som lagrettemann deltok han 14 gonger på 22 år. Erik Ølmheim hadde og ei skyld over 4 lauper, men han døde i 1706, då det er lakunar i skifteprotokollane . Han var aktiv som lagrettemann, 19 gonger er han kreditert, over ein periode på 27 år. Elling Skjeldestad hadde eit av bruka på Skjeldestad som var skyldsett til 3,3 lauper, men formuen manglar. Han deltok som lagrettemann 26 gonger over 24 år.

Aktive lagrettemenn som hadde gardsbruk i storleiken mellom 2 og 3 lauper kan nemnast Nils Eskestrand som ei tid bygsla den tidlegare lensmannsgarden på Eskestrand og Henrik Lomelde som begge hadde gardsbruk på 2,9 lauper smør. Nils deltok 14 gonger som lagrettemann over 16 år, og han var den første lokale bonden som var kyrkjeverje. Henrik deltok 11 gonger på 28 år. Formuen desse etterlet seg var av svært ulike verdiar. Nils 223 medan Henrik hadde 3 riksdalar.¹⁷³ Fleire gardsbruk på Nornes og Slinde skyldsett mellom 2 og 3 lauper smør er godt representert i lagretten.

Bruksstorleik mellom 1 og 2 lauper viser også at dei kan vera aktive som lagrettemenn. Det er Mads Nornes og Gaute Fimreite døme på. Dei døde når det er lakunar, så vi får ikkje vite noko om formuen deira. Anders Skjeldestad med ei skyld på 0,5 smørlaup deltok 13 gonger over 14 år. Kristen Melås deltok 11 gonger på 28 år. Han hadde eit bruk på 0,5 laup, og kona etterlet seg ein formue på 58 riksdalar. Her kan truleg slektskap vera grunnen til slik tiltru på tinget.

Delkonklusjon: Tabellen viser at dei mest flittige tingmennene, som også tente over lengre periodar hadde stort sett over gjennomsnitts bruksstorleik. Men vi ser døme på at menn med mindre gardsbruk også var med i bygdestyret. Mads Nornes var lensmann til 1663 og tre personar av desse var kyrkjeverje.

¹⁷³ Eg kjem tilbake til Henrik Lomelde under kapittel XX slekt

4.2.3 Sogndal skipreide 1647-1654

Tabell 4.8. Lagrettemenn og lensmenn 1647-1654, landskyld, jordeige og formue. Sogndal skipreide

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Funksjons-tid som lagrettemann (År)	Lensmann	Smør - skyld	Jord- eige	Netto- formue i rdl	År skifte
Erik Flugheim	13	7		4,5			
U. Jakob Kvam	9	6		1,5		14	1680
Trond Ormalseng	9	6		1,9			
Sjur Åberge	9	6	X				
Kristen Kvåle	8	7	X	3,8		17	1674
Peder Bjelde	7	5		3,9	1,1		
Markus Arvol	7	5		3,8		41	1720
Johannes Pedersen Kvåle	6	6		3,8			
Espen Kvåle	6	6		3,8			
Torkell Næss	5	5		2,4			
Anders Haug	5	5					

Kjelde: tingbøker, skattematrikkel 1647 og skifteprotokoll.

Ombodet som bondelensmann er også ein indikator som kan nyttast til måling av sosial kapital. I tillegg til å ha vervet lagrettemenn i perioden, var Sjur Åberge lensmann og skattefri i 1647. Kristen Kvåle hadde også ombodet som lensmann denne perioden. Erik Flugheim vart seinare både lensmann og supplikant.

Økonomisk sett, så hadde ingen av desse menn skog eller sagbruk. Peder Bjelde er den einaste som åtte jord, og jorda låg utanfor skipreidet. Han åtte 1,1 smørlaup og rådde bygsli på Fetten i Tjugum skipreide. Garden Bjedla i Sogndal skipreide var einbølt fram til 1660 åri,¹⁷⁴ og den aktive lagrettemannen Peder Bjelde møtte som lagrettemann sju gonger på fem år.

Det er bevart skifte etter berre to av desse menn, så eg kan ikkje legga vekt på nettoformuen.

Delkonklusjon: For denne perioden er det godt samsvar mellom store bruk og deltaking i lagretten. To av desse mennene var lensmann i perioden.

¹⁷⁴ Timberlid-Selseng 2007 band 2: 344

4.2.4 Sogndal skipreide 1663-1707

I denne perioden på 45 år deltok 81 menn som lagrettemenn, 15 av desse deltok 20 eller fleire gonger. Det er registrert vel 780 deltakingar med gjennomsnitt på 9 deltakingar for kvar mann. Gjennomsnittsfunksjonstid var i overkant av 9 år.

**Tabell 4.9 Lagrettemenn og kyrkjeverje 1663-1707, landskyld, jordeige og formue
Sogndal skipreide sortert etter tal på frammøte i lagretten.**

Namn	Tal på frammøte i lagretten	Funksjons- tid som lagrettemann (År)	Kyrkjeverje (År)	Smørskyld	Formue	År skifte
Nils Gurvin	42	28		2,5	12	1694
Mons Kvam	36	25		1,25		
Ingebrigts Kvam	35	14		1,25		
Johannes Ølnes	31	20	6	2,8		
Peder Hove	30	22		1,7	58	1694
Johs Botolvsen Barsnes	28	26		3,8		
Johannes Åberge	28	20		?		
Endre Arvol	28	21		1,5		
Åmund Årøy	27	24	1	0,9	141	1690
Torgeir Ølnes	24	20	3	5,88	34	1682
Ingebrigts Kvåle	24	14		3,8	67	?
Torleif Barsnes	23	27		?	3	1720
Johannes Kvåle	22	30	3	1,9	9	1741
Jakob Kvam	20	15		1,6	14	1680
Ola Aaberge	20	16		1,9		

Kjelde: tingbøker og skifteprotokollar.

Både Nils Gurvin og Johannes Husum vart valde til å reise til lagtinget for å avlegge eid på vårtinget i 1654. Det er difor sannsynleg at desse to menn i realiteten har ei langt større deltaking enn kjeldene krediterar dei for.

Den som hadde høgast frekvens som er registrert, var Nils Gurvin, med 42 gonger registrerte møte på tinget over ein periode på 28 år. Gardsbruket hans var skyldsett til 2,5 smørlaup. Nettoformuen var 12 riksalar, men han hadde vore gift 2 gonger tidlegare.

Mons og Ingebrignt Kvam hadde bruk skyldsette bruk til 1,25 laup og var to aktive karar på bygdetingenet. Mons deltok som lagrettemann 36 gonger på 25 år, Ingebrikt hadde hyppigare deltaking med 35 gonger på 14 år.

Torgeir Ølnes hadde det største bruket i skipreidet og han var svært aktivt med frammøte på tinget. I ein periode på 20 år, til året før det var halde skifte etter han, møtte han 24 gonger. Nettoformuen etter han var taksert til 34 riksdalar og det var under gjennomsnittet. Naboen hans Johannes Ølnes deltok 31 gonger på 20 år. Begge desse var kyrkjeverje også.

Peder Hove er eit døme på middels bruk og middels formue som kan ha stor aktivitet som lagrettemann. Johannes Botolvsen Barsnes og Ingebrignt Kvåle hadde begge bruk skyldsett til 3,8 smørlaup og desse deltok 28 og 24 gonger, men funksjonstida var svært ulik høvesvis 26 og 14 år.

I gruppa som møtte mellom 20 og 30 gonger på tinget sat stort sett på middels gardar, og nettoformuen var nesten utan unnatak under gjennomsnitt. Det er bevart skifte etter nesten halvparten av desse menn og det viser at tre hadde nettoformue over gjennomsnitt. Amund Årøy skilde seg ut med ein nettoformue på 141 riksdalar, men med ei landskyld på 0,9 lauper. Formuen er truleg samla frå fiskerettar i Årøyelva. Både Nils Gurvin og Torleif Barsnes var gifte fleire gonger, så me må anta at her er buet delt fleire gonger. Tradisjonen for val av kyrkjeverje var at dei som fekk det vervet, hadde gode gardar. Fire av desse menn hadde vervet som kyrkjeverje.

Delkonklusjon: Her ser me at det ikkje var bønder frå dei største brukka som var mest aktive som lagrettemenn. Dei mest aktive hadde heller ikkje høgaste nettoformuen i skipreidet. Dei fleste sat likevel på medels store gardsbruk. Berre Amund Årøy skilde seg ut med 24 deltakingar som lagrettemann over 24 år, han hadde mindre gardsbruk men god økonomi.

4.2.5 Oppsummering og konklusjon

Det var eit rimeleg godt samsvar mellom offentlege verv og god økonomi i Norum skipreide for begge periodane. Det er skifte etter få av dei, difor legg eg ikkje vekt på nettoformuen. Dei som var mest aktive som lagrettemenn, sat jamt over på gode gardsbruk. I andre periode i Norum skipreide var dei mest aktive lagrettemennene som tente over lang tid, sat på bruk stort sett over gjennomsnitt, sjølv om der fanst unnatak der svært aktive hadde låg skyld. Dei som var kyrkjeverje hadde gode gardar.

I Sogndal skipreide var det i første periode samsvar mellom å vera aktiv som lagrettemann og å sitja på store gardsbruk. I andre perioden var det ikkje same samsvaret. Dei mest aktive lagrettemennene hadde ikkje dei største garane og høgste nettoformuen. Men dei sat likevel på middels bruk. Folk frå gardar både over og under medels, hadde vervet som kyrkjeverje.

4.3 Dei som peika seg ut med særleg høg økonomisk og sosial kapital.

Her skal eg gjera eit utval av personar som peikar seg ut med både høg økonomisk og sosial kapital.

4.3.1 Norum skipreide 1647-1707

Økonomien til dei med høgast deltaking som lagrettemenn viser at fleire har dei landskyld likt gjennomsnittet. Aberet her er at skifteprotokollane borte frå den tida fleire av desse døde, derfor konsentrerer eg med i dette delkapitlet om landskylda. For å komma vidare i undersøkinga av sosial status, vel eg å sjå kor vidt desse er slekt i bondelensmenn. Av plassomsyn i oppgåva, vel eg å slå saman periodane til ein frå 1647-1707. Eg nyttar i denne del av undersøking landskylda fastsett i 1666, deltaking i offentlege verv frå 1647-1707 og slektskap over ein periode på 60 år.

Tabell nr. 4.10 Gode gardar og sosial status 1647-1707 Norum skipreide

Namn	Smørlaup	Sosial status
Jens Torbjørnsen Ylvisåker	7,2	Son til lensmann, gift med 2 lensm.døtre
Ellend Slinde	6,9	Aktiv lagrettemann 1648-1663.
Hans Pedersen Fimreite	6,3	Storbondeslekt. Alle brødr akt. Lagrettemann over lang tid. Førstekona var lensmannsdotter.
Jens Pedersen Fimreite	6,05	Bror til Hans. Aktiv lagrettemann over lang tid. Kyrkjeverje i 3 år.
Lars Olsen Slinde	4,7	Lagrettemann. Borna gift i veståande familiar.
Mikkel Fardal	4,15	Son til lensmann. Bror til Jens Ylvisåker. Oppviglar.
Ola Olsen Slinde	4,05	Av Oxefotætti som gifte seg med Venjum (s.141)
Lars Øyre (mor)	3,7	Enka og son til lensmann Erling Øyre.
Erling Skjeldestad	3,3	Manglar opplysningar. I 1666 var han 40 år.
Narve Nornes	3,3	Aktiv lagrettemann 1648-1663. Svigerfar til lensmann Mads Nornes.

Kjelder: skattematrikkel, prestemanntalet, tingbøker, skifteprotokollar, årbøker

Tabellen ovanfor er sortert etter storleiken på landskylda til den enkelte og kombinert med offentlege verv. Ingen av desse personane er registrert som bondelensmenn ut frå kjeldene eg har hatt tilgjengelege. Bøndene med dei to største brukar har forholdsvis låg deltaking som lagrettemenn, men vi må merka oss at begge kan ha fungert både tidlegare og seinare enn det som er bevart av tingbøker.

Kjeldene fortel at Ola Olsen Slinde har hatt eit stort gardsbruk på Slinde og deltok tre gonger som lagrettemann, siste gong i 1687. Lars øyre si mor var enka etter Erling øyre som var lensmann i 1620-åra. Lars er ikkje registrert som lagrettemann, men som kyrkjeverje i Stedje kyrkje i to år. Erling Skjeldestad sat som gardbrukar på eit av Skjeldestad-bruka skyldsett til 3.3 smørlaup. Han var ein av dei mest aktive lagrettemennene i Norum skipreide med 26 møte på 24 år. Det viser seg at han har vore med i overgangen frå gamal til ny lov i 1687. Narve Nornes hadde same storleiken på bruket som Erling. Narve er kredidert med 11 frammøte på tinget i ein periode på 21 år. han har truleg mange fleire oppmøte enn det kjeldene viser. Svigersonen til narve, Mads Pedersen Fimreite Nornes, var bondelensmann i byrjinga av 1660-åra.

Delkonklusjon: Det er stor samanheng mellom store gardsbruk og deltaking i offentlege verv. Det er store sjansar for at dei to med største garane har delteke som lagrettemann mykje meir enn kjeldene som er bevart syner. Ingen av desse har vore lensmann som eg har funne dokumentert, men fire va dei var søner til lensmenn, ei enke og ein hadde lensmann som svigerson.

4.3.2 Sogndal skipreide 1647-1707

Tabell nr. 4.10 Gode gardar og sosial status 1647-1707 Sogndal skipreide

Namn	Smørlaup	Sosial status
Torgeir Ølnes	5,88	Aktiv lagrettemann over lang tid og kyrkjeverje
Ellend Foss og Bahus	4	Faren lensmann 1650. Ellend lagrettemann 3 gonger fra 1666-1672
Unge Sjur Åberge	3,9	Åberge har store delar av 1600-talet vore lensmannsgard. Ingen opplysningar om Unge Sjur Åberge
Arne Stenehjem	3,9	Registrert på eit ting i 1667.
Lars Kvåle	3,8	Lagrettemann 12 gonger over 20 år
Johannes Botolvsen Barsnes	3,8	Lagrettemann 28 gonger over 22 år
Ola Eggum	3	Lagrettemann 13 gonger over 18 år

Kjelde: Prestemanntalet og tingbøker

Torgeir Ølnes som sat på det største gardsbruket og var blant dei med høgast deltaking som lagrettemann og funksjonstida var svært lang. I tillegg var han den einaste i denne oversikta som hadde vervet som kyrkjeverje. Torgeir døde kring 1683 og skal etter lova ha vore ein mektig mann. Foss og Bahus var skyldsett til fire smørlaup, men deltakinga i offentlege verv var heller laber. Far til Ellend, Gjest Foss fungerte som bondelensmann, truleg som vikar eller reserve på våtinget i 1650. Dei flittigaste deltakarar i det offentlege, ser ut til å komma frå store gardsbruk i storleik mellom tre og fire smørlaup. Her er eit unnatak, med Arne Stenehjem som er kreditert med eit møte som lagrettemann i 1667. Lagrettemannen Unge Sjur Åberge kan ein og setja spørsmålsteikn om har er rettferdig behandla med tanke på deltaking i offentlege verv. Lars Kvåle, Johannes Botolvsen Barsnes og Ola Eggum hadde alle gardsbruk på storleik mellom tre og fire smørlaup og funksjonstida deira som lagrettemann var mellom 18 og 20 år. Johannes Botolvsen Barsnes var hyppigast av desse på tinget, heile 28 gonger, medan Lars Kvåle og Ola Eggum møtte høvesvis 12 og 13 gonger. Erik Flugheim sitt bruk var redusert frå fire smørlaup i 1647 til 2,9 i 1666. Han har nok vore ein mann folk har hatt tiltru til. I 1663 finn vi han som bondelensmann. Og i 1661 var han supplikant for brødrane Ola, Kristen og Lars Skakksøner på Vestreim sitt klagebrev om jordegods.¹⁷⁵ Jørgen Pedersen Loftesnes hadde eit gardsbruk i underkant av tre smørlaup og han var lagrettemann 10 gonger i løpet av 14 år. Botolv Åberge med omtrent same storleik landskyld som Jørgen deltok berre seks gonger i løpet av elleve år.

Delkonklusjon: I Sogndal skipreide var bonden med største gardsbruket både aktiv lagrettemann og kyrkjeverje. Elles var det berre nokre få av dei med største gardane som var mest aktive lagrettemenn. Ein var både lensmann og supplikant.

4.4 Slektskap

I dette delkapittelet skal eg sjå på slektkap mellom dei som rangerte høgast på kombinasjonane økonomisk- og sosial kapital. Eg må gjera eit utval av personar og slekter som indikasjon på giftarmålsstrategiar. Kjeldetilfanget avgrensar kven eg har å velja mellom. På grunn av kjeldesituasjonen tidleg i perioden, slår eg heile granskingsamman til ein tidsperiode frå 1647-1707.

¹⁷⁵ Eriksen Vera og Rolf Fladby 1989. Norske supplikker 1660-1662, annet bind : 337

4.4.1. Slektkap mellom bondeeliten i Norum skipreide 1647-1707

Når vi ser attende til samanfatninga av det øvre sosiale og økonomiske sjiktet, kan vi undersøke kor vidt desse slektar på kvarandre. Granskinga mi viser at lensmennene kom frå gode gardar, så eg vil peike på relasjonar til desse i oversiktene. I Norum skipreide merka sønene til Gyrid Gautedotter og Peder Madsen på Fimreite seg ut med høg landskyld, og å vera svært aktive som lagrettemenn, den eine også lensmann. Eg tek utgangspunkt i denne familien og startar med stamfaren Torbjørn Gauteson Dal på Fimreite og kona Gyrvhild Olavsdotter Venjum frå Hafslo som det vart skift etter i 1590. Dei hadde fleire born, men eg granskar berre dotteri Gudrun og sonen Gaute sine etterkommarar i denne avhandlinga.

Torbjørn Gauteson Dal gift med Gyrvild Olavsdotter Venjum skifte 1590¹⁷⁶

Bror hennar var Lars Olavson Venjum (-1602)¹⁷⁷

- 1) Gudrun Torbjørnsdotter (død før 1587/88) gift med futen Jens Pederson Holst (død kr. 1601).
- 2) Svein Torbjørnson (død før 1587/88).
- 3) Gjertrud Torbjørnsdotter på Ty.
- 4) Endre Torbjørnson.
- 5) Vidrek Torbjørnson (Førde).
- 6) Gaute Torbjørnson på Fimreite. (nemnd siste gang 1612)
 - a. Gyrid Gautedotter Fimreite gift med Peder Madsøn (*lensmann i Norum*) begge døde kring 1650.¹⁷⁸
 - b. Torbjørn Gauteson til Hov i Fresvik gift med Gjertrud Skaksdotter (død 1638).¹⁷⁹
7. Hans Torbjørnson på Berdal (Feios).

Gudrun gifte seg med futen Jens Pederson Holst. Vi veit om tre born etter dei, men eg skal først studera familien etter Torbjørn Jenson Fardal som var lensmann i Norum skipreide og døde kring 1646. Desse åtte mykje jordegods, sagbruket deira var før Kaupanger vart adeleg setegard, det største sagbruket på nordsida av fjorden. Ved gjennomgang av skifteprotokollar, viser det seg at dei hadde svært høg nettoformue.

¹⁷⁶ Ugulen 1997-1998: 248

¹⁷⁷ Sollied 1928 : 219

¹⁷⁸ Sollied 1928 :220

¹⁷⁹ Sollied 1928 :198

Stamtavla til Gudrun Torbjørnsdotter og Jens Pedersen Holst (død før 1600)¹⁸⁰

- 1) Torbjørn Jensen Fardal død kring 1646 gift med Karen Fardal. *Lensmann*
 - a. Mikkel Torbjørnsen Fardal g.m Anna Nilsdotter
 - b. Jens Ylvisåker (-1684) g.m 1. Birgit Erlingsdotter Øyre (*lensmannsdotter*). 2. Margareta 3. Anne Lemvik Fuhr (lenmannsdotter). Ho attgift med Olav Larson Ylvisåker (1660-1704) (*lensmann*)
 - c. Peder Skjeldestad¹⁸¹ g.m ukjent Erlingdotter Øyre¹⁸²
 - d. Guri Torbjørnsdotter (1595-1635) gift med Peder Jørgensen Skildum.¹⁸³
- 2) Mette Jensdotter (- 1616) gift med 1. Mikkel Mikkelson Due d.y.(1568-1616) 2. Hans Nilson Arctander. (-1618)
 - a) Maren Mikkelsdotter (i live 1617)
 - b) Guri Mikkelsdotter (d etter 1653) gift med Morten Larsen (død kring 1650) (truleg frå Romsdal)
- 3) Peder Jenson død 1619

Av borna til Torbjørn og Karen vil eg legga vekt på Mikkel Fardal og Jens Ylvisåker. Jens Ylvisåker var gift tre gonger. Første gong med dotter til lensmann Erling Øyre, siste gong med lensmannsdotter Anne Lemvik Fuhr frå Luster. Som enke gifte Anne seg oppatt med Olav Larson, som vart lenmann i Norum skipreide i 1694. Mikkel hadde truleg ikkje godt omdøme hjå dei styrande, men han hadde eit stort gardsbruk. Tavla til Mikkel ser slik ut.

Etterkommarar etter Mikkel Torbjørnsen Fardal (1618-) gift med Anna Nilsdotter¹⁸⁴

- 1) Nils Mikkelsen Eskestrand Fardal (1642-1711) gift med Sunniva Larsdotter Slinde (- 1740)
 - a) Torbjørn Nilson (1694-) gift med 1. Ragnhild Johannesdotter 2. Gudrid Knutsdotter Kvam
 - b) Lars Nilson (1698-1781) gift med Durdei Johannesdotter Skjeldestad , (1702-1753)
¹⁸⁵*lensmannsdotter*
 - c) Kristi Nilsdotter (-1737) gift med Ola Hanson Ølmheim

¹⁸⁰ Flugheim 1938 Årbok VII: 7-8

¹⁸¹ Sandal 1986: 545-546

¹⁸² Opplysningar i Indre Sogns tingbok nr.7 folio 21 a og b. (digitalarkivet.no)

¹⁸³ Øane 1986:810

¹⁸⁴ Flugheim Årbok VI 1935:134-136

¹⁸⁵ Timberlid, Selseng band 3 2007: 60

- d) Kari Nilsdotter (- 1743) gift med 1. Lars Johannesen Øyre (- 1680)
(*lensmannson*)2. Hans Olson Slinde
- 2) Torbjørn Mikkelsen (1651- 1709) gift med Alis Jensdotter Fimreite (1676-1748)¹⁸⁶ då
Torbjørn døde, gifte Alis seg med *lensmann* Johannes Suphamar, noverande Leikanger
kommune.
 - a) Per Torbjørnsen Øvretun gift med Kari Andersdotter Midtun.
 - b) Anna Torbjørnsdotter gift med Per Johannesen Øyre
- 3) Mette Mikkelsdotter (-1690) gift med Erik Torsteinsen Venjum (-1673)¹⁸⁷

Konklusjon: Mikkel Torbjørnsen Fardal var barnebarn til futen Jens Pedersen Holst og son til lensmann Torbjørn Jensen Fardal og kona Karen. På grunn av usemje med styresmaktene var han uaktuell som lensmann. Sonen Nils var aktiv lagrettemann og kyrkjeverje. Gifte seg med dotter Lars Slinde som hadde høg formue og landskyld. Sonen Torbjørn gifte seg med dotter til Jens Fimreite. Dottera Mette gifte seg med Erik Torstensen Venjum, ei framstående slekt på Hafslo.

Vi veit om to av borna til Gaute Torbjørnsen på Fimreite. Sonen Torbjørn Gauteson og Gyrid Gautedotter. Vi kjenner til at Gyrid hadde fire søner som alle var aktive lagrettemenn.

Etterkommarar etter Gaute Torbjørnsen Fimreite ¹⁸⁸

1. Gyrid Gautedotter (levde 1651) gift med Peder Madsøn døde kring 1650
 - a. Hans Pederson Fimreite (1612-1693) gift med 1. Kari Erlingdotter Øyre(-1665)
Lensmannsdotter 2. Unni Nilsdotter Borlaug (-1709)
 - b. Mads Pederson Nornes (1623-1700)¹⁸⁹ *lensmann* gift med 1. Ragnhild Narvedotter (-1658) 2. Gjertrud Erikdotter
 - c. Jens Pederson Fimreite (1633 -1718) gift med Kristi Botolvdotter Nornes
 - d. Gaute Pederson Fimreite(1635-1704) gift med Gjertrud Erikdotter (-1705)

¹⁸⁶ Bøthun Lyngvær 1979:2

¹⁸⁷ Laberg 1926:251-254

¹⁸⁸ Flugheim 1938 Årbok VII: 170-179

¹⁸⁹ Kyrkjebok avskrift fylkesarkivet.no

2. Torbjørn Gauteson flytte til Hov i Fresvik gift med 1. Gjertrud Skakkdotter Lystrup.
2. Sofie Jensdotter.¹⁹⁰ Eldste son han hadde med ho Mads (1645-1715) ,vart gift med enka på storgarden Sæve på Voss, der han vart lensmann Mads Sæve.¹⁹¹

Eg vil vise kven to av sönene deira, Hans og Jens som hadde svært høg landskyld, danna aliansar med.

Etterkommarar etter Hans Pedersen Fimreite (1612 - 1693) gift med 1. Kari Erlingdotter (-1665) Øyre *Lensmannsdotter* 2. Unni Nilsdotter Borlaug(- 1709 ¹⁹²

Første ekteskap:

1. Per Hanson Borlaug.
2. Ingebjørg gift med Ivar Erlingson Ortnevik.
3. Brita gift med Ola Endreson Nornes
4. Kristi gift med Anders Torbjørnsen Uglum

Andre ekteskap:

- 1) Nils Hanson Fimreite (1667-1733) gift med Brita Larsdotter.
- 2) Olav Hanson Ølmheim¹⁹³ (-1744) gift med Kristi Nilsdotter Fardal.(- 1737)
 - a) Torbjørn Olson (1710-1752) gift med Mari Lassedotter Ylvisåker (1723-1770) ho gifte seg oppatt med Per Erikson Øyre .
 - b) Nils Olsen Selseng (1713-)
 - c) Synneva Olsdotter (1720-1752)¹⁹⁴ gift med *lensmann* Ivar Knutsen Lerheim
 - d) Kristi
 - e) Gyrid
 - f) Margreta
- 3) Kari Hansdotter (-1728) gift med Johannes Erikson Ølmheim (1659-1718)¹⁹⁵
 - a) Hans Johanneson (1698-) gift med Sigrid Johannesdotter Skjeldestad (1702-)
lensmannsdotter (
 - b) Erik Johanneson gift med 1.enka Anna Torbjørnsdotter Øyre (1703-1732).
- 2.Ingebjørg Atledotter Øvretun .¹⁹⁶

¹⁹⁰ Bøthun, Lyngvær 1979:579-580

¹⁹¹ Kindem Lars Vossaboki 2 : 140.

¹⁹² Flugheim. ÅrbokVII 1938 : 44-49 og 175-176

¹⁹³ Flugheim. ÅrbokVII 1938: 54-55

¹⁹⁴ Timberlid, Selseng band 3. 2007:452

¹⁹⁵ Flugheim. ÅrbokVII 1938 : 44-49

¹⁹⁶ Flugheim. Årbok VI1935: 34-35

- c) Ola Johannesen (-1758) gift med Ingeborg Larsdotter Øyre
 - d) Ragnhild Johannesdotter gift med Torbjørn Nilson Fardal
 - e) Unni Johannesdotter
- 4) Gyrid Hansdotter () gift med Jens Nilsson Hess Lunden
- 5) Sigrid
- 6) Kristi

Konklusjon: Dei to eldste borna etter Hans Pedersen og Kari Erlingdotter vart gift utafor sorenskriveriet. Eg studerar borna i andre ekteskap med kona Unni Nilsdotter Borlaug frå Feios, der alle gifte borna vart verande i bygda. Ola Hanson Ølmheim vart gift med Kristi Nilsdotter Fardal, som var dotter til lagrettemann Nils Eskestrand. Bestefedrane hennar var Mikkel Fardal og Lars Slinde. Alle det er bevart skifte etter, viser høg formuar. Kari Hansdotter vart gift med Johannes Erikson Ølmheim. Borna vart inngift med Øyre og Skjeldestad. Johannes Anderson Skjeldestad kom frå Øyre.(Manglar opplysningar om opphavet hans)

Etterkommarar etter Jens Pedersen Fimreite (1633-17189) gift med Kristi Botolvsdotter Nornes (-1700)¹⁹⁷

1. Per Jenson Fimreite (1670-1728) gift med Mari Jensdotter Ylvisåker (1683- 1733) *barnebarn til lensmann.* Mari gifte seg oppatt med Mons Erikson Klingenberg Amle.
2. Alis Jensdotter (1676 - 1748) gift med 1. Torbjørn Mikkelsen Fardal. 2. *Lensmann* Johannes Suphamar Leikanger
3. Botolv (-17479 døde ugift på Nornes

Konklusjon: Son til Jens og Kristi Fimreite, gifte seg med dotter til Jens Ylvisåker. Desse hadde begge gardsbruk med høg skyld. Mari gifte seg oppatt med son til Erik Klingenberg Amle,(høg formue.) Dottera Alis, gifte seg med son Torbjørn Mikkelsen Fardal , son til Mikkel Fardal (bror til Jens Ylvisåker). Då Torbjørn døde, gifte ho seg oppatt med lensmann i noverande Leikanger kommune.

¹⁹⁷ Flugheim. ÅrbokVII 1938: 179-180

Til slutt vil eg vise korleis jord- og sagbrukseigarane på Kaupanger danna band seg i mellom gjennom ekteskap.

Ekteskap mellom borna til Peder Jensen Amle og Kristen Skakkson Vestreim

Peder Jensen hadde 14 born og Kristen Skakkson 5.¹⁹⁸

Tre av borna til Peder Amle deriblant eldste sonen gifte seg med borna til Kristen Skaksen Vestreim. Dei fleste av desse rangerte høgt på listene over nettoformue.

Kristen Skakkson Vestreim (1608-1693) gift med Berit Jakobsdotter (levde 1685)

1. Skakk Kristensen Vestreim (1646-1709) gift med Anne Pedersdotter Klingenberg (1655-1705) Dei budde ei tid på Ormalseng i Sogndal skipreide.
2. Nils Kristensen Lystrup på Eidet (1649-1736) gift med 1. Guri Pedersdotter (-1720) 2. Marta Torsteinsdotter Fretheim
3. Maren Kristensdotter Vestreim gift med Jens Pederson Klingenberg Amle (1651-1693) Ho attgift med Nils Jonson

4.4.2. Slektkap mellom bondeeliten i Sogndal skipreide 1647-1707

På grunn av kjeldesituasjonen er det vanskeleg å finne slektkap mellom bondeeliten i Sogndal skipreide på denne tida. Dei større gardane var og delt i fleire bruk, og mange nytta same fornamn. Eg gjer difor eit utval av dei personane som toppar litene over ulike variablar tidlegare i denne avhandlinga.

Ingeborg Eriksdotter Årøy f. kr. 1648, skifte halde i 1709, var då gift med Elling Årøy . I første ekteskap var ho gift med Amund (Erikson?) Årøy, fødd kring 1625, som vi ikkje kjenner opphavet til. Amund kom som leiglending til Årøy kring 1654, og døde i 1690. Amund Årøy deltok aktivt som lagrettemann 27 gonger i løpet av 24 år. Han var og kyrkjeverje i Stedje kyrkje. Ingeborg gifte seg att i 1692 med Elling Johannesen Husum (f.1662). Elling Årøy vart lagrettemann, første gong registrert i 1702 og møtte fem gonger, (det vantar nokre tingbøker i åra før) og han fortsatte ut granskingsperioden min som slutta i

¹⁹⁸ Sollied 1928: 198, Heiberg 1990: 129 og opplysningar frå Anders Timberlid

1707. Elling Årøy var også kyrkjeverje frå 1699-1701. Det same var faren Johannes Husum i 1680 og 1681.

Ingeborg Eriksdotter Årøy¹⁹⁹

Anders Eikum 1522 var mellom dei skatteytarane i sokna.

Styrk Eikum 1567

Ola Eikum truleg (kring 1560-1635)

Erik Einerson Eikum (1605-1677) gift med Ingrid Olsdotter (1610-1685) (truleg dotter til førre brukar) Dei hadde åtte born. To gifte seg med sogndøler.

Einar Erikson Eikjo (1634-1720) gift med 1. Anna Hansdotter på Kjørlaug. 2. Brita Andersdotter Skjeldestad (1665-1740)

Ingeborg Eriksdotter (1648-1709) ho var tredje kona til Amund Årøy (1625-1690). Ingeborg gifte seg oppatt med Elling Johanneson Husum (1662-1745)

Ingeborg var mor til sju born, dei tre eldste døde kring 1693.

Ragnhild Amundsdotter (1682-1706) gifte seg med enkemannen Torleif Barsnes (1640-1720)

Anna Amundsdotter (1687-1740) gift med 1. Torbjørn Johanneson Barsnes (1675-1722). 2. med Asbjørn Stenson Gurvin (1701-1774).

Johannes Husum²⁰⁰

Ellef Sviggum Leiglending 1567

Amund Sviggum (1550-1616) I 1603 skatta av 0,8 laup, 1611 skatta av 1,3 laup. Han var med på kongehyllinga i 1591. I 1603 var han lensmann i Marifjøra skipreide. Han hadde to born og Cecilie Amundsdotter (1585-1665) gift med gardbrukar Sjur på Sviggum (1580-1665). Fekk overta heimebruket. Desse fekk to born Amund Sjurson som overtok heimebruket og Mari Sjurdotter, gift med Johannes Husum i Sogndal.

Mari Sjurdotter Sviggum (1630- 1700) gift med Johannes Husum (1615- 1690)

1. Sjur Johanneson (1657-1724) Fleire historikarar meiner ho er ukjend, men Flugheim meinar Kari Jensdotter Ylvisåker.²⁰¹
2. Anders Johanneson Hundere (1659-1723)
3. Trond Johanneson Kvåle (1661-1741) gift med Oselda Olsdotter (1668-1730) (ukjent opphav)

¹⁹⁹ Øyane og Hasle Jordanger band VI 2006: 12-14

²⁰⁰ Øyane og Hasle Jordanger band VI 2006:428-429

²⁰¹ Flugheim Årbok VII 1938:7

4. Amund Johannesson (1663-16899 trulova med enka Gjørond Rognalldsdotter (1655-1710) frå Vedvik
5. Ingebrigts Johannessen Åberge (1665-1748) gift med ukjendt.
6. Elling Johannesson Årøy (1667-1745) gift med 1. enka Ingeborg Årøy frå Ytre Eikjo
2.Guri Nilsdotter
7. Kari Johannesdotter (1669-1740) gift med Arne Klausen (1658-1700) på Uglo i Hafslo, 2 Bendik Larson (1676-1745).
8. Johannes Johannesson Selseng (1671-1736) gift med enka Mari Petersdotter (1651-1732)

Jørgen Pedersen Loftesnes hadde eit bruk skyldsett til nærare 3 smørlaup og deltok som lagrettemann 10 gonger på 14 år. Jørgen Pedersen Loftesnes var bror til Henrik Lomelde i Norum. Jørgen var også bror til Sigrid Perdotter Øyre gift med Lars Øyre, son til lensmann død kring 1680. Denne *Pederfamilien* har komme frå garden Skildheim i Luster. Syster til enkefru (til Jens Ylvisåker) Anne Kristendotter Lemvik Fuhr var gift med lensmann Lars Skildheim i Luster.

Stamtavla til Jørgen Loftesnes²⁰²

Ingebrigts Skildum 1522 største skatteytaren i byda det året.

Arne Skildum 1563

Ingebrigts Skildum (1560-)

Alf skildum dreiv bruket 1616-1619.

Peder Jørgensen Skildum truleg frå Drægni.

Etterkommarar etter Peder Jørgensen Skildum eg opplyser her omberre dei som kom til Sogndal prestegjeld.

Peder Jørgensen Skildum (1592-1678) gift med 1.Guri Torbjørnsdotter Holst Fardal (1595-1635). Marta Torsteinsdotter Venjum (1617-1671)

1. Torbjørn Pederson (1620-1648) ugift eller barnlaus.
2. Jørgen Pederson Loftesnes (1622-1690) gift med Brita Olsdotter frå Sørheim (1622-)
 - a) Torbjørn Jørgenson Loftesnes (1650-1701) ugift
 - b) Cecilia Jørgensdotter (1665-1733) gift (1692) med Ingebrigts Olson Kvam(?) (-1699) 2. Peder Tollesen Kvam (1673- 1720åra)

²⁰² Øyane 1986 Band II :810

- c) Kari Jørgensdotter (1668-17369 gift med Sten Nilson Ølnes (1659-1731). (Tok over heimebruket på Loftesnes)
 - d) Peder Jørgensen (1672-9 levde 1701, elles ukjend
3. Henrik Pederson Lomelde (1630-1693) gift med1. Unni Monsdotter (1630-1660)2. Anna Ellingsdotter (Kvåle?) (1640-1727?)
- a) Guri Hensriksdotter (1653-1731) gift med enkemann Bård Torstad (1620-1698)
 - b) Endre Henrikson Lomelde (1656-1727) (Gravlagd same dag som både kona og mora.)
 - c) Elling Henrikson Lomelde (1664-1725) gift med Gjertrud Gautesdotter Fimreite (1685-1765)
 - d) Synneva Henriksdotter (1667- 1707) gift med Kristen Kristensen Melås (1641-1720)
 - e) Unni Henriksdotter (1670-1745) gift med Sjur Olson Borlaug, busett på Eggum i leikanger.
 - f) Torbjørn Henrikson (1673-) gift med Ingeborg Sveindotter. Ukjend lagnad.
 - g) Peder Henrikson (1677-) Ukjend lagnad
 - h) Mikkel Henriksen (1681-) Ukjend lagnad
4. Siri Pedersdotter (1633-1699) Gift med1. Lars Ellingen Øyre (1625-1680) *son av lensmann Erling Øyre* 2. Ukjend Anders (-1690) som flytte inn til ho.
- a) Johannes Larson (1660- 1722) gift med Marta Ellingdotter (1655-1742)
 - b) Guri Larsdotter Skarsbø (1662-1715) gift med Søren Gundersen Skarsbø(1651-1715)

Delkonklusjon: Som vi ser av denne lista var det godt forhold mellom denne slekta og folk frå prestegjeldet. Fleire av namna kjenner eg att med hyppig deltaking som lagrettemenn. Det er ikkje plass til å forklare alt, men to av syskeni til Jørgen var på gode gardsbruk i Norum. Sigrid var gift med lensmannson på Øyre, og Henrik var aktiv lagrettemann. Det som er interresant her er at svigersonen til Henrik, Kristen Melås, som var brukar på eit lite bruk med ei skyld på 0,5 laup var aktiv lagrettemann. Slektskapen kan vera grunnen til det.

Garden Åberge har utmerka seg som lensmannsgard gjennom tidene, aberet er at garden har vore oppdelt i fleire bruk og kjeldetilfanget gjer at det er uråd å konkludera om relasjonane mellom folket på desse brukna. Når eg granska Lars Åberge som fungerte i 38 år av min

granskingsperiode, fann eg ut at han er av etterkommarane etter Gyrvild Olavsdotter Venjum som var gift med Torbjørn Gauteson Dal på Fimreite. Andre opplysningar eg har funne er at bestemor til Lars Åberge, Synneva arva jord på Åberge, så det er mest sannsynleg at ho var derifrå.²⁰³ Bestefaren Torstein eigde jord på bruket som Ola Åberge dreiv i 1647. Ola var død i 1666, men enka sto oppført som brukar med skylda redusert til det halve 1,9 laup,(bruket splitta). Ho er oppført med to søner Lars og Hermund, så det er truleg at her var slektskap. Lars Åberge kom fra Alme i Hafslo der broren Mons var lensmann. Andre slektningar til Lars, var fetter Ivar Venjum, gift med Kari Mikkelsdatter fra Sogndal.Ho er ukjend. Onkelen Erik, fekk halve Venjum og vart gift med Mette Mikkelsdotter Fardal. Tante Karen var gift med Per Jørgensen Skildheim fra Luster. Her er truleg slektskap med Jørgen Loftesnes. I Sogndal var Lars gift med Guri Jensdatter, og i skifte etter Lars er det nemnd 6 born. To søner Ingebrigts Åberge og Torstein Larsen Lomheim. (Lomheim er nabogarden til Alme på Hafslo.)

Stamtavla til Lars Åberge²⁰⁴

Margreta Venjum (svara høgast skatt 1522)

Ola Venjum nemnd (1563og1567)

1. Gyrvild Olavsdotter Venjum (død 1587 /88) gift med torbjørn gauteson Dal på fimreite
2. Lasse Olufsen på Venjum, (kr.1540-1602), han var gift med dotter til Ola Gunnarson av slekti Oxefot på Slinde.²⁰⁵
 - a) Torstein (død kring 1660) gift med Sunniva (truleg fra Åberge)²⁰⁶ Torstein var lensmann i fleire år.

Etterkommarar etter Torstein Venjum og Sunneva.

- 1) Lasse Torsteinson Kvam
 - a) Anders Lasseson Kvam
 - b) Ivar Lasseson Venjo (- 1697) (lensmann fra 1691-1667) gift med Kari Mikkelsdotter fra Sogndal
- 2) Erik Torsteinson Venjum (- 1673)²⁰⁷ gift Mette Mikkelsdotter Fardal (-1690). Ho attgift med Lage Ottesen Ravn (presteson fra Jostedalen)

²⁰³ Laberg 1926: 248

²⁰⁴ Laberg 1926:246-260

²⁰⁵ Tidsskrift Historielaget for Sogn nr. 14 1950: 22

²⁰⁶ Laberg 1926:248

- a) Torstein Eriksen (1665-) gift med Kristi Larsdotter Slinde (-1710). Dei hadde det så trangt økonomisk at då kristi døde, kjøpte far hennar Lars Slinde garden for å sikra borna).²⁰⁸
 - b) Synneva Eriksdotter
 - c) Karen Eriksdotter
- 3) Hermund Torsteinson Venjum Alme (-1669)²⁰⁹ gift med Astrid(levde 1682)
- a) Lars Åberge (*lensmann i Sogndal*) (-1712) gift med
 - b) Brynhild Hermundsdotter gift med Sjur Lid på Indre Hafslø
 - c) Mons Hermundson (-1711) gift med Guri Tørrisdotter. *Han var lensmann i Hafslø*
- 4) Karen Torsteinsdotter gift med Per Skildheim i Luster. Lars Øyane skriv at ho som kom til Skildum, heitte Marta Torsteinsdotter Venjum. (1617-1671).²¹⁰

Delkonklusjon: I dette skipreidet har eg gjort eit utval blant mest velståande som var aktive i verv og ombod. Det viser seg og at dette har vore lensmannslekter. Her og ser det ut som strategiske giftarmål. Skilnaden frå Norum der dei ser ut til å ha arrangert giftarmål seg imellom, er at i Sogndal knytte dei kontaktar med velståande ætter i nabo skipreida, spesielt det som i dag Luster kommune.

4.4.3 Oppsummering

Eg har i kapittel to og tre sett at det fanst både ein økonomisk og ein sosial elite i Sogndal prestegjeld. I dette kapitlet har eg sett på om det var samanfall mellom desse elitane.

Eg såg først på dei økonomiske variablene nettoformue, landskyld, jordeige, skog og sagbruk og fann ut at nesten alle med høg nettoverdi i skifta i Norum også deltok som lagrettemenn, men ikkje så mange i Sogndal skipreide. Variabelen landskyld viste at det var stort samsvar mellom store gardsbruk og høg deltaking i begge skipreida.

Bøndene som åtte jord, skog og sagbruk heldt stort sett til i Norum skipreide, så eg tok heile prestegjeldet under eitt. Omtrent halvparten av skog og sagbrukseigarane var lagrettemenn, to var lensmann og to kyrkjeverje.

Vidare såg eg på om dei som tente oftast i verv som lagrettemenn og dei som hadde dei viktigaste omboda som lensmann og kyrkjeverje kan finnast att i det øvste økonomiske sjiktet

²⁰⁷ Fylkesarkiv avskrifv av skifteprotokoll 1A folio 209, dato 14.10.1673

²⁰⁸ Laberg 1926:254

²⁰⁹ Laberg 1926:259

²¹⁰ Øyane 1986:810

i bygda. I første periode, 1647-1654, såg eg på lagrettemenn og lensmenn og dei fleste sat på gode gardsbruk i begge skipreida. Det var skifte etter få av dei, difor kan eg ikkje legge vekt på skifta. I siste periode viste granskinga at dei mest aktive lagrettemennene også hadde over gjennomsnitt storleik på gardsbruken, men også ein del med mindre gardsbruk var aktive som lagrettemenn. Skipreida hadde sams lensmann frå 1665-1694 og to menn hadde ombodet. Vervet som kyrkjeverje hadde berre bønder med gode gardar.

I Norum var det sterkt samsvar mellom dei som peika seg ut med særleg høg økonomisk og sosial kapital, og fleire var lensmannssøner. Vi såg same trenden i Sogndal, men kjeldene viser ikkje så god tilknyting til lensmenn.

Det var stor grad av inngifte eller famileband mellom dei mest velståande i Norum. Det er mindre kjeldetilfang om bøndene i Sogndal skipreide, men eg har funne ut at dei mest velståande har vore gifte med velståande ætter i noverande Luster kommune.

Samanlagt viser dette at nesten alle med høg kapital ser ut til å ha hatt verv eller ombod, men ein del utan høg økonomisk kapital har hatt verv som lagrettemann. Berre folk frå gode gardar har hatt vervet som kyrkjeverje og ombodet som lensmann. Dei fleste utan høg kapital ser ikkje ut til å ha hatt mange verv og ombod. Det finst ei gruppe som hadde både høg økonomisk og sosial kapital, og det ser ut til å vera sterke slektskapsband mellom mange av slektene i denne gruppa.

Kapittel 5. Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt om det ut frå økonomiske og sosiale kriteria kan identifiserast ein elite av bønder i Sogndal prestegjeld 1647-1707. Administrativt omfatta prestegjeldet Sogndal- og Norum skipreider, og det hadde tre kyrkjesokn, Stedje, Norum og Kaupanger. Eg har delt arbeidet i to tidsperiodar, den første frå 1647 til 1654 og den siste frå 1663 til 1707. Som økonomiske variablar har eg vald storleiken på landskylda, jordeige, skog- og sagbruk og nettoformue i bondeskifte.

Kriteria som kan ha påverka bøndenes sosiale status er deltaking i offentlege verv. Der har eg har vald å sjå nærmere på kven som vart peika ut som lagrettemenn, kyrkjeverjer og bondelensmenn, og kor lenge dei hadde desse verva. For lagrettemenn har eg også sett kor mange gonger dei møtte på tinget.

Funksjonstida er spesielt viktige når det gjeld lagrettemennene etter 1687. Etter den nye lova skulle dei berre tene eit år om gangen, men mi gransking viser at denne nye ordninga ikkje vart innført i Sogndal og Norum skipreider i den tida eg har undersøkt. Andre sosiale kriterium er slektskap og giftarmålsmønster, der eg med utgangspunkt i den økonomiske og sosiale eliten har vore på leit etter strategiske giftarmål mellom framståande slekter i prestegjeldet.

Det øvre økonomiske sjiktet

Variabelen landskyld granska eg for kvart av skipreidene. Det viste seg då at gjennomsnittstorleiken endra seg over tid, på grunn av bruksdeling og ny matrikulering i 1665.

Første periode var gjennomsnittsskylda 1,8 smørlaup i Norum skipreide. Eg valde å definera bønder med meir enn tre smørlaup i skyld på jorda dei brukte som ein del av ein elite. Dette gjeld åtte av i alt 67 brukarar. I Sogndal skipreide var gjennomsnittsskylda på 2,5 smørlaup. Heile 20 av 58 brukarar i dette skipreide hadde skyld på tre lauper smør eller meir, og vart dermed rekna som ein elite med meir jord enn andre.

I siste periode hadde både talet på bruk og namnegardar vakse. Det hadde komme til 57 nye gardsbruk og landskylda auka til i alt 344,09 lauper mot 265,52 lauper i første perioden. No var det ti brukarar med meir enn tre lauper i Norum skipreide, medan talet på brukarar med så høg landskyld hadde gått dramatisk ned, frå 20 til berre sju, i Sogndal skipreide. Nedgangen i

Sogndal skipreide kjem av bruksdeling. Til dømes var garden Kvåle åleine splitta frå seks bruk til elleve frå 1647 til 1666.

Variabelen jordegods i bondeeige, valde eg på grunn av kjeldesituasjonen, å studera ut frå kontribusjonsmanntalet i 1647. Eg såg på jordegods både i og utafor prestegjeldet. I Sogndal skipreide var det to bønder som åtte jord i prestegjeldet, og ein åtte utafor. I 1647 åtte Morten Amle og ekteparet Karen og Torbjørn Fardal i overkant av ni lauper smør kvar, fordelt på mange partar i prestegjeldet. Trond Husum åtte 3,25 lauper smør. Resten av bondeeiga i Sogndal var fordelt på til saman ni eigalar med mindre partar i jordegods som til saman utgjorde 10,16 lauper smør.

Endringa fram mot 1661 viser at bøndene som åtte mest jord i 1647 var døde, og eiga skift mellom arvingane. Bondeeiga i prestegjeldet hadde då auka frå 27,6 lauper smør til 49,3 lauper. Av dette åtte Peder Jensen Amle, svigerson til Morten Amle 13,08 smørlaup, noko som tilsvara 3,5 prosent av all jord i bygda.

Utafor prestegjeldet har eg registrert jordegods berre frå skattematrikkelen 1647. Då åtte Karen Fardal nær 13 lauper smør, og Morten Amle vel åtte lauper. Seks andre bønder frå Sogndal prestegjeld åtte jord utanfor prestegjeldet, til saman vel åtte lauper. Granskinga viser at medan dei fleste av dei få jordegande bøndene i prestegjeldet sat med mindre skyldpartar innanfor grensene til prestegjeldet, var det ei handfull bønder som eigde relativt mykje jord både innafor og utanfor prestegjeldsgrensene og som må ha hatt gode inntekter av dei partane dei sjølve ikkje dreiv.

Variabelen skog- og sagbruk viser at dei personane som åtte mykje jordegods var dei same som kom att i variabelen skog- og sagbruk. Saga i Fardal var den største saga på nordsida av Sognefjorden. Etter lova skulle berre dei som eigde grunn, kunne drive sagbruk, likevel viser kjeldene at nokre få leiglendingar er førte som sagbrukseigarar. På Haukåsen var det to leiglendingar som hadde ei bekkesag kvar. Mest sannsynleg er det eigaren av garden som har ått saga, medan leiglendingen har brukt den. Frå 1643 auka talet på sager frå 10 til 17 i 1661, og talet på sager var heller ikkje monaleg redusert etter arbeidet til kommisjonen i 1680-åra. Inntektene til dei som åtte sager er umogeleg å rekna ut, men prisar eg har funne ved utskiping frå Kristiansand til England, tyder på at fortenesta var enorm i forhold til utbytet av den vanlege gardsdrifta til bøndene i distriktet. Inntektene til dei minste sagene var årleg

høgare enn nettoformuen i eit gjennomsnittskifte. Dei største sagbruka representerte store kapitalverdiar, med renner, bruer, vasshjul og dam, men for dei minste var sagbladet den største utgiftsposten. I eit skifte vart sagbladet taksert til halve verdien av ei ku.

Variabelen nettoformue granska eg gjennom avskrifter av skifteprotokollane til fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Skifta er den beste kjelda til å visa økonomiske forhold i eit hushald. Aberet her er at det ikkje vart haldt skifte, og at det manglar skifteprotokollar for fleire år. Det var enorm skilnad i verdien av skifta i Norum i forhold til Sogndal skipreide. Gjennomsnittleg verdi i eit bondeskifte i Norum skipreide var på 100 riksdalar. I dette skipreidet fann eg åtte skifte med ein nettoverdi på meir enn 400 riksdalar. I Sogndal skipreide var gjennomsnittet på 46 riksdalar, her fann eg ingen bondeskifte med verdi over 400 riksdalar. Eg fann fire med verdi over 200 riksdalar. Totalsummen av nettoverdien var meir enn dobbel så stor i Norum som den var i Sogndal. I Norum var det stort sett borna etter dei store jord og sagbrukseigarane som utmerka seg med høg nettoformue.

Det øvre sosiale sjiktet

Når ein skal leita etter ein elite som er vald ut frå det sosiale sjiktet, har eg som historikarar før meg valt verv og ombod som lagrettemenn, bondelensmenn og kyrkjeverje samt slekt og giftarmålsmønster. Lagrettemennene sitt oppmøte på bygdetinget skal vera ført i tingbøkene. Problem eg har hatt, er det same som andre historikarar, lakunar. I åra mellom 1655 og 1663 er alle bøkene borte. Fram mot 1680 åra er det store manglar, sameleis rundt hundreårskiftet. Dette er ein av grunnane til at eg har delt granskninga i to periodar. Enkelte bønder på gardar som har vorte splitta i fleire bruk kan vera vanskeleg å identifisera, då fleire har same førenamn, og skrivaren ikkje har notert patronymikon. Andre problem eg har hatt er at sorenskrivaren ikkje har vore nøyaktig med føringa, og eg har fleire dømer der han ikkje har nemnd namna på lagrettemennene.

Eg valde å definera som ein sosial elite som dei som deltok meir enn den jamne bonde som lagrettemann, eller som hadde verv som lensmann eller kyrkjeverje. I første perioden 1647-1654 deltok om lag halvparten av alle bøndene som lagrettemenn, litt under halvparten i Norum, litt over halvparten i Sogndal. I begge skipreidene merkte elleve menn seg ut med fleire frammøte enn gjennomsnittet og med deltaking over lengre tid.

I andre perioden, 1663-1707, kunne ein venta at omboda som lagrettemenn gjekk på omgang, slik den nye lova av 1687 gav påbod om. Det var ikkje tilfelle. Det viste seg at det framleis

var ei gruppe bønder som peikte seg ut med lengre tenestetid og hyppigare frammøte på tinget enn gjennomsnittet i begge skipreidene. Det er eit resultat som samsvarar med det andre historikarar har kome fram til.

Historikarane er samde om at bondelensmennene hovudsakleg kom frå gode gardar, godt over gjennomsnittet. Så langt eg har funne ut stemmer det for mi gransking også. I første del av perioden var det hyppige utskiftingar av bondelensmenn. Tre personar er registrert for kvar av skipreida, men frå 1666-1694 hadde dei felles lensmann. Ut frå landskylda på gardsbruks deira, kan vi ikkje sei noko om dei som var først i perioden sidan dei var skattefri i 1647. Men namna viser at dei budde på gode gardar. Desse personane var og viktige indikatorar når eg skulle undersøkje giftarmålsalliansar mellom framståande slekter.

Under variabelen kyrkjeverje har eg granska personane for dei kyrkjene dei tente.

Kyrkjerekneskapa er bevarte frå 1667, og er nærast fullstendige. Oversikta over kyrkjeverje viser at soknepresten sjølv Peder Pedersen hadde ombodet både i Ølmheim og Stedje kyrkje nokre år. I Kaupanger og Ølmheim kyrkje var dansken Anders Feddersen i Amla, kyrkjeverje i 20 år i Kaupanger, og 16 år på Ølmheim. I Stedje og på Ølmheim var det bønder som kom frå gode gardar som hadde dette vervet. I Kaupanger kyrkje hadde bøndene frå fleire gardar vervet, frå og med 1687 det kan nesten sjå ut til at det har gått på omgang blant bøndene.

Samanfall mellom økonomisk og sosial elite

Då eg samanfatta økonomisk og sosiale elite for Norum skipreide, fann eg at nesten alle som hadde høg nettoverdi i skifte, hadde delteke som lagrettemenn, men berre ektemannen til ei av dei hadde hatt ombodet som lensmann, og det var etter mi granskingstid. Nokre av dei med høg formue var og kyrkjeverje. Når det gjaldt dei med høg landskyld er tendensane dei same. Det var godt samsvar mellom gode gardar og deltaking i offentlege verv.

Sogndal skipreide viser ikkje heilt dei same tendensane som i Norum. Verdiane i skifteprotokollane var sant nok av mykje mindre dimensjonar enn i Norum, men dei som hadde høgast formue var ikkje så aktive som i Norum. Dei som hadde lågare formue enn 150 riksdalar, var nesten alle aktive som lagrettemenn, og to av bondelensmennene var i denne klassen. Gardane Årøy og Husum var representert med vervet som kyrkjeverje. Det var godt samsvar mellom gode gardar og deltaking som lagrettemenn. Berre ein av dei med største gardane var kyrkjeverje, og ein var lensmann.

Ved samanfatning av sagbruksseigarar for heile prestegjeldet 1661, og offentlege verv, viser det seg at halvparten av sagbruksseigarane, eller dei som brukte sagene, var lagrettemenn. To av desse var kyrkjeverje og to var bondelensmenn.

Både i Sogndal og Norum viste det seg at dei mest aktive lagrettemennene sat på gode gardsbruk, fleire svært gode.

I Sogndal skipreide sat rett nok ikkje dei mest aktive på dei største brukna, men på gjennomsnitt store gardsbruk. Dei mest aktive av lagrettemennene hadde heller ikkje den høgaste formuen.

Bondelensmennene i denne perioden kom frå gode gardar med ein formue over gjennomsnittet. Det same gjorde kyrkjeverjene i prestegjeldet, og dei fleste av dei hadde vore lagrettemenn.

I variabelen slekt valde eg å granske det eg vil kalle framståande slekter, etter å ha samanfalle sosial og økonomisk kapital, for heile granskingsperioden frå 1647-1707. I Norum var kjeldesituasjonen slik at eg valde ut frå dei som hadde høgast landskyld, og kombinerer dei med sosial status. Då viste det seg heilt tydeleg eit mønster. Nesten alle hadde vore lagrettemenn og fleire var i slekt med lensmenn. Det viste tydelege giftarmålstrategiar innafør eit fåtal familiar. Eg kom fram til at i Norum skipreide var svært mange av dei som høyrde til den økonomiske og sosiale eliten i slekt med kvarandre.

I Sogndal var kjeldesituasjonen med store gardar, splitta i fleire bruk, slik at eg ikkje klarar å spora på same måten som i Norum. Derfor valde eg å plukke litt frå alle variablar.

Lensmannen Lars Åberge viser seg å vera av særskilt god slekt, lensmannslekt på Hafslo. Den familien har også knytt band mellom framståande slekter på Slinde og i Fardal. Av lagrettemennene valde eg Jørgen Loftesnes, som deltok aktivt frå 1669 til 1682, fordi eg fann ut at han hadde sysken i Norum. Desse kom frå ei velståande slekt på storgarden Skildum i Luster. Mora var ei hittil ukjent dotter, Guri Torbjørnsdotter (1595- 1635), dotter til lensmann Torbjørn Jenson Fardal, stor jordeigar og sagbruksseigar i Norum. Stemora til Jørgen var frå Venjum, same familie som Lars Åberge. På formuetoppen er Ingeborg Eriksdotter Årøy. Ho kom også frå ein storgard i Luster, gifte seg med Amund Årøy, aktiv lagrettemann og kyrkjeverje. I andre ekteskapet var ho gift med Elling Johanneson Husum, med god økonomi, og slekt frå Luster. Konklusjonen må bli at det truleg var giftarmålstrategiar mellom gardane i Sogndal også. Men ved nøyare gransking, finn vi at dei gjævaste familiene, har danna seg alliansar med dei framståande slekter i det som i dag er Luster herad.

Konklusjon

Dette arbeidet har då vist at det fanst eit sjikt av bønder i Sogndal prestegjeld som både hadde høg formue, sat på gode gardsbruk og deltok oftare enn andre som lagrettemenn. Somme av desse hadde også sager og god tilgang på skog. Mange i dette sjiktet var i slekt med kvarandre, og desse slektene rekrutterte også fleire av lensmennene og kyrkjeverjene i perioden. Det er dermed grunnlag for å hevde at det fanst ein bygdeelite av bønder i Sogndal prestegjeld frå midten av 1600-talet til i alle fall nokre tiår inn på 1700-talet.

Utrykte kjelder

Statsarkivet i Bergen (SAB)

Rentekammeret

Amtsregnskaper: Bergen stiftamt 1661-1690 1-50 pk.12.3.1664

Stiftamtmannen i Bergen.

Kyrkjerekneskapar Sogn Prosti

1667- 1679

1680-1690

1699-1710

Indre Sogn sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker (justisprotokollar)

Nr.1	1648-1652
Nr.2	1652-1653
Nr.3	1654-1655 (sluttar 1654 for Sogndal og Norum skipreide).
Nr.4	1663
Nr.5	1666-1667
Nr.6	1669
Nr.7	1672
Nr.8	1673
Nr. 9	1674-1675
Nr.10	1677
Nr.11	1681-1682
Nr. 12	1682
Nr.13	1683
Nr.14	1684
Nr.15	1685-1686
Nr. 16	1686-1688
Nr.17	1689-1690
Nr. 18	1690
Nr. 19	1692
Nr.20	1693
Nr.21	1694

Nr. 22	1696-1697
Nr. 23	1702
Nr 24	1703
Nr. 25	1704-1707

Digitalarkivet

Tingbøkene nr.2 fra 1652-1653, nr. 6 fra 1669, nr 7 fra 1672 og nr.24 fra 1703 er transkriberte og ligg ute på digitalarkivet sine internettssider.

<http://digitalarkivet.no/cgi->

<win/WebMeta.exe?slag=vismeny&fylkenr=14&katnr=&emnenr=&aar=&dagens=&knr=1420>

2.mai 2011.

Skattelister : Koppskatt for Indre Sogn 1645.

Ligg ute på digitalarkivet sine internettssider.

<http://digitalarkivet.no/cgi->

<win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=ISO1645&spraak=n&metanr=1818> opna 2.mai

2011

Manntal: Prestemanntalet for Sogndal prestegjeld 1666

<http://digitalarkivet.no/cgi->

<win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=SDAL1666&spraak=n&metanr=1820> opna 2.mai

2011

Futemanntalet for Indre Sogn 1666

<http://digitalarkivet.no/cgi->

<win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=ISO1666&spraak=n&metanr=1819> opna 2.mai

2011

Manntal 1701 for Nordre Bergenhus Amt

<http://digitalarkivet.no/cgi->

<win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=1701nba&spraak=n&metanr=10> opna 2.mai 2011.

Skanna skiftematerial fra mikrofilm ligg på digitalarkivet sine internettssider

Indre Sogn sorenskriveri

<u>Skifteprotokoll A 1</u>	<u>1666 - 1685</u>	<u>register</u>	<u>database</u>
<u>Skifteprotokoll A 2</u>	<u>1689 - 1695</u>	<u>register</u>	<u>database</u>
<u>Skifteprotokoll A 3</u>	<u>1708 - 1722</u>	<u>register</u>	<u>database</u>
<u>Skifteprotokoll A 5a</u>	<u>1735 - 1741</u>	<u>register</u>	<u>database</u>
<u>Skifteprotokoll A 5b</u>	<u>1741 - 1748</u>		<u>database</u>

http://arkivverket.no/URN:sk_read/search/?forvaltning=ve&fylke=14&embete=Indre+Sogn+sorenskriveri&protokoll=&periode=1650-1750&navn=Indre+sogn+sorenskriveri opna 2.mai 2011.

Fladby, Rolf og Try, Hans. Skattematrikkelen 1647 III Hedmark fylke. Ligg på digitalarkivet sine internetsider.

<http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=skatthedmark1647> opna 3.mai 2010

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

På fylkesarkivet sine internett sider ligg

Skifte i Indre sogn.

<http://www.fylkesarkiv.no/side/s%C3%B8k-i-basar/?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?lang=nor> opna 2.mai 2011

Gravlagde registrerte i kyrkjebøkene i Sogn og Fjordane

<http://www.fylkesarkiv.no/side/s%C3%B8k-i-basar/?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?lang=nor> opna 2.mai 2011

Sogndal bibliotek

Mikrofilmar:

Stath.ark 16/1952

D IX 12-14 Odelsjordebøker 1624-26

Landkommisjonen 1661 Bergen lagdøme nr. 191

Matrikkel 1665 9/1953

Bd. 41 Indre Sogn

Bd. 42 Ytre Sogn

Trykte kjelder

- Fladby, Rolf og Try Hans. 1992. *Skattematrikkelen 1647 IV Oppland fylke.* 2. utg. Norsk lokalhistorisk institutt. Lobo grafisk as. Oslo
- Fladby, Rolf og Imsen Steinar. 1993. *Skattematrikkelen 1647 V Buskerud fylke.* 2 utg. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo.
- Fladby, Rolf og Imsen Steiar. 1995. *Skattematrikkelen 1647 XIII Møre og Romsdal fylke.* 2 utg. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo.
- Fladby, Rolf og Marthinsen. 1995. *Skattematrikkelen 1647 XII Sogn og Fjordane fylke.* 2 utg. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo.
- Fladby ,Rolf og Winge, Harald. 1995. *Skattematrikkelen 1647 XI Hordaland fylke* 2.utg. norsk lokalhistorisk institutt. Trykk. Lobo grafisk as. Oslo.
- Eriksen Vera og Rolf Fladby, 1989, *Norske supplikker 1660-1662.* Utgitt for kjeldeskriftfondet. Annet bind. Norsk historisk kjeldeskrift-Instirtutt. Nikolai Olsens trykkeri Kolbotn.
- Hallager Fr. og Brandt, 1855, *Kong Christian den fjerdes Norske Lovbog af 1604.* C. Werner & Komp.s Bogtrykkeri . Christiania
- Kong Christian den femtes Norske Lov 15de april 1687 med kongeloven 1665.*
Universitetsforlaget. Stavanger 1982.

Riksarkivet

Kopi av avskrifta av rekneskapsbok ført fra 20.03.1630 til 1653 av Peder Madsøn på Fimreite.
Innlånt 3/11 1965 fra Heiberske Samlinger.

Litteraturliste

Aschim, Øystein. 1998. *Var det en bondeelite i Hole prestegjeld?* Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.

Bøthun, Per H. 1956. Nokre greiner av Dalsætti i Sogn. *Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn. Nr.18.* Ingvald Husabø Prenteverk. (s.7-57).

Bøthun, Per H. 1965. *Leikanger bygdebok. Gardsoga I.* Utgjeve av Leikanger bygdeboknemnd. Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger. Klisjear og innbinding. A/S John Grieg, Bergen.

Bøthun ,Per H og Lyngvær, Roald.1979. *Leikanger bygdebok 2. Åttesoga .* Bergen Forlag og Grafisk Service A/S. Leikanger bygdeboknemnd, Leikanger og Roar Lyngvær, Voss.

Dyrvik, Ståle. 1984. Om giftarmål og sosiale normer. Ein studie av Etne 1715-1801. Artikkelen i Imsen Steinar og Supphellen Steinar: *Studier i norsk Historie 1537-ca.1800. Tverringriket 1660-ca. 1800. Norske historikere i utval VIII.* Universitetsforlaget. Bergen-Oslo-Stavanger-Tromsø. Tangen Trykk as. Drammen. (s. 138-149)

Dyrvik, Ståle. 1992. Skogbruket 1500-1720. *Norsk Økonomisk historie 1500-1979. Band 1 1500-1850.* Universitetsforlaget. Oslo. Tredje opplag. s. 41-47

Engesæter, Aage.1981.*Skogbruk, Gardsdrift og Godssystem. Om skogbruket si utvikling i Sogndal.* Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Sogndal Kommune.

Engevik, Anders Kåre.1975. *Bonde og embetsmann. Ei undersøking av formuestilhøve hjå bønder og embetsmenn i Søndhordlehn fogderi 1690-1722 uttrykt gjennom arveskifte.* Universitetet i Bergen.

Finne,Helge.1999.*Lagrettemennene i Vangen og Føyen tinglag. Ei granskning av rekrutteringa til lagretten i perioden 1648-1720.* Hovudoppgåve i historie Universitetet/ Høgskulen i Bergen og <http://www.ub.uib.no/elpub/2000/h/506004/> 12.mai 2011

Fladby, Rolf.1986. *Samfunn I vekst – under fremmed styre 1636-1660.* Handbok I Norges historie. Bind 5. Universitetsforlaget AS. Bergen-Oslo- Stavanger- Tromsø. Trykt Edgar Høgfeldt A.s. Kristiansand.

Fladby, Rolf. 1995. *Norges historie. Redaktør Knut Mykland Bind 6. Gjenreising 1536-1648.* J.W. Cappelens forlag A.S. Oslo.

Flugheim Vilhelm. 1921-1941. Årbøker I, II, III, IV, V, VI, VII, VIII, IX. *Heimbygdi vår Sogndal Emne or soga og samtid.* Utgjeven av Sogndals Sogelag

Flugheim Vilhelm, Kjell Bondevik. 1948. Årbok X *Heimbygdi vår Sogndal Emne or soga og samtid.* Utgjeven av Sogndal Sogelag 1948

Gleditsch, Kristen Gran. 1925. *Reisehåndbok over Norge. Vestlandet.* Forlagt av H. Aschehoug & Co. W Nygård? Centraltrykkeriet. Oslo

Hasund ,Sigvald. 1944. *Or Noregs Bondesoge. Glytt og granskningar. II.* Noregs Boklag . Reistad & Sønns Boktrykkeri. Oslo .

Hausken, Jan. 1992. *Gamle ferdelsveier i Sogndal.* Forslag om tilrettelegging og bruk, i et natur og kulturhistorisk perspektiv. Kandidatoppgåve i 3-årig studie Landskapsforvaltning. Sogndal

Heiberg ,Gjert. 1989. *Gårdshistorie i Amble i Sogndal Kommune.* Sogn og Fjordane Distrikthøgskule.

Holmsen, Andreas. 1977. *Norges historie. Frå de eldste tider til 1660.* Fjerde utgave. Universitetsforlaget AS. Kristiansand S.

Hoprekstad, Olav. 1956. *Bygdabok for Vik i Sogn II.* Utgjevar er nemndi for Bygdaboki. Boktrykk L/L Bergen

Hosar, Hans. 1995. *Skjåk bygdebok. Band 2 historia 1537-1800.* Engers boktrykkeri A/S, Otta.

Imsen, Steinar, Winge Harald. 1999. *Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca 1500-1800.* 2. utgave. Cappelen Akademisk Forlag. Oslo.

Johannesen, Knut. 1973. *Eiendomsfordeling og eierinteresser. Trekk av jordeiendomsforholdene i Høland på 1600-tallet.* Universitetsforlaget. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlagets trykningsentral.

Kelmer, Inger. 1981. Kvinnens sosiale stilling i eldre tid, - har den vært undervurdert? *Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn nr. 27.* (s. 61-66).

Kindem, Lars. 1935. *Vossaboki. Andre bandet gardsoga I. Gardsoga I Dyrvedals, Gullfjordungs og Borstrands åttungar.* Utgjeve av Voss bygdeboknemd, Voss . I kommisjon hjå A/S Lunde&Co's forlag, Bergen. (s. 138-144).

Kirkeeide Normann, Mo Sverre. 2007. Kartbok for vestlandet . Sogn og Fjordane. Hordaland. Rogaland. Bergen Tidende AS. Bodoni AS

Knagenhjelm, Christoffer. 2004. *Kaupanger En analyse av kaupangens lokalisering og funksjon.* Hovedfagsoppgave i arkeologi. Universitetet i Bergen.

Laberg, Jon. 1910. Familien Lemvig i Sogn. *Tidskrift nr. 1. utgjeve av Historielaget for Sogn.* N.nilson & Søns Boktrykkeri. Bergen. (s.27-34)

Laberg, Jon. 1926. *Hafslo Bygd og ætter.* A.S John Griegs boktrykkeri i kommisjon hjå John Griegs forlag. Bergen.

Laberg, Jon. 1926. *Luster Bygd og ætter.* A.S John Griegs boktrykkeri i kommisjon hjå John Griegs forlag. Bergen.

Laberg ,Jon.1938. *Lærdal og Borgund. Bygd og ætter.* A.S John Griegs boktrykkeri. I kommisjon hjå A.S.Lunde & Co's Forlag. Bergen.

Lie, Knut. 1929. Tilskot til Sogns økonomiske historia 1600-60 *Tidsskrift utgit av Historielaget for Sogn.* Nr.7 (s. 5-53.) A.S John Griegs Boktrykkeri. Bergen .

Lillehammer, Arvid. 1999. The timber trade and the Ryfylke farmers c.1500-1700. In *Timber and trade, lokalhistorisk Stiftelse* 1999. (S. 14-18)

Loftheim, Abraham. 1963. *Askvoll Bygdebok 1.* Utgjeve av Askvoll Sogenemd 1963. Øens prenteverk. Førde.

Marthinsen, Liv. 1996. Skiftene som kjelde- en artikkelsamling. *Norsk lokalhistorisk institutt. Skrifter fra NLI, nr.31.* Oslo.

Myking, John Ragnar. 1990. *Fana bygdebok 2 Bønder nær byen 1665-1870.* Utgjeven av Fana bygdeboknemnd. Bergens Tidende og J.W. Eides Trykkeri. Bergen

Myking, John Ragnar. 1996. Lagrettemenn og bygdeelite ca. 1650-1750. Eit eksempel frå Nordhordland. *Heimen bd. 33.* Trondheim.

Myking, John Ragnar. 2005. *Herre over andre si jord? Norske leigelendingsvilkår i europeisk lys 1500-1800.* Høyskole Forlaget . Kristiansand S.

Nielsen Yngvar: *Reisehandbog over Norge.* Sjette omarbeidede og betydelig forøgede udgave. Med 3 karter. Alb. Cammermeyers forlag. Christiania 1891.

Rasch. A.W.-Moe Ole Henrik. 1960. *Slekten Knagenhjelm og Kaupanger.* Det mallingske Boktrykkeri. Oslo .

Raunehaug , Erling. 1912. Fimreite-ætti. Slægterne Dal og Holst. *Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn nr. 2* . N. Nilsen & Søns boktrykkeri. Bergen. (s.93-101).

Reksten, Erling:. 1985. *Appendiks til Krongods og Kongsmenn på Vestlandet 1650-1700. 1. Krongodssalget.*

Reksten ,Erling. 1985. *Appendiks til Krongods og Kongsmenn på Vestlandet 1650-1700. 2. Embetsstanden.*

Rian, Øystein, 1992, *Bratsberg på 1600-tallet. Stat og samfunn i symbiose og konflikt.* Gjøvik Trykkeri As. Universitetsforlaget. Oslo

Rian, Øystein. 1995. Den nye begynnelsen 1520-1660. *Aschehougs Noregs historie band 5.* Aschehoug & Co. Oslo

Ropeid, Andreas. 1984. Sagbruksreglementet 1688. Artikkel i Imsen Steinar og Supphellen Steinar: *Studier i norsk historie 1537-ca.1800. Tverringriket 1660-ca. 1800.* (s. 313- 322) *Norske historikere i utval VIII.* Universitetsforlaget. Bergen-Oslo-Stavanger- Tromsø. Tangen Trykk as. Drammen.

Rosenlund, Lennart. 1991. Om smak og behag: en introduksjon av Pierre Bourdieus kultursosiologi. *Dokumentet er en del av serien tidvise skrifter. Bind nr.4.* Trykt: Høgskolesenteret i Rogaland, Avdeling for kultur- og samfunnsfag.

Sandal, Per, 1986, *Sogndal bygdebok. Band . 1 Allmenn bygdesoge. Tida før 1800.* Utgjevar: Sogndal Sogelag. Bergen

Sandvik ,Gudmund. 1965. *Prestegard og prestelønn. Studiar kring problemet eigedomsretten til dei norske prestegardane.* Universitetsforlaget.

Sele, Heidi. 2005. *Leilendinger og selveiere ved giftermål og enkestand. Bønder i Randaberg 1710-1829.* Universitetet i Bergen.

Selseng Berit. 1984. *Gardssoge Hovland. GNR.95, BNR.1* Semesteroppgåve. Sogn og Fjordane Distriktskole.

Sogner ,Sølvi.1996. *Krig og fred 1660-1780. Aschehougs Noregs historie band 6.* Aschehoug & Co. Oslo.

Sogner, Sølvi. 2003. *I gode og vonde dagar. Familieliv i Noreg frå reformasjonen til vår tid.* Det Norske Samlaget. Oslo. Trykk: Gjøvik Trykkeri A.s. Gjøvik.

Sollied, Henning. 1928. Gamle ætter i Sogn. (*Særtrykk av Norsk Slektshistorisk Tidsskriftshefte 3, 1928.*) Sogn og Fjordane Distrikthøgskule 1983. (s. 193- 233)

Starheim,Ottar. 2009. *Fylkesleksikon Sogn og Fjordane. Bind III.* Utgjevar NRK Sogn og Fjordane i samarbeid med NRK Aktivum. Korotan Ljubljana d.o.o, Slovenia.

Sundt ,Eilert. 1992. *Om giftermål i Norge.* Universitetsforlaget. AS. Tredje opplag. Fotografisk opptrykk , PDC as , Aurskog.

Sødal Terje. 1996. *Sosial ulikhet på agder ca. 1600-1700. Oddernes, Søgne, Åseral- en lokalsamfunnsanalyse.* Hovedfagsoppgave i historie. Universitetet i Bergen.

Tang,Per. 1950. Nokre kjende slekter frå Sogn. Eit oversyn. *Tidsskrift for Sogn. Utgjeve av Historielaget for Sogn. Nummer 14.* Ingvald Husabø Prenteverk. Leikanger. (s. 11- 46).

Tangstad, Rune. 1987. Oppgangsaga på Tingastad. *45 tylvter kiøbmannsbord.... Skogbruk og sagbruksdrift i Sogn. Årbok for Sogn nr.33, 1987. Utgivar Historielaget for Sogn.* Bergen.(s. 26-41).

Timberlid Jan Anders 1978. *Den økonomiske utviklinga i kaupanger Ca. 1800-ca 1865.* Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen.

Timbelid Jan Anders og Selseng Berit,2007, *Sogndal Bygdebok. Gardar og folk i Stedje sokn.* Band 1. Sogndal sogelag. Kaunas Litauen.

Tranberg Anna, 1979, *Bønder og Husmenn i Laurvigen grevskap på 1700-tallet. En undersøkelse av deres økonomiske forhold.* Hovedoppgave i Historie- Universitetet i Oslo
Tretvik, Aud M. 1996. Bygdeeliter og bondepolitikk på 1600-1700- og 1800-tallet.
Seksjonsreferat i Historikerne som historie. (s. 197-200.) *Rapport fra HIFO-seminaret 1995. nr.14 i skriftserie fra Historisk institutt.* Historisk institutt. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Den norske historiske foreining Trondheim.

Tretvik, Aud Mikkelsen. 2000. *Tretter, ting og tillitsmenn. En undersøkelse av konflikthåndtering i det norske bondesamfunnet på 1700-tallet.* Norsk teknisk-naturvitenskapelige universitet. HF-fakultetet, NTNU Historisk institutt. Nr. 32 i skriftserie fra Historisk institutt. Akademisk avhandling. Trondheim.

Tveite, Stein. 1961. *Engelsk –norsk trelasthandel 1640-1710.* Universitetsforlaget. Bergen-Oslo. Edgar Høgfeldt As. Kristiansand S.

Tveite, Stein. 1963-1964. Trelasthandelen 1688-1860. *Særtrykk av årbok for Norsk skogbruksmuseum. Skogbruk, jakt og fiske.* Elverum trykk,

Ugulen, Jo Rune. 1997-1998. Bidrag til slekts- og personhistoriske utgreiingar i Sogn. i. kring Amla-godset i Sogndal . *Artikkel i norsk slektshistorisk tidskrift utgitt av Norsk slekthistorisk foreining. Bind XXXVI* (s. 235-266.) A.s Reistad Offset, Oslo.

Vigrestad John, 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*. Hovudoppgåve Universitetet i Bergen.

Visted Kristoffer og Stigum Hilmar. 1975. *Vår gamle bondekultur*. Tredje utgave bind 1. 2.opplag. J.W Cappelens forlag A.S. Oslo.

Winge Harald .1998. *Slekt & lokalsamfunn*. Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo

Øyane, Lars E. 1986. *Gards- og ættesøge for Luster Kommune. Band II-Dale I sokn*. The Luster County Farm and Family History Book volume II-dale 1 church area. Norbok a.s,Oslo/Gjøvik. 1.opplag .

Øyane, Lars E og Hasle Jordanger, Terje Mikael. 2006. *Gards- og ættesøge for Luster Kommune. Band VI Eikum Ytre-Høgi*. The Luster County Farm and Family History Book volume VI Eikum Ytre-Høgi. AIT Trykk Otta AS. 1. opplag.

Vedlegg 1: Landskyld Norum skipreide 1647

Landskyld 1647 Norum skipreide. Sortert etter storleik på bruka.			
Gard	Brukar	Landskyld i lauper smør	Merknad
Fimreite	Hans	6,3	
Slinde	Ellend	6	
Ølmheim	Svein	5	
Slinde	Ola	4,7	
Slinde	Ingebright	4,5	
Nornes	Åmund	3,3	
Nornes	Narve	3,3	
